

ÅKRA KYRKJE

Eit minneskrift

Ved Ingolv Ytreland

Boka er med dette vigslet til minne om alle dei som ned
ggjennom tidene har gått inn og ut i Åkra kyrkje.

Innhold

	side
Forord	6
Helsing frå Stavanger Biskop, Olav Hagesæther	8
Gudsteneste	10
Frå eldste kristningstida	21
Kyrkjebygging i eldre kristentid	25
Reformasjonstida	28
Kyrkjekunst på 1600 talet	30
Åkra kyrkje	35
Graver og gravlegging	41
Kyrkjeverjer i Åkra	46
Avskrift av kyrkjerekneskapen frå 1700 talet	48
Kyrkjehandel. Vanstyr. Kyrkja er for trong	50
Kaldt og trøngt i kyrkja	53
Brevskifte mellom prest og bisp	55
Siste gudstenesta i gamlekyrkja i Åkra vart halden 11. mai 1820	61
Besiktigelse af Ackre Annexkirke 1829	74
Frå visitaser i 1840 åra. Haugianarar, skulestell, folkekjær prest	77
Kyrkja er framleis trøng	83
Mangt kjem føre på visitasane	84
Nye prestegjeld	87

	side
Kyrkjesokna får vitjing av mange forkynnarar	93
Prestebustad i Kopervik	95
Presten i arbeid frå 1890 åra	96
Ungt folk frå Åkra sokn reiser vestover	98
Større kyrkjegard	106
Atter går det nedover med kyrkja	113
Største reparasjonen i nyare tid	115
Inne i kyrkja	119
Orgelet	123
Krigsåra 1940—1945	125
Prest og prestehjem i Åkra	130
Gravplass og kyrkjegrunn i Vedavågen	133
Åkra sokneråd	140
Prestar i Åkra sokn	144
Nokre av dei mest særmerkte prestane	154
Slik vart fiskarsalmen til	162
Biskop Heuch og Karmøy	166
Klokkarar i Åkra	175
Hjelparar i nyare tid	178
Utstyr til kyrkja	183
Det indre livet	187
Kjeldeskritter	197

FORORD

La meg først få seia takk til Åkra sokneråd som gav meg oppgåva: å skriva soga om Åkra kyrkje.

Arbeidet har ikkje vore lett. Fyrst melde det seg fleire viktige spørsmål: Kor mykje kan ein med godt samvet skjera bort i så pass rikt stoff? Er det rett å kutta ut det meste av det som har med skulen å gjera, så nær som skule og kyrkje stod kvarandre i det tidsromet det gjeld? Her måtte det finnast ein mellomveg: litt måtte ein ta med om skulen og, men berre litt, elles hadde ramma for denne boka vorte sprengd. Skulestellet i Skudenes kommune treng ei bok for seg, om ein skal få med det viktigaste på dette feltet fram til 1890 då Åkra vart skilt ut. — Bedehuset var det endå vanskelegare med. Her måtte det bort, alt det som var planlagt, av di bedehuset har så stor plass i folkelivet at det måtte fått eit stort sidetal. Her trengst det også ei bok for seg.

Den som ikkje i yngre år har lært seg til å lesa gotisk handskrift, møter mange skjer i sjøen når han skal til å grava i papir frå 1600 talet og ut etter. Men her kom arkivar Harald Aurenes og fru Hjørdis Espedal Johansen meg til hjelp: dei skrev av rekneskapane for Åkra kyrkje, slik dei ligg føre i Statsarkivet i Stavanger.

Brevskiftet mellom prestar i Skudenes og bispar i Kristiansand på 17- og 1800 talet fekk eg lyskopi av frå Statsarkivet i Kristiansand. Her var det arkivarane Helland Hansen og Laurits Repstad som gav hjelpa.

Verdfull hjelp fekk eg frå Riksarkivet i Oslo, frå Statsarkivet i Bergen og frå Gulatings Lagmannsrett, som syntte for avskrift av rettsprotokollane i Bergens Overrett 1818, året då kyrkje-eigaren vart frå-

dømd retten til Åkra. — Utan hjelp frå desse kjeldene hadde det vore uråd å greia dette historiske arbeidet.

Fotografane Korneliussen og Vilhelmsen har teke fotografi. Mange har lånt meg fotos frå sine eigne album.

Museumsstyrar Tuastad var i Åkra kyrkje og gav verdfulle opplysningar om stilten i det som vart tilbygd i kyrkja i 1820, og om lysekruna. Hjelp har eg elles fått av lensmann Gjersvik og Ole Kristiansen.

Tre mann har lese manuskriptet: skulestyrar Birger Kjetland, arkivar Lars Svendsen og stortingsmann Eliseus Vatnaland.

Formannen i Åkra sokneråd, skulestyrar Sigurd Helgeland, har vore med og teke ut fotografi, og han har lese korrektur.

Eg seier alle desse gode hjelparane ein hjarteleg takk.


Og så endeleg takk til Karmøy kommune som har ytt pengar, som måtte til om Åkra-kyrkja skulle få soga si skriven.

Eit ynske tilslutt: må denne boka skapa interesse for livet som fedrane levde, for striden dei førte for dagleg brød! Aller mest ynskjer eg at slekta i dag må fylgja i fedre spor: *Samlast i Guds hus og høyra Herrens ord.*

I. Y.

HELSING TIL ÅKRA KYRKJELYD

Frå Stavanger Biskop



Olav Hagesæther 1968—

Ved 150-års jubileet for Åkra kyrkje helsar eg kyrkjelyden og ynskjer Guds signing over jubileum og over tida som ligg framfor oss.

Å sjå attende kan vere lærerikt på mange måtar. Skolestyrar Ytreland si bok til jubileet vil hjelpa til i så måte. Her kan ein lære ting ein ikkje før visste, og her kan ein hauste lærdom som kastar lys over den teneste vi sjølv står i.

Tidene har skift. Tenarane har løyst kvarandre av gjennom generasjonane. Måten som bodskapen vart borene fram på, kan nok og ha skift gjennom desse mange år. Liturgien har også endra seg ikkje så heilt lite i denne tid. Men gjekk det rett for seg, so var det eitt og same evangelium som vart bore fram. Og så var det eitt og same mål som liturgien ville føre kyrkjelyden fram til: møtet med Gud gjennom evangeliekryfning og sakramentsforvalting.

Og med det er vi komne attanfor alt som skifter og alt som må brigdast gjennom tider som går og kjem. Me møter HAN som evangeliet forkynner, og HAN som me tek imot i sakramenta.

Difor skal mi helsing vere eit ord om HAN: «*Jesus Kristus er igår og idag den same, ja til æveleg tid*». Det var han som møtte fedrane i Åkra kyrkje si første tid. Det var han som sidan møtte nye generasjoner med sitt urikkande krav og sitt umålelege tilbod i evangeliet. Det var han som tok imot dei små som vart borne til dåpen, og det var han som kom nær når ordi frå hans eigen munn vart lesne når nattverdbordet vart duka. Det var han som einast kunne gje von når dei bar ein kjær til gravi attmed kyrkja. Det var han som styrkte dei veike, metta dei hungrige, trøysta dei sorgfulle gjennom det evangelium som vart forkynt frå prekestol og sidan gjennomgått og innøvd i skolestova og i heim og kvardags yrke.

Gud signe Åkra kyrkjelyd og den teneste som går ut ifrå denne gamle kyrkja. Lat aldri stigen til Guds hus gro att. Lat aldri bodskapen om Jesus Kristus tagna inni oss som får høyra han så rikt!

Olav Hagesæther



Sjå, eg har sett framføre deg ei opna dør. — Joh. op. 3,8.


GUDSTENESTE

Høyr, Israel, Herren vår Gud! Herren er ein!

Slik lyder ordet i femte Mosebok 6,4. Dette vart Israels tru-ved-kjenning, den første som slår fast at det finns berre ein Gud. *Mono-teisme* heiter det med eit framandt ord. Denne sanne Gud vart vern og feste for folket. Til ære for Han reiste dei tabernaklet i øydemarka og heldt sine gudstenester der. Og Gud openberra seg for folket og for den einskilde dei mange og lange åra då dei ferdast i stor fare,

før dei endeleg nådde fram til Kanans land. I det nye landet reiste dei sine altar, seinare tempel og synagoger. I all si tilbeding hadde den sanne israeliten den eine, sanne Gud for auga. Han skulle ha all ære og pris.

I den nye pakt møter me tidleg ei truvedkjenning. Kven hugsar ikkje Jesu spørsmål til læresveinane langt nord ved Cesarea Filippi: *Kven seier folk at Menneskesonen er?* Peter gir svaret for seg og alle dei andre: *Du er Messias, den levande Guds Son.* Her ser me den same Gud som i den gamle pakt, han har stige ned i slekta i Sonen. Jesus Kristus. Og fleire stader i Nytestamentet går det fram at denne Jesus er Herren. Og med det har me inngangsorda både til fyrste og andre artikkelen. Trua på Den heilage Ande lærer me og om i evangeliet, i Apostelgjerningane og i breva. Vår truvedkjenning, stort sett slik som ho er forma i dei tre artiklane, har vore den kjære eiga i den kristne kyrkje alt ifrå fyrste hundreåret etter Kristus. Den er



Forsamlinga

hovudstykket i den kristne barnelærdomen, og kvart skulebarn får god kjennskap til dei tre artiklane. På denne vedkjenningsa er den kristne kyrkja tufta, utan slik vedkjennung finst det inga kyrkje og ingen sann kristendom. Fleire kyrkjer, i England t.d., har desse tre artiklane skrivne på tavle på inste veggen, så forsamlinga straks skal merka seg innhaldet av vår kristne tru.

Og så ringjer kyrkjeklokkena kvar sundags morgen her i landet og i mange andre land. Ingen veit talet på klokker som set tonar i sving. *Kalder på gammel og paa ung, syng Grundtvig, mest dog på sjælen trætog tung, syg for den evige hvile.* Kallet vert hørt, det har snart lydt i tusen år her i landet, og mykje lenger i andre land i Vest-Europa. På kallet frå kyrkjeklokkena har folket samla seg. Ei tid var det slik at alle i heimen måtte ut som var så store at dei kunne få vera med. Dei gamle, som hadde vanskeleg for å koma av stad, vart hjelpte opp i kjerre eller opp på hesterygg, for dei måtte få høyra Guds Ord. Alt frå fyrste kristentid låg det særskilt høgtid over ein kyrkjedag. Sundagen då sokna hadde preik, det var ein dag som alle såg fram til. Kyrkja hadde noko høgtidsamt over seg og låg i ein eigen glans. I litteraturen vår finn me mykje vakkert om kyrkja. Best kjend er vel skildringa til Bjørnstjerne Bjørnson: *Kirken står i bondens tanker på et høyt sted.*

— Og så skriv han om kyrkjesundagen som ingen annan har greidd det. Mange stader er det slik i vår tid og, at folk samlast ei god stund før klokkena ringjer siste gongen. Dei treng ikkje spørja nytt, dei har radio heime. Men det kan vera gildt å helsa på kjensfolk før dei går inn i kyrkja. Andre går straks inn og finn plassen sin. Dei likar seg best i same kyrkjebenken. Dei er vane her, ser best og hører best, tykkjer dei. Slik er det med eldre folk. Og det er vakkert at dei såleis set pris på ein viss stad under gudstenesta. Den gode, gamle skikken, at folk bøygde hovudet og sat stille i bøn den stunda dei venta, denne skikken ser ut til å ha kome bort dei fleste stadene. Utvandra nordmenn som kjem heim att og går i kyrkje eller bedehus, dei saknar dette. I deira barndom låg det større høgtid over alle kristelige samvær. Enn om me prøvde å vera samla i andakt før preludiet lyder! Me ville vinna på det, om me fekk ei still stund før gudsstenesta tek til.



Ofring på altaret

Herre, eg er komen inn i dette heilage huset ditt og vil høyra — dei seier mykje, desse orda. Enn om me alle tenkte oss gjennom innhaldet! Men la oss gå vidare: *Og vil høyra det som du vil tala til meg, du Gud Fader, skaparen min.* — Kvar gong du set foten din i ei kristen forsamling, så hugs at du skal få høyra det som Gud vil tala, høyra Guds ord. Du kjenner Ordet frå Romarbevet 10,17: *Så kjem då trua av forkynninga, og forkynninga ved Kristi Ord.* — Ved Reformasjonen kom etter Ordet i høgsetet i kyrkja, og i alle evangeliske kyrkjesamfunn har Ordet viktigaste plassen. Fylgjer me nøyne med i kyrkjeåret, så legg me merke til at gudstenesta har eit fast siktet: å forkynna heile Guds råd til frelse, d.v.s. bera fram Guds Ord slik me har det i Bibelen. — *Eg er komen inn og vil høyra.* — Rette til-

høyraren må alltid vera til stades på kyrkjebenken. Han er med og ber heile samværet med si bøn og med sitt opne, høyrande øyra.

— Det er gripande å vera vitne til songen etter inngangsbøna. Slik som alle er med då! Takken og prisen får utslag i ord og tonar. Ofte lyder kjend salme då. Mange hugsar salmar som dei fekk med frå barndomen, frå heimen og skulen. Truleg vart minst fire av inngangssalmene sungne inn i barnehugen. Dei har vore med og hjelpt i vanskelege stunder i livet. La oss nemna: *O Gud, på nåde rik og stor, Jesus Frelser, vi er her*. Dei kom inn i skuleåra, og dei har ikkje falle ut. Dei gav rikt åndsinnhald, og dei skapte songglede. Korleis er det med songgleda mellom oss i dag? Det synest som salmesongen ikkje har det taket på folk som før. Dei vakre tonane me høyrer i Kringkastninga, burde vera med og stemma tonen i oss alle. Men slik er det nok ikkje. Me syng så lite når me er åleine. Så la oss då i alle fall syngja ut vår trond, vår takk og vår bøn i lag med kyrkjelyden, og la oss ta fram salmeboka og vera med når me lyder til radiogudstenesta sundag føremiddag!

Du undrast, kan henda, på den kvite kappen som presten har på seg framfor altaret, før preika. Slik undrast mange. Men tenk etter kva som står i Bibelen om fargane, ikkje minst den kvite. Tanken vert ført tilbake til profeten, der han talar om syndene som skal verta kvite som sno. Dei kvitkledde flokkane som me ser foto av i misjonsblad dei fører tanken same vegen. Og Brorson-salmen *Den store, hvite flokk vi se, set kruna på verket* i songen om dei som har vunne fram.

Men biletet har ei anna side: *La oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre*, lyder det frå altaret. Det var helst denne setningen han tenkte på, norskamerikanaren som var heime etter førti års opphold mellom landsmenn der vest: Det skulle vore gildt å sjå fleire bøygde hovud i Åkra kyrkje, skreiv han.

Etter syndsvedkjenningsa fylgjer *Kyrie Eleison*. Det er ei gammal bøn, og den tek me opp att tre gonger, ein gong for kvar person i Gud. At Gud er ein i Faderen, Sonen og Anden, dette har den kristne kyrkje halde fast på frå fyrste tid. Stor har striden vore kring dette stykket i truvedkjenningsa vår. Men det står fast og er eit hovudstykke i all kristen forkynnning. Det høyrer med i kvar einaste evangelisk-luthersk gudsteneste. Salme nummer 3 i Landstad og i Revidert



Organisten ved orgelet. Marta Aadland.

Salmebok har same bøna i slutten av kvart vers, og i evangeliet finn me uttrykket fleire stader. Meininga er alltid den same: *Herre, mis-kunna oss!* Og dette syng samla kyrkjelyd.

Skriftlesing har alltid vore ein hovuddel i gudstenesta, i jødisk gudsteneste og. Jesus tok bokrullen i synagoga i Nasaret og las til folket der. Og frå ferdene til Paulus veit me at han gjekk inn i synagogene, og så snart Loven og profetane var lesne, greip han Ordet. I engelske kyrkjer les dei fortfarande i Bibelen, slik at heile Boka vert lesen på ei viss tid. Me går fram på ein annan måte, og les tekstrekker, tre i alt. Me hadde børre ei tekstrekkje heilt til 1866. Så fekk

me to til, slik at me nå les same tekstrekkje tredje kvart år. Men kvar sundag får me høyra tre skriftstykke i gudstenesta, to frå altaret og ei frå prekestolen. Desse stykka heng mykje saman i innhald og kastar lys over same kristelege sanningane. Kollekten frå altaret samlar liksom i ein sum det som me skal høyra under heile samværet, og salmane er slik valde at forsamlinga skal vera med og forkynna det same som me hører frå altar og prekestol. Det rår den gode skikken at kyrkjelyden reiser seg under skriftlesinga, og når evangeliets lyd framfor altaret, seier heile forsamlinga fram truvedkjennings. Det kan vera noko ulikt her. Men når presten seier: *La oss vedkjenna oss vår heilage tru*, då bør alle vera med. Visse ungdomsgrupper går føre med fint eksempel. For nokre år sidan kom det inn i Åkra kykje ein flokk ungdom som seinare på dagen skulle vera med på sportsstemne. Dei hadde reist Boknafjorden og skulle fara vidare nord over. Så la dei vegen om Åkra kyrkle, sportskledde og friske, og under truvedkjennings sette dei farge på samværet. Slik som dei las! Og songen då! Det var nattverd den sundagen, og fram til altaret kom dei, alle saman. *Ungdom for Kristus, det er vårt motto.* Dei hadde fortalt at dei hørde med i kristelege lag, og gudstenesta var sjølv sagt samlingspunkt for dei.

Atter lyder det salmesong, evangeliesalmen. Er tonen kjend, så er songen endå betre her enn i opningssalmen. Teksten peikar inn i det skriftstykket som skal lesast frå stolen, ja, fleire salmar er dikta ut ifrå dette Ordet. I det stykket synest Blix vera meisteren. Han legg fleire salmar så nær bibelteksten at me kjenner att evangeliet, mest ord for ord. Døme: fjerde sundagen etter Kristi openberring, *Jesus stiller stormen*, er ein av tekstene, salmen: *Ein båt i stormen duva*. Tredje sundag etter påske les me teksten på tredje rekke frå Joh. 14, *Jesus som Vegen, Sanninga og Livet*, salme *Jesus du er den himmelveg*, og fleire. Andre diktarar har og gitt oss salmar som er fødde beint ut or skriftordet. Om salmeskatten vår er det skrive bøker, og det bør skrivast meir.

Me nærmar oss preika. Gamle folk veit at i deira barndom tala ikkje folk stort om *gudsteneste*, me skal ha *preik* om sundag, sa dei. Og dagane ut etter neste veka var preika emne i så mang ein samtale. På heimvegen frå kyrkja drøfte dei preika, det som presten hadde sagt

på stolen. Var dei samla om kvelden, så kom preika på tale, og seinare i veka hadde dei same emnet. Kristelege sanningar hadde mykje større rom i samtalar og samvær enn dei har i dag. Det er ikkje vanskeleg å finna grunnen til dette. Det var få møte utanom gudstenestene. Dei hørde så mykje mindre forkynning, men der Guds ord lydde, der møtte dei mannjamt fram. I dette stykket låg dei langt føre oss. Og det dei hørde, det tok dei vare på og bar med i det daglege livet. Dei levde på det dei hørde om sundagen, og det dei dagleg las i andaktsbøker, det var Ordet som aldri kan døy. - *Den som talar, han tale som Guds Ord*, seier Peter, og den som stig på prekestolen, han seier ofte dette Ordet til seg sjølv, før han legg ut tekster for andre. Det er alvorleg tale til alle forkynnara. Storparten av sundagspreikene er grundig gjennomtenkte, og prøvde før dei lyder i kyrkja. Dette legg tilhøyrarane merke til, og det legg den merke til som sit framfor radioapparatet sundags føremiddagen. Kan henda ein ser det aller best når ein tek for seg preikebøker. Forfattaren har halde preikene, arbeidt gjennom dei på nytt, og så sendt dei i trykken. Me eig ein rik skatt med preiker over sundagstekster.

Salmesongen etter preika fortel ikkje så lite om det som har lydt frå talarstolen. Her er tilhøyrarane med og takkar for evangeliet som har lydt. Måtte forkynninga alltid vera slik at ein takksam flokk lyfter røysta til pris den stunda!

Kyrkjebøna som lyder frå altaret, er kløyvd i fleire avsnitt. Etter kvart avsnitt kjem kyrkjelyden inn med ei strofe: *Herre, høy vår bøn.* I mange av kyrkjene våre synest det ofte som storparten av folket ikkje er med her, endå det burde vera naturleg å falla inn med denne korte setningen, — den er då og ei bøn. Kan henda me bør ta for oss kyrkjebøna i einrom og studera henne. Legg merke til kor vidt ho femner! Heile menneskelivet har kome med. Det er bøn for den einsilde, for den kristne kyrkle, for styremaktene, for dei som stirr med døden, ja, for alle menneske. Det skulle vera verd å gjera seg kjend med ei slik bøn.

Misjonoffer hører med i gudstenesta. I frikyrkjer er det offer kvar sundag, i alle fall dei fleste stadene. I aposteltida fekk dei første kristne oppmoding til å leggja til sides heime hjå seg sjølv det dei fekk lukke til, og gjera det kvar sundag. Me skulle såleis vera



Konfirmasjon

i godt fylgje når me tek offer i kyrkja, ja oftare enn me gjer det i dag. All evangelisk-luthersk misjon ber om offer, kristelege institusjonar her heime og. Folk gir med glede. Mennene var lenge åleine om å gå kring altaret og ofra, men kvinnene kjem meir og meir med, og foreldre tek borna med seg og let dei leggja pengar på altaret. Dette er svært vakkert, og born bør få lov å ta av sparepengane sine og gi. Offerviljen må ein øva seg i frå tidlege år. — Det lyder lovsong under ofringa, slik søker det seg. Me skal lova Gud for di me har noko til å hjelpe andre med.

Dåpen er opptakinga i kyrkjelyden og høyrer derfor gudstenesta til. Foreldra er ofte med, — dei bør alltid vera til stades når barnet skal berast fram til dåpen. Aller gildast er det når dei tek med dei større borna og. Heile familien bør fylgja minstebror eller minstesyster denne høgtidsdagen. Mange heimar får meir og meir syn for dette, og foreldre og born står framme ved døypefonten i dåpsstunda. Det er deira dag, heile heimen sin dag. Kan nokon vera til stades ved slike høve utan å verta gripne? Er du med og syng salmen etter handlinga, *Er løpet langt, la dem ei mattes, gråhåret tjener kom i hu.* — Ei bøn for denne unge livsspire, det same om dagen vert kort eller lang.

Ved mange gudstenester sit heile forsamlinga til alt er slutt. Slik skulle det alltid vera. Men nattverdsundagar går gjerne ein flokk før nattverden tek til. Og så lyder det frå altaret: *Lyft dykkar hjarto til Herren!* Medan forsamlinga står og syng svar og lovprising, kjenner dei fleste det slik at her stig dei inn i det aller djupaste og rikaste avsnittet i samværet denne føremiddagen.

Alle som har denne kjensle, er i godt fylgje. Blix opnar nattverdsalmen med desse orda: *Den største høgtid her på jord er den eg held ved Herrens bord.* — Den gamle vane-altargangen er det slutt med for lenge sidan. I vår tid har pendelen svinga til hin kanten, så mange av kristenfolket lite eller inkje går til altars. Dette er eit stort tap. Nattverden er ein viktig del av gudstenesta, og like viktig for kristenlivet. Ord og sakrament er to sider av same sak, dei høyrer på det nderlegaste saman. *Dette er min lekam, dette er mitt blod. Gjer dette til minne om meg!* Slik lydde det på nattverdsalen skjertosdags kvelden. — Eit takkevers fylgjer, og takkebøn for nattverden.


Me siterte eit Ord frå femte Mosebok fyrst i dette stykket. La oss slutta med Ord frå fjerde Mosebok, 6,24, den aronitiske velsigning: *Herren velsigne deg og vare deg! Herren late sitt andlet lysa mot deg og vere deg nådig! Herren lyfte si åsyn på deg og gjeve deg fred!* Denne velsigninga bar Moses fram til Aron, og han og sönene hans skulle lyfta røysta og ropa henne ut til Israels folk. Under denne velsigning levde folket, ja til og med i mørke år i øydemarka. I våre gudstenester lyder same velsigning til slutt, før siste salme og utgangsbøn. Kan nokon finna eit vakrare ønske for dei som har vore samla i

Guds hus? Så opphøgt i innhald og form! Så inderleg og gripande!
Ei bøn vert ny slike stunder: La meg få leva under Guds velsignande
hender!

Salmar om Guds hus har me. Ein skil seg ut i innhald og varme,
Kirken, den er et gammelt hus, av Grundtvig. La siste verset vera
etterklang av samværet i ei vanleg norsk kyrkje ein sundag føre-
middag:

*Give da Gud, at hvor vi bo, altid naar klokkerne ringe,
Folket forsamles i Jesu tro der hvor det pleied at klinge:
Verden vel ei, men I mig ser, alt hvad jeg siger, se det sker.
Fred være med Eder alle!*

FRÅ ELDSTE KRISTNINGSTIDA




Steinen i Hilleslandstunet.

Norske vikingar som før i Vesterveg, møtte kristendomen så tidleg som på 700 talet. Året 793 herja og plyndra dei klosteret Lindisfarne i England, drap folk og tok rike skattar med seg heim. Munkar og andre kristne menn kunne ikkje slå desse sjøfararane med vanlege våpen, men dei visste at sann kristendom kunne gjera dei til fredelege grannar. Misjonærar vart såleis med vikingane tilbake til Norge, og dei gjorde grunnleggjande arbeid for kristendom og kyrkje, før kongar for alvor sette i gang sitt kristningsverk. Kor tidleg kristne misjonærar kom hit til landet, veit ingen for visst.

Håkon den gode var fyrste kongen som reiste kristne gudshus i landet vårt. Han hadde lært kristendomen i England, der han var fostra, og det var hans tanke at han skulle få kristna folket i riket

sitt. Prestar fekk han med seg hit, og på Møre bygde han fyrste kyrkjene på norsk jord, nokre små trehus. På eit ting i Trøndelag bad han folket ta imot Ordet om Kvitekrist, men han møtte sterk motbør, og kongen måtte gi seg. Så langt gjekk det, at han slutta med kristningsarbeidet, og han vart med på heidenske blotfestar. Kyrkjene han hadde reist, vart rivne, og prestane som han hadde fått hit fra England, dei vart drepne. Eirikssønene, som rådde landet etter Håkon, gjorde ikkje noko for den nye trua, og folket levde sitt heidne liv som før. Men så kom Olav Trygvason heim frå vikingferdene, og her fekk nordmennene ein sterk konge. Han hadde lært kristendomen å kjenna ute i Europa. Han steig i land på Moster i Sunnhordland 995, og her reiste han si fyrste kyrkje, ei lita trekyrkje. På same grunnen vart det seinare kyrkje av stein, den som ennå står og skal vera eldste kyrkja i heile landet. Dei fem åra Olav styrde, tok folket ved kristendomen, i namnet, og ei mengd med kyrkjer fekk denne kongen bygd, helst langs kysten. Olav såg ut Avaldsnes til kyrkjestad og bygde kyrkje der, ei lita trekkyrkje som vart nytta i tre hundre år, heilt til den kyrkja vart reist, som står der den dag i dag. Avaldsnes er eldste kyrkjestaden i Rogaland og ein av dei eldste i heile landet. Og kva var vel rimelegare enn at ein storsynt konge merkte seg denne staden? Nenet stikk ut i skipsleia, her er det utsyn nordover og sørover, rikt med fisk i fjorden og god dyrkningsjord på land. Det gamle kongssetet hadde ei heil historie attom seg, og ber namnet etter Augvald, ein av neskongane. Men andre grender på Karmøy fekk kyrkjer etter Olav-anen si tid. Ein kan ikkje slå fast kor alle desse kyrkjene låg, men Torvastad hadde ei på sjølve Torvastad-garden og ei på Bø, Ferkingstad kyrkje har stått nede ved sjøen og Skudeneshavn kyrkje på Alveberg.

Fanst det så kyrkjebygg nokon stad mellom Avaldsnes og Ferkingstad? På nedre Liknes har me Krosshaug, og den fortel noko om kristendom, men har ingen tradisjon. Soga fortel ikkje mykje om kyrkje mellom dei to nemnde stadane, men dei som har granska terrenget slår fast at det ligg bautasteinar i Hilleslandstunet i Åkra-garden. Om dette skreiv Lars Svendsen i Haugesunds Avis 27. april 1968. Steinen ber bod om kyrkjegrunn, meiner han. Og svært rimeleg synest det at ein stad mellom grendene til kong Augvald og kong



Kista til pengeinnsamling

Ferting kunne folket høyra Ordet forkynt, og elles få dei tenester som berre presteskapet kunne yta. Svendsen nemner biskop Arne, som var på visit i Avaldsnes året 1301. Her på Åkra må det ha stått kyrkje då, og dette var truleg ikkje fyrste visitasen på Karmøy. I boka om Olavskyrkja på Avaldsnes viser prost Skalberg til eldste brevet me har frå Ryfylke. Det er skrive på gamalnorsk, same året, 1301, og er ein kyrkjerekneskap. Presten Håkon på Åkra skulle betala til kyrkja ei mork og to kyr. Bård på Avaldsnes var fremst mellom kyrkjeverjene, han tok imot bispen og sytte for å få inn gåvene til prestebordet. Lensmann Ingjald Gjersvik har granska gamle skattelister og kan slå fast at Åkra betalte kyrkjescatt på 1500 talet, og vidare at Åkra kyrkje er nemnd året 1563, *Ockere Kirche* er ho

kalla. Det er såleis sikkert at Åkra har vore kyrkjesokn før reformasjonstida.

Garden Åkra er nemnd i skattelista 1521-1522, fortel Gjersvik. Fem-seks mann er skattlagde med ti prosent av inntekta si. I 1515 betalte dei dronningeskatt, ein ekstra skatt, så Kongen kunne få råd til å halda bryllaup når nokon i kongefamilien skulle gifta seg. Ein to-markskatt kom og til i 1518, den skulle nyttast til krigføring. Denne tid budde det ein storkar på Åkra, Oluf på Ackre. Han hadde største skatten i heile Karmsund, trettito mark, d.v.s. femti fire dalar. Året 1563 er Åkra kyrkje nemnd, og det året sender Kongen ut skattekrev til *Provster, Präster, som geistlige Leen have*. Dei skal det året yta halvparten av all inntekta si. Det same skal *Kirkeværger, deslige Bønder og menige Almue*. Skulle det vera uråd for nokon å skaffa kontante pengar, så måtte dei ut med to lodd sylv i staden. Og *Ingen skal fare fri fra samme Skat og Hjælp*. Presten denne tid heitte Mats. Me veit ikkje stort om han, anna enn det at han og Mogens, kyrkjeverja på Åkra, låg i strid med kvarandre. Dei måtte møta for Domkapitlet i Stavanger til forlik. Det var Mogens som hadde ført klage på presten, men det synte seg å vera grunnlaust. Berre på eitt punkt hadde presten forgått seg; han hadde misbrukt ord og bøner over ei kvinne som var lagd i grav. Ein bør merka seg at Reformasjonen var innførd i 1536, så folk flest visste lite å skilja mellom katolsk og evangelisk luthersk lære. Det er då ikkje rart at prestar vart klaga for eit eller anna i tru og liv.




Loftsbjelke med innskrift. Frå eldre kyrkje på Åkra.

Før me så talar meir om kyrkjestaden vår og vår kyrkje, så la oss høyra litt om kyrkjebygging i Norge dei fyrste hundreåra etter at kristentrua hadde fått fotfeste i landet. Dei eldste trekyrkjene har me alt nemnt. Dei stod ikkje lenge i det harde veret her nord. Så skyt steinkyrkjer opp, den eine etter den andre.

Kyrkjebygging i eldre kristentid

Alt før 1100 hadde det kome fart i kyrkjebygging i Norge. Mange kyrkjer frå dei to store Olavane si tid stod framleis, og under Olav Kyrre skaut kyrkjebygginga ny fart. Han var den rolege kongen, som hadde meir interesse for heimlandet enn for vikingferder og andre bragder. Han fekk lovene nedskrivne, og han var den fyrste norske kongen som kunne lesa. Den norske kyrkja vart lagd under erkebispen i Bremen i hans tid.


Kongen og andre landsmenn hadde vore i kontakt med utlendingar, både på dei Britiske øyane og på fastlandet i Vest- og Sør-Europa. Såleis hadde dei sett kyrkjebygg i fleire land, og kyrkjer som vart reiste her heime, ber merke av påverknad utantil. Både frå sør og vest tok nordmennene med seg impulsar til kyrkjer i heimlandet. Men nordmennene var dugande byggjarar lenge før den tida. Dei greidde å byggja skip så vene og så gode til å berga seg på over havet at få kunne mæla seg med dei, om det i det heile fanst folkeslag som kunne laga slike skip som våre fedrar bygde. Kyrkjene vart då heller ikkje kopiar. Dei hadde ekte norsk svip, med innslag av det beste som andre land kunne by. Dei vart bygde i terrenget som høvde, slik at bygg og grendalag står framifrå godt til kvarandre. Interessa for kyrkjebygg var særleg sterkt frå 1067 då Olav Kyrre vart konge, og på heile 11 og 12 hundretalet. Då skaut stavkyrkjer opp, desse vakre bygningane som me har kring i landet. I si tid var det åtte til ni hundre i talet, nå står att berre tjuefire. Eldst skal Urnes kyrkje i Sogn vera. Sogn har fire slike kyrkjer den dag i dag. Dei er langt ifrå like, stavkyrkjene, i storleik og utskjeringar. Men ser ein dei under eitt, så står det fast at dei høyrrer med til våre aller venaste kulturminne.



Nattverdkalken i Åkra kyrkje. Midtstykket er frå middelalderen.

Store kunstnarar har dei vore, som kunne laga utskjeringar av det slaget ein finn, kanskje mest i portalen. Berre fagfolk kan tyda utskjeringane fullt ut, men sumt synest tydeleg for oss alle. Tanken på kampen mellom Gud og Djevelen har vore levande i samtidia. Sanninga frå Efesarbrevet om vondskaps åndeher i himmelrømda har kunstnaren god kjennskap til, og nett i inngangsdøra minner utskjeringane om denne kampen. Inne i kyrkja finst det ikkje utskjeringar som kan skapa otte og uro i sjelene. Her skal det vera fredfullt og trygt, kvilestad for trøyte menneske. Toppar mellom stavkyrkjene skal vera Heddalskyrkja i Telemark og stavkyrkja i Lom i Gudbrandsdalen. Denne siste har fått æretittelen Domkyrkja mellom stavkyrkjene.

Om lag på same tid som stavkyrkjene kom kyrkjer reiste i stein. Dei hadde og mønster frå utlandet. Dei er firkanta, avlange, somme endar i rund boge attom koret. Den eldste skal vera reist av benediktinarmunkar, på Selja på 1100 talet, kanskje før. Berre lite grann av henne står ennå. Steinkyrkjer frå eldre kristentid har me over heile landet. Dei to hundreåra 11- og 12 hundretalet er rikaste byggetid på norsk kyrkjefront. Ut mot slutten på denne tidbolken vart



Olavskyrkja på Avaldsnes

Olavskyrkja på Avaldsnes reist, frå åra kring 1250. Gamlekyrkja stod der då og var i bruk. Ho vart ståande fleire hundre år etter at steinkyrkja var reist. Avaldsneskyrkja er venaste kyrkjebygget i Nord-Rogaland, og særslig vakkert utsyn er det frå neset der ho står. Alle som ferdast gjennom Karmsundet, kan sjå henne, og turistar rår seg til ein visitt i denne verdige kyrkjebygningen . . . Aller største og vakraste kyrkja i Rogaland er Stavanger Domkyrkje, grunnlagt av biskop Reinald frå Winchester året 1125. Denne kyrkja er rik på kunstverk frå eldre tid, og turistar frå inn- og utland må inn her når dei fer gjennom Stavanger . . . Attåt desse to velkjende steinkyrkjene i Rogaland har me mange andre, små og store. Folk i by og bygd er glade i dei gamle kyrkjene, som har kome til vørdrnad att siste mannsalderen. Dei er i god stand, har fått elektrisk lys og varme, så kulden frå steinveggene kjennest ikkje større lenger.

Reformasjonstida

I tida før og etter Reformasjonen gjekk det ned over med kyrkjebygginga. Mange av våre beste menn strauk med i Svartedauden, som gjorde djupe innhogg på alle felt av folkelivet. Det indre livet i kyrkja, i Norge så vel som i andre land, gjekk sterkt ned over på 13- og 14-hundretalet. Kyrkja vart eit rike av denne verda, og sansen for sann forkynning og anna kyrkjeleg arbeid minka. Me hadde ikkje vekkingsrøyster som var sterke nok til å bera fram den rette, bibelske læra, og folket seig ned i vankunne og verdslegdom. Stort likare vart det ikkje før det om Reformasjonen kom. Han kom som kongebod, men Kongen kunne ikkje skaffa folket prestar som kjende den nye trua. Dei prestane som kom her opp frå Danmark, kunne ikkje tala folkemålet, og dei vann ikkje folket. Landet hadde mist fridomen sin og vart styrt utantil. Denne harde dansketida gav lite oppdrift både åndeleg og materielt. Kyrkjebygging vart på det nærmeste slutt ei tid. Men så kom innslaget frå renessansen hit til oss og. Noko nytt melde seg og sette merke på kyrkjene våre. På 1600 talet reiste folket mange trekirker, landet rundt. Bygningsmenn hadde me, menn



Guten ved minnesmerket

med god sans for kyrkjestil. Kunstnarar fanst det og, dei budde helst i byane. Både bygningsmenn og kunstnarar såg etter kva som høvde i landslaget, og dei rådførte seg med andre før dei sette byggearbeidet i gang. Kvar landsdel hadde sine fagmenn, og kyrkjestilen var ofte i samsvar med syn og smak i gredene der kyrkjer skulle stå. Derfor er dei svært ulike, desse kyrkjene. Fyrst var det berre kyrkjeskip i rektangelform, våpenhus og sakristi. Seinare kom utbygging midt på skipet, og så full krossbygnad. Dei enkle bygdekyrkjene var ikkje alltid like mykje vørde, og dei som stod for vølingsarbeid, for ofte hardhendt fram og skjemde ut gamle bygningar. Unntak har me likevel: Årdal kyrkje i Ryfylke, som vart bygd fra

1623 og ut etter, og seinare forlengd, står framleis i same stilene både utantil og inni. Søgne kyrkje i Vest-Agder er større, men her og finn ein same stil, merkt av kunstsans og kunstsyn i grenda... Dei talar om Rogalands-stil, Trønderstil o.s.b. I vårt fylke finn me fleire kyrkjer som vart reiste i 1620 åra, såleis i Høgsfjord, Sokndal og Helleland. I 1630 åra kjem Torvastad, Vats og Sjernarøy. Men fleire av kyrkjene frå denne tid er rivne og borte for alltid.

Kyrkjekunst på 1600 talet

Ein av dei største kyrkjemennene i landet etter Reformasjonen var Stavanger-bispen Jørgen Erichsøn. Han var fødd i Jylland 1536, studerte i Kjøbenhavn og Wittenberg, og vart biskop i Stavanger i 1571. Her venta det han eit stort arbeid, både åndeleg og sosialt. Han var dugande forkynnar, det fylgte stor åndsmakt med han. Mest kjend vart han for preikene med tekster frå profeten Jonas' bok. I all si forkynning heldt han seg til Bibel-ordet, på same vis som den store reformatoren, Martin Luther, og han fekk heidersnamnet Norges Luther.

Men han var like stor administrator og kyrkjebyggjar. Han hadde fin sans for kyrkjekunst, og sytte for å få Stavanger Domkyrkje restaurert. Han døydde året 1604 og fekk grava si i Domkyrkja.

Stavanger bispedøme hadde lege mykje tilbake både kristeleg og moralsk, men i Erichsøn si bispetid vart det ei tydeleg vakning. Mykje gamal kyrkjekunst hadde vorte nedslarva eller øydelagd i reformasjonstida, og ikkje så lite ført ut or landet, til Danmark. Men på 1600 talet kom påverknaden frå renessansen til å gjera seg gjeldande, og Harry Fett talar om ein særskild Stavangerkunst. I Rogaland steig det fram menn som var kunstnarar, med kniv og med pensel. Treskjærarar laga vakraste treverk som samtida kunne visa fram, målarar nytta fargar, og såleis flaut desse kunstartane saman i fullkommen einskap. Rogaland stod i fremste lina i kyrkjekunst denne tida. Me får minnetavler, *epitafia* som dei er kalla, altartavler og prekestolar av aller høgaste kunst. På minnetavlene er heile huslydar

måla, gjerne embetsfolk. Me finn døme på slik kunst i mange kyrkjer, ikkje minst i Stavangerdomen. Ein av storkunstnarane i tida må me nemna, skotten Andrew Smith, som kom til Norge og først busette seg i Bergen, sia i Stavanger. Det var han som laga prekestolen i Stavangerdomen, eit kunstverk som alle legg merke til så snart dei kjem inn i kyrkja. Dei vakre epitafia, som nå har fått plassen sin på nedre veggene, er og frå hans hand. Smith har æra for fleire altartavler i bispedømet, såleis den som står på nordveggen i Åkra kyrkje. I si tid hadde ho rette plassen, men ved kyrkjebygginga i 1820 må dei ha flytt henne ned på kyrkjeveggen. Denne altartavla er ei gåve frå David Davidsen. Han kom frå Vibrandsøy og busette seg på Stangeland. Det er vel verd å stilla seg opp framfor denne tavla og sjå nøyde på henne. La oss starta nede til venstre.

Me ser dei store bokstavane R. A. S. Rasmus Andersen Stangeland. Mannen hadde vore sorenskrivar og var gift med Ingeborg Nilsdotter. I.N.D. Ho vart seinare gift med David Davidsen, som gav altartavla. Han ville æra minnet om dei begge, derfor er namna deira med i kunstverket. Ingeborg, som låg på dødssenga året 1663, hadde sett av midlar til tavla, og ho ville ha begge mennene sine med, derfor står forbokstavane til tre personar.

Alt på foten av tavla møter me Kristus ståande på jordkula. Han lyfter høgre handa til velsigning. Kring seg har han kors og anker. Eine korset peikar opp over, det andre har tverr-treet mot jorda: frelsesverket er fullført for alle ættene, og når Han er opphøgd, vil Han dra alle til seg. Joh. 12,32.

Under namnet til Ingeborg finn me ei utsprochten rose, det tyder at eit liv har nådd fram til Guds trune og står i full blomstring.

David Davidsen, som gav tavla, møter me sist på foten. Her står det brotne korset, eit gammalt symbol, mykje eldre enn kristendomen. Det kom i så syrgeleg eit lys den tid då hakekorset blakra over mykje av Europa i 1940-åra. To engle-hovud har og fått rom på foten av tavla. Kunstnaren ser for seg Ordet om dei tenande åndene. Hebr. 1,14.

Hovudstykket på tavla er midtpartiet, Kristus på korset Langfredagen, Johannes og Maria attmed. Ved foten av korset ligg døninghovud: siste fienden, døden, har mist brodden sin. Kunstnaren har fått fram den lidande Frelsaren, kroppen og det meste av andlets-



Altartavla som David Davidsen gav

draga ber merke av lidinga. Mor Maria legg hendene saman, og andletet er fullt av sorg. Johannes slår seg for brystet med eine handa, med den andre slår han ut. Ein minnest Orda frå fyrste brevet hans,

fyrste verset: *Det som var frå opphavet, det som me hev høyrt, det som me hev sett med augo våre, det som me skoda og hendene våre tok på, om livets Ord...* Her står apostelen tydeleg og forkynner. Til venstre for langfredagsmotivet står ein Guds utsending med bok trykt til brystet, og i høgre handa held han opp korset. Dette må vera biskop med bibel og bispestav, klebunad og hovudplagg tyder på det. Til høgre har me mannen med ankeret, symbol på siger og kvile som ventar Jesu fylgjesveinar.

Toppstykket har fyrste Samuels bok kap. 26, om striden mellom Saul og David:

Savl ferfolger Davidt hart
Davidt sporde efter Savl stærk
Davidt wiser Savl sin Jern ock Spudt
Dertil hans wan Beke dub. Anno 1663.

Til dette kjem tre englefigurar. Og over dette att ruvar toppen på tavla og toppen på kunstverket. Det meste av motivet er henta frå Joh. Openb. Englane med kvar si bok er ulike. Møtet mellom David og Saul er klårt eit stykke på veg. Begge har sine menn med seg i full herbunad. Men dei retter hender til kvarandre og synest vera vener. Detaljane elles har nok si mening, endå det er vanskeleg å finna veg i denne parten av kunstverket. Eitt synest likevel klårt: treet som står i full vokster mellom David og Saul, har med liv å gjera. Skal det minna oss om at dei har vorte vener og vel forlikte, og at dei skal leva lukkeleg etter denne dagen? Og peikar endeleg treet på Livsens tre i Guds paradis? Det synest vera skore inn eit tempel midt over treet. Truleg har kunstnaren hatt skildringa av det himmelske Jerusalem i tankane. Og aller øvst jordkula med Kristus triumfator, sigervinnaren. Han ber ei stor kåpe til klednad. Korset held han i venstre handa, eit svært kors, som peikar opp og ut over. Dette er Kristus slik som dei såg han på 1600-talet, den evige Kongen som har makta og æra i all æve.

Di lenger ein ser på denne altartavla, di klårare går det opp for ein at kunstnaren har vore ein trufast bibellesar. Han var barn av Reform-

asjonen heime i Skottland og hadde kjennskap til kampen for evangeliet der borte. Engelskmennene, og særleg skottane, vart kalla bibel-lesarfolket. Sml. Lord Macaulay i historieverket. Bibelen var rettessnora for liv og lære. Her fann dei trøyst i trengsel og glede i høgtidsstunder. Smith har kjent heile Bibelen, men det synest klårt at Johannes-skriftene har gitt han mest. Tavla ber tydelege merke av evangeliet etter Johannes og frå breva og Openb. Og med rund hand gir kunstnaren til etterslekta det som er hans dyraste eige.



Eldre gravplate med innskrift frå 1866

ÅKRA KYRKJE


Kyrkja vart reist på slette åkerlandet. Trugne og dugande bønder hadde sete på garden ned gjennom tidene, dyrka og stelt, og bygda fekk namn etter åkrane, einaste grenda på Karmøy som er kalla opp etter åker og korndyrking. På sletta her høvde det å byggja ei låg kyrkje, — eit hus som ruva, ville ikkje ta seg ut i slikt lende. Verlaget hadde og sitt å seia. Stormen jaga over Karmøy, og det fanst ikkje livd mot havet der vest. Tårn har det vore på fyrste kyrkja, kyrkjer flest var utan tårn den tid. Kyrkja var ikkje stor. I sjølve kyrkje-skippet var det berre åtte benker på kvar side, i fyrste kyrkja som me veit noko sikkert om.

I utskrift or Kristiansand bispearkiv om benifisert gods ca. 1620 les me: *Aageraa eller Ackre Kirche, tredje annex til Fallnes: hindis Inuentarium och Ornamenter: Kalck och Disch aff thinn 1 1/2 M. werdt.*

Vidare finn me at kyrkja hadde ein gamal messeserk. Ein gamal tjørekjel høyrdé og kyrkja til. Det var ikkje mykje som elles fanst: ein messingstake med to piper, altarduk, lykt, klokke i tånet, ei kiste og to stigar.

Kongen skal ha sin part av det som kjem inn til kyrkja, ein vett, og ein ombodsmann skal skifta ein vett med presten. Ein vett svarar til førti kilo.

Etter rekneskapen har fem gardar ytt tiend til kyrkja det året: Nedre Liknes, Ålland, Åkra, Trælhaug og Varne. Dessutan hadde kyrkja ei ku, to lam eller kje. Det var vanleg at kyrkjene hadde husdyr, som vart leigde bort til bønder. Det er nemnt kyr, sauér og geiter. I jubileumsboka til Vats kyrkje les me at der inne var det tjue



Malmkarm med kors. Ved bårehuset

kyr og tre geiter. I Åkra kom dei berre til tre kyr. Desse tre kyrne vart borte utan at nokon visste kor dei hadde vorte av.

Me les om tiend både i det gamle og i det nye Testamentet. Det var tiandeparten av inntekta, som skulle gå til gudshus og til guds-tjenesta, ei fri gave. I vårt land er tienden nemnd i Gulatingsloven, og Sigurd Jorsalfar slo fast at alle skulle svara tiend av innkoma si. Tienden skulle så skiftast mellom konge, bisp, prest, kyrkje og fattig-folk. Etter Reformasjonen kom ei ny ordning, slik at kongen, kyrkja

de øverste præster spørsgaag, 25.27. ^{VII}
Kaller en lignende om to jønner, 28.32. ^{VII}
De om arbeidere i vingården, 30.24. ^{VII}
præsterne vil nære ham ihel, 30.46.

Evang. paa 1^{te} Sondag i Advent, 29
var Psalme-Serdag.

I. Og *der de kom nar til Jerusalem,
og vare komme til Tempellet,
hos alle hirat, da saade Jesus til
kjem disciple, og sagde til dem:

*Mat.11.1. Lue.19.29.

2. Gaar dor i den hø, som ligget for
der; og når skal I *finde en aseninde
bunden, og et sol med hende; løs dem,
og fører dem til mig. *Joh.12.14.15.

3. Og dersom nogen taler eder noget
til, da siger, at HErren haver dem be-
hov; saa skal han få framføre dem.

4. Men dette skede altsamme, at det
skulde fuldkommes, som er sagt ved pro-
pheten, som siger:

5. Siger *Tions daatter: see, din
Konge kommer til dig i segtmodig,
og ridendes paa et asen, og paa den
undercounige asenindes sol.

*Ei.6.2.1. Sach.9.9. †Matth.11.29.

6. Men disciplene gik hen og *gjorde,
saadom Jesus besøkt dem.

*1Mof.6.22. E.7.15. 2Mys.40.16.

7. Og de henteide aseninden og solset,
og *lagede deres klæder paa dem, og han
satte sig derpaa. *2Kong.9.13.

8. Men de fleste af folket breddet deres
klæder paa veien, men andre huggede
grene af trærne og stroddde paa veien.

9. Mej folket, som gil for, og fulste,
tagote og sagde: *hosanna den Davids Søn! *hvælsignet være den, som
kommer i HErrrens navn! **hosan-
na i det høieste.] *Ps.118.26.

Joh.12.13. †Matth.23.39. **hosanna, det
er, høielykere, eller: o HErr! sehs nu.

10. Og der han drog ind i Jerusalem,
opordes den ganske stadt, og sagde:
*hvo er denne? *Ps.24.8.

11. Men folket saade: det er Jesus,
den Propheete, den af Nazareth i Gal-
ilea. *E.2.23. Joh.1.46.

II. 12. Og *Jesus gik ind i Guds tem-
pel, og f addres alle dem, som folgte og
lisbte i tempelen; og omstodte vekernes
borde og due-krammernes stole.
*Marc.11.15. Lue.19.45. †Joh.2.15.

12. Da han saade til dem: der er
trevei, *men hvor skal saldes et
bedobhus; men I har egret dei til
et en røvet kule. *Ei.5.5.7.

†Act.7.11.

14. Og der en bindet ga dalte til ham
templen; og baabredde dem.

15. Men der de øverste præster og
kristellege saae de underlige giermæter,
som han gjorde, og at barnene rakk i
tempelen, og sagde: besmåaden Davids
Søn! Blev de ørede, og laade til ham;
16. Hører du, hvad disse ige? Men
Jesus sagde til dem: ja, have Valdrig
ken, at *afste umundig os og diende
minn! skal da berede los. *Ps.8.13.

III. 17. Daherfor sevold dem, og auk uden
for skaden til Gedanken, og bieb den.

18. Men der han om morgenen gik til
skaden igien, *bunagredt ham.

*Mare.11.12.

19. Da han saae et haueveræk hos veien,
og gif til det, og *sandt intet derpaa,
uden blade allene, da han sagde til det: nu
vore aldriid mere frugt paa dig! Og
sigen crece visnde shar. *Lue.13.6.

20. Og der disciplene sagde det, forut-
drude de sig, og sagde: hvorledes viende
sigen crece saa shar.

21. Men Jesus svarede, og saade til
dem: sandelia sjaer ige eder, dersom I
*have troe og ille-tvyle, da skal I ikke
allene gjere saadant med sjan-trach, men
dersom I og sige til dette biera: lost dig
og fast dig i havet, da skal det flee.
*E.17.20. Mare.11.23. Lue.17.6.

Jah.1.6.

22. Og *alt det I begiere i hønnen,
dersom I troe, da skal I saae det.
*E.7.7. Lue.11.9. Joh.14.13.2.2.

IV. 23. Og *der han kom i tempelen,
traadde til ham, i der han larbe, de øver-
ste præster og folsets aldbisc, og sagde:
*af hvad magt gior du dette? og hvil-
hazer givet dig denne magt.
*Marc.11.27, sqq. Lue.20.1, sqq.

*2M.9.4.7.

24. Men Jesus svarede, og saade til
dem: jeg vil si spørge eder om et urde
dersom I sige mig det, vil jeg og sige eder:
af hvad magt jeg glor dette.

25. Johannis daab, hvæden var den?

og presteskapet skulle ha ein tredjepart kvar. Til fattigfolk vart det såleis ikkje noko att. Bøndene protesterte, men loven stod fast med visse endringar, heilt fram til 1818, då lov om tiend vart heilt avlyst.

I rekneskapsboka for Åkra kyrkje får me vita ikkje så lite om tiend frå 1660 og ut etter. Inntektene var små, og det som kom inn til kyrkja, rakk ikkje til. *Josef Gundersen* var kyrkjeverje og hadde ansvar for pengestell og tilsyn. Han fekk ikkje endane til å rekka saman. Året 1660 noterer han at han har til gode av kyrkjebudsjettet åttifem riksdalar, ei svær skuld på ei lita soknekyrkje den tid. Inntektene får kyrkja frå fleire kjelder. Korntienden er den viktigaste. Åra 1662-1668 ytte alle gardane til saman 124 riksdalar om året. Åkragarden kjem her ein fin nummer ein med 29 dalar, Nedre Liknes med 13, Munkejord 12, Ysthus 11. Hine gardane i sokna må nöya seg med einsifra tal. Nå hadde kyrkja tre kyr, som er leigde ut, ei til Knut Mannes, dei to andre til Josef Gundersen. Dei betaler for desse tre kyrne til saman to dalar og tre ort i tre år. Så åtte kyrkja noko jord, som og gav inntekt. På Nedre Liknes betalte brukarane til saman i tre år to dalar og ein ort.

Folket gir til kyrkja si. I kyrkjerekneskapane finn me ofte liste over *Inventarium og ornament, d.v.s.* det som er inne i kyrkja. Det er ikkje lite. Me tek med ei liste som er nemnt i 1660-åra:

Kalk og disk, forgylt inni.

Messehagel av blå halvsilke og lin.

Meseserk, som rett nok er utslitен, men brukande likevel.

Altarklede, som og er utslite.

Eit par messingstakar til vokslys.

Messingfat til døypefonten.

Lita klokke. Løkt. Kjel til tjøre. Glasflaske. Lysesaks. Stige.

På same tid har kyrkja fått vakre og verdfulle gåver, praktiske ting som kan nyttast til vedlikehald, til utsmykking, eller under gudsstenesta. Det er vanleg å tjørebræ gudshus så vel som andre hus denne tida. Tjøra var god vern mot ver og vind, og kyrkjene vart smurde med tjøre så ofte det trondst, så sant stoffet kunne skaffast.

Jon Kloving, Utsira, gav ei tunne tjøre, det same gjorde ein flokk i Åkra sokn. *Trond Nitter* gav ei halv tunne. *Gudmund Klubben* og *Tomas Ysthus* gav kvar ei tylft bord, *Kristoffer Vea* og *Jackob Åkra*

ei halv tylft til manns. Bygdefolk elles gav halvtanna hundre bord. Ei dannekvinne forære vindaugo, ho heitte *Trine Liknes*. Dannekvinne var ei vord kvinne, ordet har ikkje noko med dansk å gjera.

Inne i kyrkja trondst mangt og mykje, og her kjem gåver av mange slag, først altartavla, som før nemnt. Enkja etter *Jon Liknes* gav både altarduk og tørklede til kalken, *Tomas Ysthus* kom med striput svensk altarklede. *Presten Meiltser* og sokneborn gav i lag ei meseskjorte, folket gav dessutan messekjole av raud pllys med sylvkantar, og ein bom til å hengja altarkleda på. Presten gav så åleine eit par hekter til messekjolen. Det kom og ei lysesaks av messing.

Men trass alle desse gåvene blir det for lite til kyrkja. Det må kjøpast ikkje så lite, såleis brød og vin til nattverden, vokslys, ein ny kyrkjekjel, o.s.b. Reinhalde er og ei utgift, og det er særskilt nemnt at ornamenta må haldast reine. Ein ort går det til rekneskapsføraren, og prosten skal ha to ort for visitasen. Til kosthald går det ein dalar. Inntektene svarar ikkje til utgiftene, og kyrkjeverja har pengar til gode kvart år. Josef Gundersen var ein påpasseleg mann. Han såg vel etter kva som trondst til kyrkja, og ho fekk bra vøling. Til taket gjekk såleis eit år femten dalar, arbeidet medrekna. Åra 1663-1664 brukte dei fire tunner tjøra til kyrkja, den kosta tjue dalar. Kyrkjeverja gløymde heller ikkje det som skulle til inne i kyrkja. I våpenhuset la dei golv, som kom på to ort. Framme i koret kosta dei ny kvelv over altartavla som Davidsen hadde gitt. Det gjekk med tre tylfter bord, og kostnaden vart to dalar og to ort. Dette syner kor stor pris folk sette på den vakre altartavla. Men så fjelga dei sjølv altaret og, dei kjøpte bord for halvannan dalar til dette. Stolane måtte ha vøling, og kostnaden vart tre dalar og tre ort, og endå tok bøndene på seg noko av utgiftene til sete i kyrkja.

Kring året 1670 les me om mykje reparasjonsarbeid på sjølv kyrkja, og på inventar. Benkene treng vøling kvart år. Det står åtte benkerader på kvar side, og nå skal dei få benker i koret og, kyrkjestolar var elles namnet den tid. Dei to benkene som skal stå i koret, vert arbeidde på staden. Ombodsmenn og kyrkjeverjer skal sitja der framme under gudsstenesta. Fire dalar kjem stolane på. Ny døypefont er vakkert arbeid, den kjem og på fire dalar. Folk ville gjerne ha det ekstra vakkert framme i kyrkja. Alt syntest velgjort og velstelt,

og liste er førd over det som finst i kyrkja. Denne lista er lagd fram på visitas i Avaldsnes prestegard 20. april 1672, der stiftsskrivaren og prosten såg nøy over rekneskapen. Det var soknepresten som førte bøkene, og han hadde ein ort om året for arbeidet sitt, som me før har nemnt.

I 1670-1671 kjem nye kyrkjeverjer, *Nils Munkejord* og *Anders Tjøsvoll*. Skulda til førre verja, Josef Gundersen Tjøsvoll, er ikkje betalt, og det ser ikkje ut til at dei skal få greia denne summen, åtti fem dalar, gong på gong er det slege fast at kyrkja er fattig. Tjøsvoll hadde ei dotter som var gift på Ferkingstad, og svigersonen vert mistenkt: han må ha lurt til seg kyrne som kyrkja åtte. I alle fall var det uråd å få greie på kor dei hadde vorte av. Svigersonen skulle ha vendt til seg noko meir og, verdet var til saman ti dalar. Ingen fekk noko på Josef Tjøsvoll. Han hadde teke vare på alt som høyrd kyrkja til, og svigersonen hadde ingen arv fått. Likevel vart det endeleg avgjort slik at Tjøsvoll hadde noko inntekt av kyrne og andre postar, så han hadde berre sekstifem dalar til gode då han døydde. Rekneskapar og innbuliste er godkjende av stiftsskrivar Peder Sørenssen.

Me møter nye kyrkjeverjer i 1672, *Knud Mannes* og *Ommund Sævik*. Skulda til Josef Tjøsvoll går ned til femtini dalar, men dei nye verjene, Mannes og Sævik, får ikkje det dei skal ha, og skulda aukar med eit par dalar. Året 1674 er det meldt at kyrkja er til nedfalls, *brøstfældig*, står det. Alt som kjem inn, går til reparasjonsarbeid, andre utgiftspostar kunne ein ikkje greia. Nye kyrkjeverjer kjem til, denne gongen *Jakob Åkra* og *Knut Åkra*. Alle legg fram årelege rekneskapar, slik som presten har bede om det. Dei som hadde ansvaret for kyrkja, tok oppgåva alvorleg. Dei hadde nøy greie på kva som var bra, og kva som måtte vølast eller skiftast ut. Pengemidlane rakk ikkje til, og det kunne gå årevis før velingsarbeidet kom i gang. Då skreiv dei på nytt i årsmeldingane om det som ikkje var i orden. I august 1670 kom fem tillitsmenn saman med presten og stiftsskrivaren til prestegarden på Falnes. Dei hadde «besigtiget een three Kirhe aff naffn Aachre- Annex Under Falness Hoffuet Kirche Liggendes». Dei hadde med andre ord sett nøy over Åkra kyrkje.

Me tek namna deira, slik dei er skrivne i Meldinga til amtmannen i Stavanger:

Christopher Vee, Jørgen Lechnæss, Jacob Aackre, Oluff Seuffland, Lauridtz Aadland, Thiøsuold. Lougrettemænd er dei kalla. Soknepresten heitte Hans Pedersøn og stiftsskrivaren Peder Sørenssøn. Dei har desse merknader å gjera til kyrkja: På sørssida må taket vølast med spiker og bord. Og så kjem det kva slag bord det skal nyttast. Rekneskapen skal syna kor mykje borda og spikeren kostar. Taket på våpenhuset er øydelagt, og det kjem til å gå hundre bord til arbeidet. Golvet framme i koret treng vøling. Lukene utanfor vindauge finst det ikkje noko att av. Til og med glasruter er borte, tre i talet. På nordsida av kyrkja skal det byggjast ei sval, seksten alner lang, og det må kjøpast ei tylft tre til sperrer. Det er skrive mykje om alt som skal til. Dei gløymer ikkje tjøre, for kyrkja skal etter brædest grundig. Så må dei laga ny port. Fleire gonger er det meldt at kyrne er leie til å koma seg inn for å finna føde, derfor er gjerdehaldet viktig. Kyrkjeverja får pålegg om å kjøpa noko utstyr til graving, såleis ein jernstaur, ei øks og to spader av jern, «for fattig folks skyld at komme i jorden når de ved døden afgaa.»

Graver og gravlegging

Året 1702 sender bispen i Kristiansand skriv til prestane og minner om at det ikkje må opnast grav før gravstaden er betalt og klokkaren har fått godtgjersle for ringing. Dersom ikkje presten syter for at pengane kjem inn, er han sjølv ansvarleg for summen, som vert ført til inntekt for kyrkja i neste rekneskap. I same skrivet seier bispen at kyrkjeverja har nytta pengane rett når det gjeld reparasjonar, materialar og arbeidspengar. Alt dette er gjort på billegaste måten. Men han set fingeren på visitasane som prostane har hatt i soknene. Her har prostane rekna seg høgare takst enn det som står i loven. Av kvar hovudsokn skal presten ha ein dalar og av anneksar to ort. Det dei har teke for mykje, skal førast til inntekt i rekneskapen, og prostane må betala pengar tilbake. Bispen har elles merknad til dei store reparasjonane. Han meiner at folket sjølv må gjera ein god del

av slikt arbeid, det gjeld t.d. tømmerkøyring. Alle sokneborn har same plikt, og dersom nokon dreg seg unna, skal stiftsskrivaren melda ifrå til futen. Stiftsskrivaren hadde ei vanskeleg oppgåve: han skulle gå gjennom rekneskapane for alle kyrkjene, og gjerne på ein einaste dag! Det var uråd å greia dette på så kort tid, og derfor krev bispen at sokneprestane skal senda inn rekneskapen to månader før møtet, så kontrollen kan verta påliteleg. Han gjer merksam på at i somme sokner lagar dei dyre kyrkjeportar av jern, endå treportar gjer same tenesta. Pengane som kjem inn til kyrkja, trengst sårt til nyttigare ting enn dyre portar, skriv bispen.

I skriv frå 1712 får me høyra nøye om graver og gravferder. Ein viss sum skulle dei ut med, alle som ville ha nokon av sine gravlagde. Summane var svært ulike, alt etter stand og stilling, og etter staden der kista skulle setjast i jord.

Under kyrkjkoret kostar ei grav ni dalar til dei som var over femten år. For folk mellom fem og femten var prisen der framme i koret seks dalar.

I storgangen frå koret til midtgangen var prisane for folk i same alderen seks, fire eller to dalar. Frå midtgangen til døra var takstane fire, to og ein dalar, etter dei aldrane me har nemnt.

Det var og råd å få lik sette ned under stolane, kyrkjebenkene. Dei som ville ha nokon av sine gravlagde der, måtte sjølv syta for å få opp benker og golv og få alt på plass att når liket var sett i jord. Då slapp dei frå det med to tredjepartar av dei kontante utgiftene. Ville dei ha steinhelle over slik grav betalte dei ein dalar til kyrkja. Dersom prest eller kyrkjeverje døydde medan dei stod i teneste, hadde dei rett til fri grav i kyrkja.

På kyrkjegarden hadde vanlege landsens folk fri gravplass. Dei etterlatne kunne då gi ei fri gave til kyrkja. Ville nokon av dei leggja stein på grav, eller reisa kross, burde dei gi til kyrkja, slik som det sørmede seg: to ort for ein voksen, ein skilling eller så for dei som var under femten år. «Men af Skippere, Styrmænder, strandsiddere og Andre deslige gives for hver Graf at jorde Liig udi paa Kirkegaarden saaledes som hidindtil sædvanligst har været, til nærmere Anordning». Dei som er heilt fattige, får fri jord når sokneprest og kyrkjeverje finn det rett.

D. Henrich Müllers,
Gordum SUPERINTENDENT i Roskof, og S. S. Theologie
PROFESSOR ved samme Universitet,

**E v a n g e l i s t e
H i e r s e - S p e y l ,**

som
inneholder en Forklaring
over alle
**S o n d a g e n e s o g F e s t e r n e s
E v a n g e l i e r ,**

og ni af den sal. Mandes Præleener
over
P a s s i o n e n e l l e r C h r i s t i L i d e l s s e ,

paa ny oplagt, giennemseet og rettet.

Med Hans Kongel. Majestats Allernaadigste PRIVILEGIO
for E. C. Berling og hendes Arvinger.

Roskøphavn, 1813.
Trykt med Brodrene Berlings Skriften.

Frå Evangelische Hiertespeyl

Elmagf
Widt udi Afmagt,
 Eller de
Segn og Under
 som skede
 ved Christi Død,
 Betragtede
 udi fem Aage-Prædikener,
^{Holdne}
For det Kongelige Hærstab
 udi Fasten 1728.
^{Hvortil kommer}
 En Paaske-Prædiken, samme År:
Om de Legn og Under, som skede ved
Æsu Opstandelse.


R J O B E N H A V N,
 Befolstet af Frantz Christian Mumme, Boghandler. 1751.

Det var fast klokkeringing ved gravferder. Mange kyrkjer hadde fleire klokker, og skulle det ringjast med alle, så var taksten to ort. For den største var det ein ort og åtte skilling, og for ei av dei minste berre ein skilling. Ringinga kunne vara i opp til ein time.

I skrivet frå bispen er det innprenta at alle utgiftene må vera greidde før lik vert sett i jord.

Kyrkjeverja, som hadde så stort ansvar, fekk oftast lite for strevet. ein dalar eller to til året. Stillingen skrev seg frå katolsk tid og var mykke viktig. Verjene var beste mennene i sokna, tente heile kyrkje-lyden, og tok pliktene alvorleg, har me sett.

Ei fru Holtermann vart gravlagd i kyrkja, truleg i koret. I 1930 åra vart ei tinnplate med innskrift funnen. Denne plata var borte frå kyrkja mange år, men han som hadde henne i forvar, sende henne tilbake til kyrkja. Årstal, vakker innskrift med ettermåle i versemål, fører tilbake til pietismen.



Tinnplata med innskrift over madam Anne Holterman

På tinnplata står denne innskrifta:

Herunder hviler De Jordiske Levninger af den fordum i Live nu salig hos Gud Madam Anne Johanne Clas'datter Holterman fød. til Verden 1736 Første Gang indlod sig i Ægteskab med Velagte S. Thomas Pedersen 1764. Samme Ægteskab velsignede Gud med 4 Sønner og 5 Døtre hvoraf 1 Søn og tre Døtre igjen lever. Andengang indlod sig i Ægteskab med Velagte Sr Georg Daniel Barth Holterman 1789 som efter 1 Aar og 3 Maaneders kierlig Ægteskab forlod Verden 1791. Da hun endelig efter en Christelig Vandel forlod Verden i Herren samle alle deres siele i sin evige Herlighed.

O Læser træd sagtmodig hid og dette Støv anskue
Som i sit Liv beprydet var med Aandens hellige Lue
En elsker af Guds Ord og Fattigs hielperinde
En troe Huusmoder i sit Huus hun har til Æreminde
En trofast ægte Ven og en troe Børne Moder
Hun søgte deres Vel som hendis Livets Poder
Til Guds frygt og til Dyd hun lod oplære dem
At hun dem kunde see i Dyder at gaae frem
Hun med og modgang har her udi Verden prøvet
Derfore hun i bøn til Gud Sig alltid øvet.
Taalmodig dog hun var i Modgangs bitre Vee
Hvorfor hun frydefuld sin Jesus faaer at see
I efterladte søger saa Gud Herren at behage
At ey det jordiske skal eder fra ham drage
Elsk Gud, dinNæste som dig selv saa lyder Herrens Bud
Du Salighed erlanger vist og blir en Jesu Brud.

Memento Mori.

Kyrkjeverjer i Åkra

Det meste av arbeidet som me alt har nemnt, måtte kyrkjeverja sjå vel etter. Det var tilsyn med kyrkja og inventaret, reinhaldet, gravene og kyrkjegården. Inntektene som kyrkja hadde rett på, måtte kyrkjeverja driva inn så sant det let seg gjera. Men det syner seg at desse mennene ikke kunne få alt inn, og då fekk dei sjølv svi: løna

si fekk dei slett ikkje, og dei måtte ta av eigne pengar når rekninga skulle greiast. Mest kvar gong verjene skifte, stod det att ikkje så lite av løna, og det hende dei gjekk i grav utan at sokna hadde greidd skulda si.

Fyrste kyrkjeverja som rekneskapen nemner, er Josef Gundersen Åkra 1664 - 1669. Så nemner me dei og tek med årstal så langt det er råd:

Nils Munkejord og Anders Tjøsvoll 1670-1671.
Knut Mannes og Ommund Sævik 1672-1673.
Jakob Åkra og Knut Åkra 1673-1680.
Johannes Munkejord og Knut Liknes 1681-1684.
Tomas Ysthus og Ole Fagerland 1684-1686.
Laurits Knutsen Heiå og Morten Halvorsen, 1686-1688.
Rasmus Pedersen Varne og Ole Olsen Medhaug 1689-1690.
Jon Liknes og Johannes Ysthus, kort arbeidstid, døyde straks etter at dei vart verjer.
Josef Ferkinstad og Tomas Ysthus fram til 1694.
Salve Heiå, Kristen Åkra og Tore Årvoll 1695-1697.
Amund Bjørnsen Førland og Severin Bøden eller Liknes 1698-1700.
Nils Munkejord og Valentin Øvre Liknes fra 1700.
Kristen Kolbeinsen Munkejord og Laurits Johannessen Tveit.
Salve Kolbeinsen Åkra og Johannes Sevland.
Jens Nedre Liknes og Knut Larssen Mannes 1710-1712.
Lars Adzersen Åkra og Endre Johannessen Haringstad 1713-15.
Josef Wullumsen Åkra, Daniel Anfinsen Liknes og Ingebret Halvorsen Liknes, 1716-1718.

I åra som fylgte fram til 1723 då kyrkja vart sold, er desse verjene nemnde: Knut Åkra, Ole Nedre Liknes, Rasmus Ragnvaldjord, Mons Sivertsen Åkra.

Kyrkjeverja heldt rekneskap, så godt som dei beste mennene i sokna var føre til den tida, før det vart skikk på skulestellet. Men ofte var presten einaste penneføre mannen, og han førte rekneskapen nøye, etter dei meldingar og tal som kyrkjeverja kunne gi opp, og han sende alt til stiftsdireksjonen i rett tid. Rekneskapane vart saumfarne

på nytt i ein av prestegardane, og godkjende der. Om kyrkjeverjene alltid var med i desse møta, går ikkje klårt fram, truleg reiste ikkje verjene langt. Slike møte har det vore i prestegarden på Avaldsnes, Falnes, Finnøy og Rennesøy. Merknadene er i regelen gode. Kyrkjeverjene får ros for arbeidet sitt, og samstundes oppmoding til å gjera sitt beste, så utgiftene ikkje vert for store. Det ser ut til at Åkra kyrkje mest årleg treng vøling. Gong på gong kjem det fram at dei treng så og så mykje trevyrke, spiker, tjøre, takstein o.s.b. Same postane kjem att år etter år, så det er klårt at arbeidet kjem for seint i gang, og at det ikkje er skikkeleg gjort. Derfor er kyrkja i regelen i ring stand. Men folk tek seg på tak, så huset skal vera brukande, og kring 1700 går dei i gang med stor vøling. Taket har det stått særslig dårlig til med. Men så kjem kyrkjevener med gåvene sine. Ein som kalla seg *tempel-elskar*, gir to tusen takstein, verdi fjorten riksdalar. *Edle Seehusen* ofrar tusen takstein, det vert sju dalar. Stiftsskrivmadan Lauritz Friis, har pengar til gode, men let kyrkja kjøpa takstein for kravet, fem hundre takstein. Det er fortalt at dei bora steinen og feste han til taket med spiker. Denne takreparasjonen krevde mykje trevyrke, over hundre bord, som må hentast i Stavanger. Dei mykje spart på spiker til lekter og panner: minst tretti kroner har har ikkje spart på spiker til lekter og panner: minst tretti kroner har gått med —. Dette er største reparasjonen me les om til den tid. Det kan vera verd å ta med utskrift av rekneskapen frå eit av åra kring 1700.

Avskrift av rekneskapen frå 1700 talet

INDTEKT

Korn Tiend in Summa 5 pund 4spd.:	
Derfra tagis Deignens Løn aarl. 1 vett	
for Viin og Brød 1½ pd. Bliver igien til	
Regenschab 3 pund 10 spand a spd: Ao:	
1701 11 sz: er pd: 2 3/4 rdr: gjør	9 - 1 - 14
Ao: 1702 a spandet 10 sz: er	8 - 2 - 4
Ao: 1703 a spandet 11 sz: er	9 - 1 - 14
Landschyl Korn 1 vett er effter Taxten i disse 3 aar	2 - « - 18
Summa Indtegt	28 - 2 - 2

UDGIFT

Proustens Deputat i alt i avigte 3 aar	3 - 2 - «
Studj schatt aarl: 2 ort er i 3 aar	1 - 2 - «
BispeEnchens Benaading Ligesaa	1 - 2 - «
Stiftschriverens Løn Aarl: 5 ort 12 sz: er i 3 aar....	4 - « - 12
Catedraticum til Christiansands Dom Kirche	« - 3 - «
Kirchen at Maje og Ornamenterne at hold Reene	1 - 2 - «
Sognepresten for Regenschabet at Schrive	« - « - 16
Til Tinds afbrente prestegaard	1 - « - «
Til Bergens Af Brente Kirches Biszpegaard Og almindelige Huusze effter Køngelig Order udi 3 aar aar a aar 2 rdr: Kreves nu for 2 aar det tredie Kommer J tilkommende Aaremaal	4 - « - «
Kirchen haver Kiøbt 2 par Vox Lius a par 1 rdr: er ..	2 - « - «
Gived for Liusestage at giøre ferdig	« - « - 8
Almuen gaf 1 Bomme til alter Klederne at Bevare J dertil Kiøbt en Laas	« - « - 20
For endel pande at oplege og Vindues schaaderne at Reparere	« - 2 - «
De Forige Kirchevergere Aamon Aadlaand og Søren Knudsens Bøen Bekommed	8 - 2 - 18
Rester dem igien 2 1/4 rd: 12 sz: Summa udgift	

Ligned og lagt Da gaar det lige op at de Dannemend Valtin Lechnes Nils Olsen Munchehus har intet til gode hos Kirchen ej heller Kirchen hos dem —

Kirchevergere igien Cristen Kaalbensen Munchejord og Laauritz Johansen Tued —.

Dette var eit lyst budsjett. Ikkje skuld. Kyrkjeverjer, prest og kyrkjelyd hadde ikkje gamle bører å ta med inn i neste perioden. Det ser ut til å gå litt fram, for neste rekneskapen viser at kyrkja har til gode hjå kyrkjeverjene *to ort og ein skilling*, nær to kroner!

Her bør me ta med utgreiing om nokre framande ord som me finn i rekneskapane frå samtidia:

Prinsesseutstyr er ein skatt som prinsessa har rett til når ho skal gifta seg.

Studieskatt er pengar frå kyrkjene til Universitetet.

Cathedraticum. Prestane i Norge og Danmark, og dei som åtte kyrkjene, måtte ut med ein skatt til bispene og til Universitetet i Kjøbenhavn.

Tavler eller *Taufler* vart nytta til pengeinnsamling i kyrkjene.

Noko av det som kom inn, gjekk til fattigfolk, og noko vart sett av til det dei kalla nyttige formål. *Kirkeleksikon for Norden* står det. «I 1661 indførtes i alle Kirker en Tavle (bortset fra Kjøbenhavn) til bedste for Helsingør Hospital, der havde mistet sine Indtægter fra hundre skånske Kirker». *Kirken at maie*, d.v.s. pynta og stella i kyrkja så alt er reint og i god stand.


Kyrkjehandel. Vanstyr. Kyrkja er for trøng.

Ei vond tid fekk kyrkjelydane frå 1720 åra og ut over. Einvaldsstyret, som vart innført i 1660, gav Kongen all makt, så han kunne styra og stella som han ville. Folket hadde prøvd å halda kyrkjene i stand, så godt dei kunne. Og endå om stellet ikkje alltid var så rart, så visste soknefolket at kyrkja høyrdi dei til, ho var deira hus, som dei hadde ansvar for. Dei kjende både gledene og sutene som knytte seg til kyrkja. Men på denne tid hadde Kongen vanskeleg for å skaffa seg pengar til statsutgiftene, og så slo han ned på kyrkjene: han selde landskyrkjene til privatmenn. Kongen spurde ikkje etter kor kjøparane budde, og mange av dei hadde heimane sine i grender langt av lei. Dei kjøpte kyrkjer på spekulasjon, dei ville tena pengar på kyrkjeinntektene. Husa vart haldne ringt i stand. Det fanst eigalarar som slarva kyrkjene slik ned at det vart uråd å halda gudstenester. Slik gjekk det i Åkra, som me skal høyra meir om seinare.

Alle kyrkjerekneskapar skulle etter lov frå 1723 sendast inn til stiftsskrivaren, D. Voigt, og han kvitterer 4. januar 1724. Voigt er stiftsskrivar i Kristiansand. Han tek imot rekneskap for Åkra kyrkje, og liste over inventar og ornament fylgjer med.



Sokneprest Truls Chr. Krog



Kyrkjetenar Sven Josefsen Rabben

Dei fire kyrkjene i Skudeneshavn prestegjeld, Falnes, Bokn, Ferkingstad og Åkra, vert selde for til saman 155 riksdalar, til høgvørde menn, brørne Joen Danielszen Aarvig og Daniel Danielszen Trosnevog, slik er namna skrivne. Dei kom frå Hapnes i Vikedal og var søner til Daniel Rasmussen, som seinare busette seg i Fosen og vart lensmann i Hetland skipreide. Daniel Danielszen kom til å bu i Bokn, broren Joen i Tysvær.

I kyrkjerekneskapane les me under overskrifta *Ornamenter og Inventarium* om det som kyrkja åtte, og som var i bruk ved gudsstenestene:

Sylvkalk med disk, forgylt, vekt 25 lodd. Tørkle til kalken. Messehagel av raud plsj, kanta med uekte sylvgallonar.

Eit par sylvbelter til den nye messehagelen, — presten Greger Meilit gav dei.

Messeskjorte, gamal altarduk, altarklede av svensk vev.

Altarbok. Salmebok. (Må vera Kingo-boka, som var godkjend til kyrkjebruk 1699).

Eit par messingstakar, gamal lyssaks, og ei ny av messing.

Gamal hornløkt.
To kollektavler. (Sml. Taufler).
Ei klokke.
Tjørekjel som tek ei halv tunne.
Messingfat til døypefonten.
Gamal likbåre. Stige.
Gamal bombe utan lås, til å gøyma ornament i.

Som ein ser, åtte kyrkja ikkje så lite hjelpe midlar, og mykje av det hadde prest og kyrkjelyd gitt. Folk tøygde seg og gav så langt dei kunne. Kyrkja var einaste samlingsstaden deira, og dei såg fram til helgedagar med gudsteneste. Då fekk dei møta kjensfolk, då lydde Guds ord, som var dyrt i dei dagane. Her vart borna døypte, og ungdomen konfirmert. I kyrkja vart ektepar vigde, her samlast dei til Herrens nattverd, og under kyrkjegolvet eller ute på kyrkjegarden vart restene av den jordiske hytta sett ned.

Men tida etter 1720 åra, då kyrkjene vart selde, syner korleis ornament og inventar vart vanstelt. Sjølve kyrkja leid kan henda aller mest, og neste hundre år er dei tyngste me les om i soga til gamle Åkra-kyrkja.

Christopher Lindewald, som var prost i Karmsund 1764-1772 får order fra bispen at han skal ta synfaring i kyrkjene. Sokneprest *Truls Christian Krog* syter for at det vert gjort, og meldinga går gjennom prost til bisp. Eit sorgjeleg bilete får me av kyrkja i Åkra. Golvet og golvbjelkane er råtne under heile huset, kor og forhus medrekna. Sørvestre hjørna har teke skade, ei luke for glaset på nord-sida er borte. Glaskarmane i koret er råtne. Fire av dørene til stolradene er sundbrotne. Det står ikkje likare til med det som vert nytta til sjølve gudstenesta. Messeskjorta er utsliten, og det er ikkje lås for kista som presten legg altarkleda ned i. Øskja til nattverdbrodet er makketen.

Dei to brørne som gjorde første kyrkjehandelen i Skudeneshavn gjeld, syntest ha skift kyrkjene mellom seg, slik at Daniel fekk Bokn og Ferkningstad, og Jone fekk Falnes og Åkra. Men Jone vart kyrkeeigar berre fram til 1731. Då selde han Åkrakyrkja til Bertel Augustinussen Dons. Ved skiftet etter Dons, som ikkje hadde born, gjekk Åkra kyrkje til borna åt syster hans, året 1758. Den eldste av dei,

Daniel Rasmussen Søndeland, kjøpte alle partane og kom såleis til å eiga kyrkja åleine. I 1787 selde han henne til Anders Mikkelsen Mannes for to hundre riksdalar. Endeleg hadde kyrkja kome tilbake til sokneborn, men dette skulle ikkje vara lenge. I 1794 selde Mannes kyrkja til Ole Grinde på Asbjørnshaug i Skjold for to hundre og sytti riksdalar. Same sum fekk han for Ferkingstad kyrkje og, den gjekk i same handelen. Så skifte det med eigara heilt fram til 1818.

Kaldt og trøngt i kyrkja

Om sundagane samlast folket til gudsteneste, og dei kjem så fulltalig at mange må stå i midtgangen, dei sit i trappene til preikestolen, og ein flokk må stå utanfor. Sprengfull kyrkje kan tolast under altar- og preiketeneste. Verre vert det når det skal vera dåp eller altargang, aller verst når ungdomen skal fram på golvet til overhøyring. Kyrkjetenaren, klokkaren og presten, må be folk trengja seg saman, elles må nokre gå ut. Det lyder vondord frå dei som må vika plass, helst frå dei som må ut or kyrkja. Dette, skriv presten, «forårsager ubeskrivelige Ulydigheder, anstødelige Ophold og Uordener i Gudstjenesten». Dei som sit inne i kyrkja, har det alt anna enn bra. Om vinteren er det så kaldt at det går på helsa laus. Ein skal ikkje undrast på dette når ein veit at nedste planken i huset er kavroten, så ein ser gjennom veggen og ut på kyrkjegarden. Presten ber om at det må leggjast stein under grunnplankane, svillene, og fyllast i med leir og kalk, så folk kan gå til kyrkje utan å setja helsa på spel. Korleis ein skal skaffa pengar til det som trengst, det løyser ut hjartesukk hjå prest og kyrkjelyd, i så fattig og arm ei tid. Men alt året 1771 kan presten opplysa at alt er vølt både utanpå og inni. Det står bra til med ornamenta og, så nær som oblatoskja, den er skamfaren av makk. Reparasjonen kan likevel ikkje vera særskilt godt frå seg gjord, etter det me les fem år seinare. Då var sokneprest og prost på synfaring att, og hadde med seg vørde menn frå sokna: David Davidsen, Thomas Pedersen, Åkrehamn, Thomas Ysthus, Didrik Lars Medhaug. Fyrst såg dei nøyne på sjølve kyrkja. Utanpå



Kyrkjetenar Gunnar Oppigard



Kyrkjetenar Sven Svensen Rabben


såg ho ikkje så verst ut, men inne trøngst vøling. Dei takserte det som måtte gjerast, og fann at dei måtte skaffa to tylfter bord, ti alner lange. Svillene, nedste plankane, må ha foring, lapping, glasalner. Altarkleda var heilt ubrukelege, berre karmane full reparasjon. Altarkleda var heilt ubrukelege, berre messegagelen kunne nyttast. Øskja til nattverden er framleis like ring, kyrkjeklokka har brosten og veik lyd. Dør låsen er uforsvarleg. Elles er kyrkja for trøng, berre tredjeparten av kyrkjelyden får plass. I 1785 kjem det etter klage frå sokneprest Krog. Både Åkra og Ferk-
ingstad kyrkjer er i ring stand. I Falnes er det aller verst: kyrkja der har ikkje hatt vindauge på nordsida siste året.

Etter det me har referert frå meldingane til bispen, må vølingsarbeidet ha vore berre halvgjort. Material og handverk har ikkje halde mål. Dette vert endå klårare når ein les det presten skriv 15. januar 1790. I skrivet hans til bispen får me vita at folket har all grunn til å klaga, ikkje minst over dei trønge kyrkjene. Elles har han snert til kyrkjefolket og: presten meiner at Åkra og Ferkingstad kunne greia seg med ei kyrkje, dei fekk ikkje meir enn ei halv mils veg å fara. Men alle seier nei til ein slik tanke. Han fortel vidare

at alt som har med altarteneste å gjera i dei tre Karmøy-kyrkjene hans, er ubrukeleg. Han har lite mod til å bøta på skadene så lenge det ikkje står likare til med sitjepllassen. Ein sår merknad har han til slutt: det har ikkje kome inn godtgjersle for gravferder i manns minne. Dette siste er etter eit vitnemål om at folket sat svært trøngt i det. Året 1796 let presten helst vel over altar- og messekleda, dei er i alle fall i fullt bruakeleg stand.

Brevskifte mellom prest og bisp

Prestane Krog, far og son, har vore flinke til å skriva om kyrkjene som dei er sette til tenrarar i. Hadde dei berre fått gjennom sine framlegg til vøling, så ville det sett heilt annleis ut både med sjølv kyrkja og inventaret. Men det går klårt fram at reparasjonane aldri har vore grundige nok, derfor lyder klagetonen så ofte. Og ein les mellom linene at det går ned over med Åkra kyrkje. Året 1801 sender soknepresten brev til bispen i Kristiansand, og seier ifrå at det er uråd å halda gudsteneste i kyrkja, så ring er ho, — berre i stilt ver er det forsvarleg å samla folk der. Året i førevegen rauk det opp med orkan, og korgavlen bles ned. Denne delen av kyrkja var reist av bord, utan tømmer. Det flyt inn i kyrkja ved kvar regnbye, heilt opp til altaret. Presten opplyser at han har skrive til Ole Grinde så tidleg som 2. januar 1800 og bede han ta vare på kyrkja. Han måtte sjå å vøla henne i rett tid, elles kunne han koma til å tapa eigedomsretten sin. Krog ville ikkje på nokon måte koma eigaren til livs, berre gi han ei påminning. Tre månader går, og dei høyrer eller ser ikkje noko til Ole Grinde her ute i Åkra. Då er det Krog skriv til bispen og ber han seia ifrå. Han peikar med det same på at han personleg har hatt utlegg til kyrkja, til arbeid som kyrkjeeigaren hadde plikt til å gjera. På ein eller annan måten må likevel Grinde ha gitt lyd frå seg, for presten skriv at med tome ord og utflukter «man ey er i Behold».



Kyrkjetenar Andreas Olsen



Kyrkjetenar David Didriksen

Seinast 1810 har kyrkja atter fått ny eigar. Sokneprest Fredrik Arentz Krog, som kom i embetet 1802, skriv at eit par bønder frå Kvinnherad fór ikring og handla, og dei veik ikkje av for ein kyrkje-handel. Dei kjøpte Åkra kyrkje av Ole Grinde, men selde henne snart til Peder Pedersen Næss frå Strandebarm. Han fekk skøyte på henne i Bergen, på hausttinget der, endå han ikkje sjølv var til stades. Han viser ikkje minste interesse for huset han har kjøpt, kjem ikkje her ut dei fyrti to åra. Han krev ikkje inn kyrkjetiend heller. Presten må sjølv syta for det som absolutt trengst, såleis brød og vin til nattverden. Han ser seg nøydd til å seia ifrå til bispen, at han ikkje greier utgiftene år etter år når han ingen ting får frå kyrkje-eigaren. Gjestgevar Tørres Nielsen i Åkrehamn kjem presten til hjelp, og åra 1811 og 1812 tek han på seg dei utlegg som må til. Han skriv til Næss, men får ikkje svar. (Nielsen var meir pennefør enn folk flest den tid.) Dei ser at dette kan ikkje gå slik, og så skriv presten til bispen og ber han ta seg av saka med Næss ... Noko vidare vert ikkje gjort for det fyrti, og året 1814 sender atter soknepresten brev til bispen og fortel at Næss synest likesæl om alt som har med kyrkja å

gjera. (Næss gjorde ikkje noko med Ferkingstad kyrkje heller.) Skulda til Nielsen er ikkje kvitta, og endå eit års utlegg har kome til. Endå ein gong same året melder Krog ifrå til bispen, at han har halde det gåande med brevskriving om kyrkjene heilt sia 1802, då han tok imot soknekallet. Han har hatt store personlege utgifter og mykje bry. Sist skreiv han til forlikskommisjonen i Strandebarm og bad om at Næss måtte kallast inn og gjera greie for seg. Han opplyser at begge kyrkjelydane har klaga til amtet, fylket, at det står sorgjeleg til med kyrkjene, og mest over dette at kyrkja ikkje har råd til å halda nattverd-element. Fylket har sendt klagen vidare til bispedømet, «til stiftets videre forføining, står det. «Men til denne dato har herr Pedersen ligesaalidt indfundet sig som Kirckernes store Brøstfældigheder ere afhjulpne. Sagen taaler ey længere Opsættelse da Kirckerne nu ere i den Forfatning at ingen Gudstjeneste kan eller bør forrettes i dem til anstundene Vinter uden helbreds Tab både for Præst og Tilhørere. Folket knurre og tilskriver min Ligegyldighed eller Uefterrettelighed at ikke Manglerne ere afhjulpne. Jeg nødes derfor herved underdanigen at forestille Deres Høiværdighed, om det ikke bliver en uundgaelig Nødvendighed, med det aller første at foranstalte en Besigtigelses Forretning af vedkommende Øvrighed over begge disse Kircker og Ejeran sat under Tiltale for Kirckernes uforsvarlige Tilstand og resterende Kirkeafgifter.

Falnes Præstegaard den 2 den August 1814. F. Krog.»

Det gjekk ikkje fort med svaret frå bispen. Han var ikkje den mannen til å få sakene frå seg som sokneprest F. A. Krog, etter det me lærer av brevskiftet mellom dei. Eit sårt og alvorleg brev kjem det atter frå Krog til bispen. Krog er nå prost i Karmsund, og slik høgtideleg tiltale som han nyttar denne gongen, har det ikkje kome frå hans penn før:

Høiadle og Høiærværdige
Herr Biskop Sørensen,
Kommandør af Nordstjernen,
Ridder af Dannebrogordenen,
C H R I S T I A N S A N D.

Med vemod og bitter Græmmelse må jeg herved tjenstærbdigst an-



Kyrkjetenar Tørres Vea



Kyrkjetenar Selmer Liknes

drage for Deres Høiærværdighed: At Ackre og Ferkingstad Annexkircker nu ere i den Forfatning, at Gudstjeneste umuligen kan afholdes i dem. De ere uden Døre, uden hele Tagvinduer, uden Stolesæder, og der findes ei noget Sted i disse Kircker hvor man staar draabefrit naar det regner sterkt. Det er derfor jeg herved, i eget og Menighedernes Navn tjenestærbødigst udbeder mig Deres Høiærværdigheds Bestemmelse for hvor til næste Vinter Gudstjenestene skal holdes for disse Menigheder, da Præst og Tilhørere maa udsættes for Helbreds Tab ved at samles efter Michalis Dag til Gudstjeneste i slige Kircker.

Falnæs Prestegaard den 2 den August 1816. F. Krog.»

Søksmål vart reist mot mannen som åtte kyrkjene, Peder Pedersen Næss, og i Bergens Stiftsoverrett fekk han dom 3. august 1818. Han skulle betala ein sum til kyrkjene i Åkra og Ferkingstad, og egedomsretten miste han. Men han ville ikkje vedgå at han hadde forsømt pliktene sine, og søkte om å bli fri mulkten. Søknaden vart ikkje etterkomne. Kyrkjene høyrdde frå nå bygdefolket til. Frå Statsarkivet i Bergen får me brev der det står:

«Dom i ovannemnde sak er innført på fol. 113 b ff. i herverande Domsprotokol nr 4 i Bergen Stiftsoverrett, og det heiter her m. a. på folio 116: «Thi kjendes for Ret: Hjemtingsdommen bør ved Magt at stande, dog saaledes: at de i Dommen ommeldte 4951 Rbd 2 Merk. N. V. overgaae til og udredes med 792 Spdr. 25 3/5 s.som til Statscassen erlægges, samt at indstævnte Peder Pedersen Næss foruden de han idømte Sagens Omkostninger endvidere betaler det stempledte Papir som til Sagen for Underretten skulde have været forbrugt.

Saa betaler han i Sallarium til de mod ham for Overretten befalede Sagførere 8.Spdrl., hvoraf forhenværende Procurator nu Høiesteretssekretair Olsen tillægges 6 Spdlr. og procurator Christensen 2 Spdlr. I øvrigt ophæves Processens Omkostninger for Stiftsoverretten.

At udredes og fuldbyrdes inden 8 Uger efter denne Dombs lovlige Forkyndelse under adfærd efter Loven.»

Desse vanskelege åra har prest og andre gode menn gjort det som stod i deira makt, så det kunne haldast gudsteneste på den vis det vart. Sommars tid samlast dei under open himmel, og kyrkjelege handlingar gjekk så nokolunde. Om vinteren var det verre. Men sokneprest Krog var ein mann som aldri gav opp, og ved personlege utlegg fekk han vøla litt på kyrkja nå og då, så folk kom saman når veret var så nokolunde. Den gode hjipesmannen Tørres Nielsen i Åkrehamn hadde kanskje endå større utlegg, og me veit ikkje om dei fekk att pengane sine. Sist i oktober 1819 skriv sokneprest Krog: «Ferkingstad Annex kirke, som er aldeles ødelagt og i 4 år ubrugt, er ved Kgl. Resolusjon nådigst overdraget til Sognets Almue, som til næste aar agter at oppbygge den. Om Ackre Annexkirke, hvori endnu med megen Møie Gudstjenesten holdes, for de to Menigheder, gjelder hvad meldt er om Ferkingstad Kirke.» Dette siste gjeld inventar og ornament, som er i ring stand.

Ingang.

1. Ejere Barn! vil du ikke gjerne være lykkelig paa Jorden og salig i Himmelens?
2. Vil du da gaae den Vei, som fører dig til dette Maal?
3. Ja, derfor jeg kan finde den.
4. Troer du ikke, at der er en Gud til?
5. Jo, thi Verden kan umulig have skabt sig selv men maa have en Aarsag ældre og høiere end alle Ting, hvilket evige Døsen kaldes Gud.
6. Troer du ikke, at Gud raader over Saligheden?
7. Jo visselig, thi han er over alle Ting.
8. Troer du ikke, at denne Gud under dig Saligheden?
9. Jo, thi han er en god Gud.
10. Mon Gud ikke vil vise dig Saligheds Vej?
11. Jo, det kan ikke feile.
12. Hvorved viser Gud mig og dig denne Vej?
13. Ved sit Ord.
14. Har vi da dette Guds Ord iblandt os?
15. Ja, i den hellige Skrift, som kaldes Bibelen.
16. Har Verden altid haft Guds Ord?
17. Ja, ved umiddelbare Åabenbaringer og de aldrende Fædres mundtlige Undervisning fra Slægt til Slægt har Menneskene for Moses Tid haft Guds Ord, men skriftlig var det ei optegnet, forend Nobs ses dermed gjorde en Begyndelse.

Faksimilside,
Pontoppidans forklaring

Den forordnede

Kirke-

Psalmebog,

til

Gudstjeneste paa Søndagene, Festerne, Bededagene, og til anden gudelig Brug, i Kirken og Huusandagt; af gamle aandrige Sange;

tilligemed

Collector, Epistler og Evangelier, Lidelseshistorien, Kirke- samt andre Bonner.

Af

Dr. Th. Ringo,
sørdum Bislop i Gyens Stift.

Siste gudstenesta i gamlekyrkja i Åkra
vart halden 11. mai 1820

Den som stod for strevet med skriving til kyrkje-eigarane, til bispen og til andre som måtte ha brev, var soknepresten, Fredrik Arentz Krog. (Einaste verdfulle hjelparen synest vera Tørres Nielsen, Åkrehamn.) Presten hadde stort arbeid med dette, og alt gjekk seint den tida, så han fekk venta lenge på svar, ja stundom i årevis, såleis i brevkifte med likesåle kyrkje-eigarar. Likevel er ikkje tonen beisk, men noko sår av og til. Det går ei mengd med brev frå prest til bisp, og her tek me med litt frå det året då det lysna for prest og kyrkjelyd i kyrkjespørsmålet:

Falnæs Præstegaard, d. 25. Mai 1820.

Høiædle og Høiærværdige
Herr Biskop Sørenszen,
Commandeur af Den Kongl. Nordsternes Orden og
Ridder af Dannebrogren.

Jeg anseer det for min Pligt, allerærbdigst at tilmelde Deres Høiærværdighed: at Ackre og Fercingstad Menigheder have paabegyndt ærværdighed: at Ackre og Fercingstad Menigheder have paabegyndt deres Kirckers Bygning. Begge skulle opføres af Nyt, og saa store at de kunne komme til at rumme deres Menigheder fuldkommen vel. Ackre Kircke bliver circa 30 Alen lang og 14 alen bred. Ferckingstad 18 Alen lang og 11 do. bred, begge med taarn til klokkerne. Til Michaelis Dag haaber man at faa dem saa vidt i Stand, at Gudstjeneste kan begynde at afholdes i dem. I sidste eftear Mindedes Menighederne om at gjøre et frivillig Sammenskud forat kunne bestille og indkjøbe Tømmeret, og betimeligen i dette Aar at kunne paabegynde Arbeidet. Havde de ikke fattet denne Beslutning, da havde Arbeidet ei heller i dette aar kunnet paabegyndes. Thi endnu er ikke een Skilling indkommet af hvad den domfældte Eier er tilpligtet at betale. Den ved Execution udbragte Summa beløb sig til lidet mere end det Halve. Hvad der indkom ved Dom, over det exequerede acquirinto Auction, eller inden denne er afholdt, har man ikke hørt det Ringeste om, saa denne Sag bliver ved at drages ud i et uendeligt Langdrag.»

Men så får skrivet ein heilt annan tone. Presten legg frå seg sutene for det som Peder Pedersen Næss har gjort eller ikkje gjort, og let tanken kvila ved det kyrkjebygget som skal stå ferdig før året er slutt. Krog held fram:

«Gud være lovet! De gamle skjændige Ruiner ere omsider ikke mere at finde. Under Gud mig at leve næste Sommer, da oplever jeg nok ogsaa den Glæde, at faa to nye Gudshuse indviede i mit Kald. Og forat denne Høitidelighed skal vorde fuldkommen, glæder jeg mig i Haabet, at min ædle Biskop, hvis det er ham muligt, laver det saaledes at han personligen forretter denne høitidsfulde Forretning.

Fortsættelsen af Falnæs' Hovedkirckes Reparation og Istandsættelse skal også om 14 Dage paabegyndes. Det gamle Kor skal ned og for-

høies og alt indvendigt Arbeide i Kircken fuldføres. Jeg har altsaa kun Bukken Kircke nu tilbage at forrette Gudstjeneste i denne Sommer. Det lader sig neppe gjøre at kalde de 3 øvrige Menigheder dit til Gudstjeneste, medens de øvrige staae under Bygning, da 1½ Miils farlig soreise skiller Bukken fra Skudenæs. Jeg har tænkt at samle de kirkeløse Menigheder nu og da til Gudstjenestlig Andagt under Guds frie Himmel denne Sommer.

Har Deres Høiærværdighed noget imod denne min Beslutning?

Uagtet jeg nok er en blandt de sildigste, der frembare Lykønskning til Deres Høiærværdigheds lykkelige Tilbagekomst fra Deres Udenlandsreise, tør jeg dog forsikre, at mine Ønsker og Bønner for Dem og Deres have ligesaa oprigtigen fulgt Dem paa Deres lange og vist ofte besvarlige Reise, og min Glæde ligesaas inderlig over Deres Hjemkomst, som deres der grebe den allerførste Anledning, til at bevidne Dem Deres Deltagelse.

Min første Embedsskrivelse til min ædle Biskop, efter hans lykkelige Hjemkomst, slutter jeg med Hjertets inderligste Tak til Gud, fordi han atter er sund og glad iblandt os.

Høiærværdighed, F. Krog.

Biskop Sørenszen noterer med glede at soknepresten i Skudenæs vil halda gudstjenester under open himmel. Det er framifra korrespondanse mellom prestegard og bispekontor dette året, og prest og bisp gler seg over den interesse som folk legg for dagen når det gjeld kyrkjebygging. Ut på sommaren sender atter Krog eit langt brev til bispen.

Falnæs Prestegaard den 22 Julii 1820.

Høiædle og Høiærværdige
Herr Biskop Sørenszen
Commandeur af Den Kongl: Svenske Nordstjerne Orden og
Ridder af Dannebrogren,
Christiansand.

Ifølge Deres Høiærværdigheds gunstige Skrivelse af 5. f.M. giver jeg mig den ærbødige Frihed, st indmelde: at Falnæs' Hovedkirkes Reparation neppe bliver færdig, førend i Midten eller Slutningen af Ocktober maaned. Choret er rigtignok nu kommet under Tag, og



Sokneprest Wille



Klokkar Haugland

Bordtaget omkring hele Kirken er istand. Men det indvendige Arbeide i hele Kirken vil medtage Tid, da Almuen ikke har kunnet anskaffe flere end 2-de duelige Arbeidere hertil, og Almuen ikke selv kan række Haanden til dette slags Arbeide. — Med Ackre og Ferkingstad række Haanden til dette slags Arbeide. — Med Ackre og Ferkingstad gaar Arbeidet raskt. Ferkingstad er allerede tegllagt, Gulv og Hvælving indvendig Færdig. Ackre Kirke er sivtækt, Taarnet reist og bordklaedes nu. Denne sidste bliver et smukt Tempel og bliver An-lægget fuldført, vil Deres Høiærværdighed glæde Dem over at faa her ved Nordhavets barske Bredder, den nydeligste Landsbykirke på mange Miiles Omkreds. Almuen gjøre et betydeligt Offer. De gaae med Glæde og Enighed til Arbeidet, skjønt de endnu ikke have faaet første Skilling fra den domfældte Kirkeeier, og ikke et Bogstav fra Stiftet i Bergen, uagtet de 2 Gange have forespurgt sig derom. Enten de faae Noget eller Intet, have de dog givet mig Forsikring om at jeg efter Michaeli ei skal behøve at holde Gudstjeneste under Aaben Himmel.

Jeg veed ikke om Deres Høiærværdighed udsætter Deres forehandede Visitats i Skudenæs Præstegjeld til næste Sommer, deels for de

3 Kirkers nuværende Bygning, deels for de 2 nye Kirkers Indvielse da, fordi baade Præst og Almue saa inderligen ønske, ei maate ske ved nogen Anden end vor talentfulde Biskop. Hvis dette skulde være Tilfældet, tør jeg da allerærhødigst udbede mig min Biskops gunstige Tilladelse til at gjøre en kort Tour til min Søster, Sorenskriver Monsens Enke i Sundhordlehn, enten i næste eller aller først i September maaned. Jeg har i flere Aar ikke seet denne gode, elskværdige Søster, som i fleire Henseende trænger min Nær værelse, og i Aar kan jeg uden betydeligt Tab for Embedet, bedst rive mig løs fra Hjemmet.

Med dybeste Høiagtelse og Hengivelse
Deres Høiærværdigheds
Allerærhødigste
F. Krog.

Seinhustes eller vinters dag var det vanskeleg å reisa frå Kristiansand til Karmøy på kyrkjevigsle. Visitasane i utkantane av bispedømet vart lagde til sommarhalvåret, og fram på våren 1821 skulle det vera kyrkjevigsel i Åkra. Men denne tida høvde ikkje for folket i prestegarden. Sokneprest Krog skreiv derfor til bispen 6. april, og bad han venta eit par månader. Her les me millom anna: «... Hvis Deres Høiærværdighed ikke har endnu lagt en fast og ufravigelig Plan for Deres Reise til Vestlandet i dette Aar, skede oss en Tjeneste om Deres Komme til Falnæs kunde udsættes til Junii Maaneds Ende, hvilket muligens, uden at genere Dem, kunde lade sig gjøre paa følgende Maade: Jeg staar i den Formening at Deres Høiærværdighed har bestemt Dem til at visitere i Ryfölcke Provstie i Aar. Naar da Touren i Ryfölcke er afgjort, faldt det maaske beleiligst at gjøre det forestaaende Sidesving her ud til Vesterhavet, og da haaber jeg, næst Guds Bistand, at baade Verten og Vertinden paa Falnæs matte kunne sige: Herren har gjort vel imod oss, derfor ere vi glade... Derfor er vor kjære Biskop og vore øvrige Venner nu desto inderligere velkomne! Naar jeg faar et behageligt vink om, naar og hvor Deres Høiærværdighed visiterer sidst i Ryfölcke, da skal jeg med paalidelige Folk og Baad møde, for, som Styrmand, at ledsage Dem til Falnæs, og siden til Stavanger, hvorhen jeg indbilder mig at Touren herfra vil komme til at gjælde. Ved denne Anledning haaber jeg og,



Nybygd kyrkje 1820

ikke at mangle geistlige Ordensbrødre, som vidner, ved mit 12. levende Barns Daab. I min Tines og eget Navn nennen jeg ogsaa at stævne vor kjære Biskop. Sikkert indbilde vi oss da, at den forhaabentlige Askefiis . . . ungaaeligen skal vorde Præst eller idetmindste Præstekone engang, naar Fader og Moder have forladt deres Flok og sove i deres Grave.

Achre Kirke er den største og rummeligste i Skudesnæs Præstegjeld. Jeg tror derfor at Deres Høiærværdighed, paa Augvaldsnæs for mig ytrede at Visitatsen ogsaa kunde afgjøres Indvielsesdagen, meget beciligen lade sig realisere. Derved vindes nu og, flere Dage til hvile



Biskop Sørenssen

og glad Omgang paa Falnæs. Presten vil ogsaa derved forskaanes for en Præken til Visitatsdagen, det han seer saa gjerne, fordi han sikkert indbilder seg at hans skrøbelige Aand vil i de dage vorde ligesaa lidet villig, som skikket, til at tænke paa en tale, han ei skulle have for stor Skam af for Slige, ham aldeles usædvanlige Tilhørere. Reisen til Ferkingstad tænkes da paa efter nogle Dages Frist og Hvile.

Dersom flere Præster end de Carmsund Provstie kan skaffe, behøves for at assistere ved Kirkeindvielsen, da beder jeg aller naadigst at min Herr Biskop gunstigst vil tillade mig, hertil at innbyde 2 de mine Venner fra Nabostiftet: Herr Provst Hertzberg til Findaa og Herr Normann i Etne. Begge disse mænd ønsker jeg saa gjerne at faa hos mig i denne anledning, og det langt heller, end nogen anden Nabo udenfor Carmsund Provstie, dem jeg saa lidet kjender til, og i deres Omgang som jeg kjender, har jeg ikke fundet Hygge. — At Deres Høiærværdighed ogsaa vil more Dem i ovenmeldte Mænds selskab, dette tør jeg næsten forsikre.

Deres Høiærværdighed tilgive denne min lange Epistel, og hvis mine deri ytrede Ønskers Opfyldelse skulle genere Dem for meget i

Deres Reiseplan, da beder jeg Dem indstændigst, ikke at tage mindste
Notise deraf.

Falnæs Præstegaard, 6te April 1821.

Allerærbdigst og hengivent,

F. Krog.

Så kom vigselsdagen i Åkra kyrkje, sundagen 29. juli 1821. Av det som før er skrive, går det fram at kyrkja då hadde vore i bruk ei tid. Fyrste preika i nykyrkja vart halden 5. november 1820. Detaljar frå vigsla kjunner me ikkje, men biskop Sørenssen forretta. Tonar lydde frå ny klokke, som var omstøypt i Stockholm i 1820. Dagen etter at Åkra hadde fått kyrkja si vigd, var det visitas i Falnes, hovudkyrkja i prestegjeldet. Soknepresten, Fredrik Arentz Krog, heldt preika over Joh. 3,19 «... Med kraft og udførlichkeit», skriv bispen i protokollen. Og meldinga held fram «... Hvorefte han med megen Rigtighed og Orden Cathekiserede Ungdommen, hvoraf nogle Enkelte svarede vel baade til hans og mine Spørgsmaal,» skriv bispen. «Men de fleste røbede megen Tankeløshed. I Indenadlæsningen vare adskillige tilbage, hvilket ingenlunde maa tilregnes ham, men Forældrenes Skjødesløshed, hvilke det Førnødne blev sagt i denne Sags Anledning.

Da Visitatsen var Slut, holdtes Mødet:

A. Kirkehøgerne og Embeds Protokollerne fandtes i behørig Orden.
B. Over Menighedens Christelige Forhold, Helligdagenes Overholdelse vidste Man ingen Anke ...» Så heilt bra stod det likevel ikkje til. Soknepresten vart nøydd til å mælda nokre ungdommar for usømeleg ferd. Lensmannen sende saka til futen, men ein veit ikkje om det vart gjort noko frå hans side.

C. Ritualet følges og efterleves.


D. Dette Præstegjeld har blot omgaaende Skoleholdere, hvis Antal skulde være 8, men kun 2 faste haves for nærværende tid på Grund af den usle Løn, 6 Specidsaler 2 Ort, hvilken nu er forøget til 12 Spd. Deres Undervisningstid kan anslaaes til 30 Uger.

E. Saavel Sognepræsten som de paa Menighedens Vegne tilstedeværende ytrede Intet uden Tilfredshed med hinanden.

Af Præstegjeldets Kirker er Hovedkirken nylig istandsat og udvidet. De to Annexkirker Ackre og Ferckingstad forrige Aar opbyggede af Nye, Alt på Menighedernes egen Bekostning, som især i disse be-



Von der Lippe



Prost Johan Lyder Brun

Nye, Alt paa Menighedernes egen Bekostning, som især i disse besværlige Tider bliver dem til dobbel Ære. Bukkens Annexkirke er, foruden at være forliden, ogsaa meget gammel, dog vedligeholdt saa nogenlunde. Præstegaardens baade Vaaningshuus og udhuuse ere i god Stand. Enkesædet Sæbøe, som ligger paa Bukken, bruges af 4 Opsiddere, holdes i vedbørlig Stand, paa en af Opsiddernes Huuse nær, hvorfor fornøden Omsorg maa drages.

Sørenssen, Jalles, F, Krog.

K. L. Falnes. Hans Didriksen Dahle. Endre Olsen Randa.

Erich Didriksen Medhaug. Abraham Thomassen Østhuis, Tørres Nielsen, Erich Larsen. Svend Haaland.

Anders Gundersen. Torgils Larsen Ahre.

Poul Andersen Haaland. Lars Olsen Kro.

Asbjørn Christophersen Furevigen.»

Namnelista viser at menn frå alle fire soknene var med på bispevisitasen.

Året etter, 1822, kjem det inn ein lys tone når presten skriv til prost og bisp om kyrkjene. «Ackre og Ferckingstads Kirker, som af Nyt opbyggedes, ere i bedste Stand. Orkanen 11te Marts d.a. bortrev

en betydelig Deel Pander af begge disse Kirker, men denne Mangel er straks afhjulpen. Ornamenterne svare ei til Bygningerne. De ere deels gamle, deels daarlige. Især er Kalken i begge Kirker meget forliden, da den maa 3 Gange fyldes for at kunne række til et Knæfald af Communicanter.»

Soknepresten har berre godt å seia om kyrkjene i 1824 og. Folket held dei i bra stand. Men dei tronge tidene er årsak til at det som trengst inne i kyrkjene, det greier ikkje kyrkjelyden å skaffa. Alt utstyret til altaret er ringt, presten nyttar ordet *uanstændig*. Sømeleg stor kalk har dei ikkje fått, og i meldinga eitt og to år seinare nemner han etter dei kleine ornamenta. Det er ikkje uvilje hjå folket som er årsak til svikten, men usle inntekter. Eit år fortel han om orkan seinhaustes, og det gjekk særleg ut over kyrkja i Bokn. Karmøykyrkjene greidde seg, ser det ut til. Krog melder og at dei tre kyrkjene på Karmøy er bra store, så folket får plass. Takksam prest og takksame kyrkjelydar kan me trygt notera ut etter 1820 åra.

Frå visitasen 1828 har me eit langt og vakkert skriv frå prosten J. Von der Lippe som då var sokneprest i Avaldsnes. Det er over tre tettkskrivne sider og viser kor nøye kyrkjelyd, sokneprest og prost tok det med kyrkjelivet. Me tek med eit utdrag:

17. Søndag efter Trefoldighed 1828 holdtes Visitas i Falnes Hovedkirke, ved hvilken Gudstjenesten med Prædiken bestyredes af Stedets Sognepræst. Prostiets constituerede Provst deltog i Cathekisationen. Den følgende Dag, 29. September, afholdtes lovbefalet Visitasmøde paa Falnæs Præstegaard, ved hvilket de sædvanlige Spørsgsmål fremsattes og befalede Undersøgelser anstilles, og man kom derved til at gjøre følgende Bemærkninger og i Anledning af dem at tage de Forholdsregler som Nedenstaaende indeholder:

1. Embedsbøgerne, som fremlagdes, og som vare de samme som de, der i seneste visitatsmøde bleve foreviiste, med tillæg af Forhandlings- og Regneskabsprotocol for Fattigcommisionen saa og Forhandlingsprotokol fra Skolecommisionen, vare alle autoriserede og bleve forsynede med Anviisning Paategning med Undtagelse af Vaccinationsprotokollen, hvori ingen vaccinerede vare indførte dette Aar. Store Rubrikker i Sognepræstens og Klokkerens Ministerialbøger vare fuldkrevne, hvorfor det blev vedtaget, at af Nye for hele Præstegjeldet gjeldende Mi-

nesterialbog skulde anskaffes i Overensstemmelse med Kongelig Resolution af 2. November 1820, og hvori Sognepresten vilde indføre Antegnelserne for anstundende Kirkeaars Begyndelse. Over Præstegjeldets Archiv var i Kaldsbogen indført en Fortegnelse, hvoraf Gjengpart var tilstillet Prosten.»

Dette gir opplysning om at klokkaren fører minesterialbok. Vidare er det ført til protokols merknader om presteheimen på Falnes. Husa er gode og vel haldne i stand. Falneskyrkja er særsvakker, til ei trekirke på landet å vera. I Bokn står det att nokre småting å vøla på kyrkja og kyrkjegarden, men folket vil få skikk på dette snart. Ferkingstad kyrkje er i fin stand. Kyrkjeverja, *Anders Gundersen Ferkingstad*, får særsvin omtale. Han har ført grei rekneskap for kyrkja i mange år. I Åkra har folket hug til å måla kyrkja og i det heile gjera henne fagrare. Dei vil kle altarfoten, ny kalk har dei fått. Klede til altartenesta skal snart koma, — dei gamle er svært slitne. Kring kyrkjegarden har dei sett høgare gjerde, så kyrne ikkje skal sleppa inn. Kyrkjeverja, *Govert Anderssen Tjøsvoll*, legg fram protokollen med opplysningar om inventaret i kyrkja. Tjøsvoll har brukt lause blad til rekneskap frå åra 1826 og 1827. Ei ku, som kyrkja skal ha ått til denne tid, veit ikkje kyrkjeverja noko om. Slik var det i Falnes og, så ein må tru at det vart ikkje meir fehald til inntekt for kyrkjene.

Om moralen i kyrkjelyden talar dei alvorleg i visitasen. Samtalen synest vera open, og dei som har ordet, meiner det står betre til enn for nokre år sia. Kyrkjesøknaden er god.

Så kjem dei til skulestellet, og me siterer: «Skolevæsenet havde hidindtil været indrettet efter de ældre Forskrifter, og baaret Frugter saa vidt man kunde ønske sig det, efter den mindre fulkomne Organisation, da Vedkommende havde stræbt at opfylde deres Pligter. Imidlertid haabede man meget af en efter sidste Lov forandret Indretning, omend Almuens Forfatning ikke nu tillod hvad på flere Steder Lokaliteterne tillade, at oprette faste Skoler. Mødets Medlemmer gjordes bekjendt med enkelte Grundsætninger for Underviisningen, og forelagdes de hertilhørende Læse- og Skrivetabeller, som Kirkedepartementet havde tilsendt Provstiet.»

Den gamle ordning, som dei hadde halde seg til, var *Forordning* frå




Falnes prestegard 1843

1739 og Plakaten 1741. Denne siste loven tok brodden av Forordning, så det var ikkje stor greie på skulestellet og skulegangen fram til 1827, då me fekk Lov om Almueskolen. Denne siste loven er det dei nå talar om i visitasane, og som skal koma til å snu heilt på skulestellet. I vårt prestegjeld var det stor interesse for skulen. Presten Krog og dei som stod han næraast i kyrkja, la mykje arbeid på folkeopplysning. Visitas meldingane syner at dei hadde folket med seg. Året 1829 hadde talet på skulekrinsar kome opp i sju (distrikt) i heile prestegjeldet. Ein av krinsane i Falnes hadde klokkaen til lærar, men nå var han så gamal at han hadde søkt avskil. Kvar skulekrins var delt opp i grønne lag, med fire eller seks dagar skule hjå bøndene og halvparten hjå husmennene. Og skulemeisteren hadde kome bra opp i løn, som me før har nemnt, heile tolv dalar til året. Løna vart betalt av skulekassen, og folk gav tilskot etter råd og stand. Bønder betalte årleg tretti skilling, husmann og inderstar* åtte. «Og folk udenfor Bondestanden efter en foretaget Ligning.» Dagboka som læraren førte, vart lagd fram på visitasen og underskriven der. Dette året, 1829, får me vita noko om

*) Inderst, ein mann som ikkje åtte jordveg, eller leigde jord.



Sokneprest Plahte



Sokneprest Borchgrevink

det dei hadde å hjelpe seg med i skulane: biblar, nytestament, skuleloven frå 1827 og framlegg til helsereglar, som Departementet gav ut.

Sokneprest Krog er komen opp i åra, han er i seksti års alderen, og siste året har han ikkje vunne på å fara ikring og ha overhøyring med skuleborna. Men han vonar han skal koma rundt i bygdene att med det fyrste.

Etter visitasen heldt dei skulestyremøte, skolecommission, og tok føre seg det som hadde med skulestellet å gjera.

Mellom underskriftene finn me minst to frå Åkra sokn, Peder Knudsen Mannes og Elias Jacobsen Midhaug.

Visitasane varte mange dagar. Bispevisitasane var dei største. Då var bisp, prost, sokneprest, klokkar og medhjelparar med. Dei heldt for det meste til i hovudsokna, men måtte ikring til alle kyrkjene og sjå på dei. Mykje tid gjekk med til desse ferdene, så ringt som det var med vegar og køyregreier. Etter at kyrkjene i Skudeneshøgda prestegjeld var bygde opp att, gjorde dei seg umak med å skriva nøye om alt. I mange år er det nemnt i meldingane at Åkra og Ferkingstad kyrkjene var nye. La oss ta med noko som er ført til protokols.

Besigtigelse af Ackre Annexkirke 1829

Aar 1829 den 22. September om Eftermiddagen holdtes Besigtigelse over den Skudesnæs Præstegjelds Annex Sogn Ackre tilhørende Kirke ved Provstiets Provst, Præstegjeldets Sognepræst, Kirkens Værgovert Anderssen Tjøsvold samt Sognets Medhjælpere, Petter Knudsen Mannes og Elias Jacobsen Medhaug. Kirken var en i Aaret 1820 opbygget Træbygning, der er 27 Alen lang, 14½ Alen bred og 9½ Alen høj indvendig fra Høiden Af hælvingen til Gulvet og havde på vester Side et Forhuus af Stander Verk med ovenomsat Taarn. Den var udvendig bemalt med Tjære og brunrød Farve, samt belagt med Tegl. Indvendig blev den netop i denne Tid malet og meldes i færdig Stand, og saavidt man kunde skjonne, kunde regnes til Landets vakkre Kirker. Ordentlige Stole vare indrettede i den, og den havde en Lem der vel rummede over halv Hundrede Mennesker. Dens Chor var en del af ovenmeldte Træbygning 8 Alen i Bredden adskilt fra Skibet ved et Trærækværk. Mangler fandtes ikke ved Kirken. Det eneste som burde anmærkes, var at Alterfoden var ikke endnu betrukket. Alt Inventaret fandtes undtagen Oblataesken, Alterbog og Psalmebog maatte forsynes med bedre Indbinding. De nevnte ubetydelige Manglene lovede Vedkommende at afhjælpe snarest muligt. Kirkeprotokol fremlagdes, Regnskab fra 1827 var indført i Samme. Løst Regnskab fremlagdes for 1828, og Kirkens Beholdning, hvori Restancer vare indbefattede, udgjorde 55 Spd. 4 Ort 8 Sh. Dette sidste Regnskab paalagdes Kirkeværgen at indføre i Protokollen. Kirkegaarden var tilstrækkelig dyb, omringet af en i Firkant ordentlig opsat Graastensmur, hvorigjennom der var en Indgang forsynet med Jernrist. Ved Kirken var ansat Graver, der var Dørvogter og Ringer, og som lønnedes af Menigheden efter enhvers Ævne og Villighed. Det paalagdes Vedkommende at tilsee at Graveren holdt Kirkegaard og Gjærde frit for sønderbrudt Tagsteen og Levninger af Ligkister ... Foruden ovenmelte Inventarium havde Kirken og en Lysesaks, dens Døbefad* ønskede Menigheden at ombytte med et større og mere pas-

*) Døypefaret i kyrkja ber stemplet 1799, men må ha kome seinare, etter det som her er meldt.

sende. Fornødne Spader og Skufler erklærede Værgen ogsaa at faa anskaffet.

Datum ut Suppra.

J.von der Lippe. F. Krog. Govert Anderssen Tjøsvold. Petter Knudsen Mannes. Elias Jakobsen Medhaug.

Conform Visitaprotokollen for Carsund Provsti

bevidner J.von der Lippe.

Denne meldinga syner at Åkra hadde kyrkjetenar året 1829. Me veit ikkje namnet på dei mennene som gjorde tenesta, før fram imot slutten av 1800 talet.

Synnøve-Ola, som budde i Åkrakrossen, var kyrkjetenar i 1880 åra og stod til 1899, då Andreas Kristensen tok atti. Kristensen hadde stillingen fram til 1810. Seinare har me namn og fotografi.

Dei måla som me finn i denne visitasprotokollen, stemmer ikkje heilt med det som før er skrive. Her har det kome inn eit mistak, som kan koma av det at koret er teke særskilt med i denne siste meldinga. Elles er tonen lys, det syner seg etter korleis dei geistlege og kyrkjefolket gleder seg over velstelte kyrkjer. Noko står att ved denne visitasen og, det gjeld altarkleda og sjølve altarfoten. Kyrkjelyden vil gjerne fjlga på alt, men tunge er kåra, og det går ofte fleire år før små utgifter kan greia. Same året, 1829, hadde det kome klage på nokre engelske fraktemenn som dreiv på og lasta inn hummar sundags føremiddagen, i preiketida. Det var i Åkrehamn og i Våga i Bokn dei heldt til. Uskikken hadde vart fleire år, og sundagsarbeidet var i full sving i visitasåret. Det vart lese opp ein protest eller forbod mot slik misbruk av sundagen, og opplesinga gjekk som vanleg føre seg på kyrkjebakken. Skrivet var kome frå dei sivile styremaktene, sagdest det. Soknepresten har etterlyst skrivet, og nå melder visitasmøtet frå til fylket at det må bli slutt på uskikken, som set folk i arbeid med lasting sundags morgnane ... Eit par år seinare får me høyra at det er slutt på dette sundagsarbeidet i Åkrehamn, men i Bokn held dei på endå ei tid.

Med det som treng vøling i kyrkja, går det heller smått. Protokollen viser at kyrkjeverje og medhjelparar framleis gjer det dei kan, og kvart år lovar dei at det skal bli ei råd med det fyrste. Men altar-



Austre parten av Åkra kyrkjegård.

foten får ikkje klede, og fleire andre småting let seg ikkje ordna, avdi det synest rådlaust å skaffa det vesle som skal til.

Gledelege ting er skrivne ned om kyrkjesøknaden og om samarbeidet mellom prest og kyrkjelyd. Ungdomen får ros, for di ingen held seg borte frå samtalane som presten held med dei som siste åra har stått til konfirmasjonen. Men av og til er det meldt på visitasen at folk ikkje alltid held kvileldagen heilag. Om sundagane er det endå ikkje så verst, men skjertorsdag og langfredag tek somme det lett med høgtida, og det er ikkje uvanleg at folk arbeider mest som på vørkedagane. Prest og prost ser alvorleg på dette, og får medhald av dei

andre som har med kyrkja å gjera. Og presten seier ifrå at han vil gi kyrkjelyden ei alvorleg påminning. Dette er året 1831.

Kyrkjetåret var mest utsett for vind og ver, og tolv-tretten år etter at kyrkja var bygd, måtte det ha ny, dobbel bordkledning.

Visitasar har me nemnt fleire gonger, og la oss ta med litt frå soga om desse samværa mellom kyrkjelyden og presteskapet. Å *visitera* vil seia å ha tilsyn med kyrkjelydane. Skikken går heilt tilbake til oldkyrkja. I Salomonsens store konversasjonsleksikon les me at skikken var gammal i Middelhavsland på 500 talet. Bybispen såg til kyrkjelydane sine ut over landet, rettleide prestane og gav påminningar til folket, så dei kunne leva eit kristeleg og godt liv. Ved Reformasjonen fekk visitasane sterke stilling, og bispen såg om kyrkjelydane så ofte det let seg gjera. Han vigsla kyrkjer, førte kontroll med kyrkjebøker og kyrkjerekneskapar, og refste utgliding og usømeleg framferd, enten det var prest eller andre i kyrkjelyden som hadde forsett seg. Året 1818 kom det lov om visitasar, og nå var det ikkje berre bispen som hadde plikt til å reisa ikring i kyrkjelydane: prost, sokneprest, medhjelparar og kyrkjeverjer skulle møta kyrkjefolket kvart år. Dette varte heilt fram til 1909. Bispevisitas får kyrkjelydane kvart sjette år eller så. Prosten er og med då, like eins soknepresten, og elles alle som gjer teneste i kyrkja, soknerådet medrekna.

Frå visitasar i 1840 åra Haugianrar, skulestell, folkekjær prest

Ei merkeleg sak vart lagd fram på visitasmøtet året 1835. Det hadde kome ei ny åndeleg rørsle til Karmøy, og i Skudenes prestegjeld syntest ho få tak i ein og annan av folket. Somme av dei som er samla i visitasmøtet, meiner at denne rørsla bryt med vanleg kristeleg skikk. Ordet *Svermerisk* ånd er nytta om vekkinga, som tydeleg nok er haugianismen. Hans Nielsen Hauge for over Karmøy i 1801, men han heldt møte berre to stader, etter det me veit, i bårstova attmed Avaldsneskyrkja og på Ysthus i Vedavågen. Haugevener fra Sokndal

Samling
af
religiøse Breve,
skrevne af
Hans Nielsen Hauge,
samt
Hans Testament til sine Venner.

Nyt Oplag.

Befordret til Trykken af C. Paulsen.

Stavanger.

Trykt hos Paul L. Dreyer.

og Stavanger kom til Skudeneshavn kring 1830, og dei levde så kristeleg på all vis at ingen hadde noko å setja fingeren på. Likevel vart dei ikkje tolde, og grunnen kunne berre vera den at folk ikkje ville eller kunne forstå dei. Og på visitasen 1835 vart dei stempla for svermarar og proselytmakarar. Dei som hadde med kyrkja å gjera, skjøna ikkje at rørsla var i full utvikling. Dei meinte åndsveret gjekk snart over, og alt neste året står det i visitasprotokollen at «Større Orden er indført, og Proselytmageriet drev ikke sit Uvæsen nær saa Vidt som tilforn.» Og likevel var det haugianarar på heile Karmøy denne tid... På visitasmøtet i Falnes prestegard 26. september 1842 kjem etter

den åndelege rørsla inn i samtalens, og dei som har møtt, seier si mening om *haugianismen*, nå er dette namnet nytt. «De såkaldte Heliges eller Haugianernes Antal antoges snarere at være til-end aftaget. Medhjälperne troede at dette var et godt Tidenes Tegn, forsaavidt de aldri hadde merket Andet end at deres Bestræbelser gik ud paa at fremme det Gode.» Personellkapellan Gabrielsen hadde full tiltru til medhjälparane, sa han, og dei hadde vore på møte saman med haugianarane og funne at alt gjekkosomeleg til. Presten ber medhjälparane fylgja med i det som hender i kristenlivet. Han vil gjerne få vita om det dersom vekkingsfolket på eit eller anna punkt skil seg ut ifrå det andre kyrkjefolket i læra.


I same visitasen vert det meldt om framgang i arbeidet for måtehald. Drikkeskikkane var likevel seige på 1800 talet, og det var alt anna enn lett å få has på dei... Misjonstanken ser ikkje ut til å vera drøft på møtet, endå *Det Norske Misjonsselskap* vart grunnlagt dette visitasåret, 1842. Skudeneshavn prestegjeld hadde seks utsendingar til skipingsmøtet i Stavanger (rettare Hetland, av di Josefinestiftelsen låg utanom bygrensa då.) Fra Åkra var Knut Pedersen Mannes med.

I august 1843 hadde Åkra ein av sine store dagar. Dei som stod for kyrkjestellet, kom på synfaring og for over heile kyrkja. Det var bispen, Jacob von der Lippe, prosten i Karmsund, Johan Lyder Brun, hjelpeprest Gabrielsen, Andreas Hanssen, som var fyrste ordføraren i Skudeneshavn kommune, og medhjälparen Elias Jakobsen Medhaug.

Kyrkja er i god stand, skriv dei, men som vanleg er det eit og anna å setja fingeren på. Altarskammelen er ikkje kledd ennå, maling i kyrkja må ein sjå over, ho er mykje sliten. Over kordøra heng ei tavle som bør få gylt kors. Alt dette skal det verta orden på til neste år, lyder det. Kyrkja er kvitmåla på sørsida, og nå skal det koma maling på heile kyrkja, — før har dei tre sidene vore tjørebrædde... Og så ser mennene på sitjeplassar til folket som kjem til kyrkje. Det er heller snautt om rom, og dei tok den avgjersle at det skal lagast større galleri, «udvide Kirkelemmen,» står det. Galleriet skal forlengjast og nå så langt som sjølve kyrkjeskipet, m.a.o. sidegalleri vert bygde. Oppgangen til galleriet skal vera i hjørna på kyrkja. Altarbordet må få dør, så ornament og inventar kan setjast inn der... Ved denne syn-



H. N. Hauge



Presten Blom

faringa kjem det for fyrste gongen fram at kyrkja har sige. Grunnen har gitt etter på nordsida, heiter det. Men dei som fer over kyrkja denne gongen, har ikkje lagt merke til det som kom for dagen ved reparasjonen i 1950 åra: golvet ved preikestolen hadde sige aller mest, derfor seig kyrkja sør over... Kyrkjetilsynet i 1843 vil få kyrkja retta opp att, så ho kjem i den stilling ho skal ha.

Kyrkjegarden er for liten og må utvidast, og det skal sendast søknad om dette. Og med det same dei har kyrkjegarden føre seg, får kyrkjetenaren pålegg om å halda han i god stand. Kyrkjetenaren har og på seg graving og ringing. På denne visitasen får og kyrkjetilsynet i oppgåve å få bort den rista som ligg ved inngangen til kyrkjegarden, og skaffa jernport i staden.

Neste år er altarfoten kledd, trapp er reist, så galleriet må vera bygd. Meir har ikkje kome til av det som var nemnt på visitasen året før: det er ikkje kome gylt kors over kordøra, kyrkja har ikkje fått kvitmalinga på dei tre sidene, og det er ikkje gjort noko for å stansa singa i nordveggen. Porten til kyrkjegarden er heller ikkje komen...

Alt dette slår fast kor vanskeleg folk flest sat i det: dei hadde lite og inkje å yta til kyrkja si, endå både kyrkjelyd og formannskap hadde rette hjartelaget.

På visitasen i 1844 kjem det på tale å skipa leseselskap i Skudenes prestegjeld. I Kopervik hadde dei slikt selskap, det var truleg mennene ved lærarskulen som stod attom. Presten Blom lova å ta dette spørsmålet opp i skulestyret, «I næste Skolecommisionsmøde.»

Skulestellet hører me mykje om på dette visitasmøtet. Lærarane i heile prestegjeldet har fått bod om å møta, saman med skuleborna. Forsamlinga syng ein salme, og det vert notert at framgangen i song er stor. Så er det overhøyring i lesing, katekisme og bibelsoge. Skriftprøver vert lagd fram. Lærarane får ros for skuleprotokollane dei har ført. Vil nokon ha det vanlege hjelpebidlet i song, salmodikon, så skal presten Blom syta for å skaffa det. Denne presten, som er kapellan hjå Krog, har vunne seg inngang både i skule og kyrkje. Soknepresten, som er sjukleg og ikkje kan vera på visitasen, han gir kapellanan sine aller beste ord. Krog «priser sig lykkelig ved i sin personelle Kapellan at have en særdeles flink Medhjälper i og udenfor Kirken. Også i Menighederne har Blom vundet særdeles Yndest som den dygtige og solide Mand.» Slik skriv prost Brun om samarbeidet mellom sokneprest og kapellan. Berre tre år var Blom prest i Skudenes. Men desse tre åra vann han gjera mykje arbeid. Han tok seg tid til å setja seg inn i næringslivet. Her var sokneprest Krog det store føredømet. Då Blom vart vald til stortingsmann frå Stavanger, eit par år etter at han hadde fare frå Skudenes, vart han formann i næringskomite nummer 1, og fekk vera med i kommisjonen som stelte med vårsildlovene. Ei rik arbeidstid hadde denne presten i det heile. Han var eit par år forstandar ved Misjonsskulen i Stavanger, seinare prest i Tysvær, Kinn, Melhus og endeleg i Fåberg i Gudbrandsdalen. Han døydde i 1875.

Dei åra Blom var kapellan hjå Krog, kom det inn ein mildare tone når haugianismen vart drøft på visitasane. Haugianarane auka i tal, og var flinke til å halda møte kring i heimane. Dei var sannferdige menn, som ville alle vel. Den evangeliske, lutherske lære heldt dei fast ved, og Hauge sjølv fekk ikkje rett dom i si samtid, lyder det



Kyrkja forlengd 1852. — Sakristiet bygd 1899

nå . . . Ekte haugiansk tone møter me i preika til Blom på visitasen. Han har valt temaet «Hvor tilbøieligt Mennesket er til at bedrage sig selv ved at afgjøre sit Forhold til Gud.» Og ved overhøyringa etterpå får ungdomen ros for gode kunnskapar og kloke svar.

Det er året 1841 brann herjar prestegarden i Falnes, og gjer av med viktige bøker og skriv. Det meste av det som vart brannskadd, er uleseleg, somt er heilt borte. Det vert storarbeid å lesa seg til eit og anna i dei forbrende skriftene. Presten vil få tak i det som prostearkivet har, og gå til arbeids med nyføring. Men «Udførelsen vil kræve megen Tid og Møie.»

På denne tid vart gudstenestene sette til klokka 10 sundags foremiddagen. Fyrst vart det litt misnøye, og presten opplyser at han ikkje får opna presis. Men etter kvart finn folk seg til rette med gudstenestene så tidleg på dagen, og uroen legg seg.

Åkra kyrkje får framleis ikkje den vøling som kyrkjeverjene lovar. Kvart år står det att noko ugjort. Korset som skulle setjast opp over kordøra, det ser folket ikkje noko til, og kvitmålinga på dei tre sideveggene saknar kyrkjelyden fleire år. Men det er ikkje nemnt noko om at kyrkja sig meir, så det må vera sett støtter av eit eller anna slag,



Malar Martin Dahl*

synest det av meldinga året 1847 . . . Men nå har kyrkja etter kvart vorte for liten, og det er sendt søknad til Stiftsdireksjonen, at ho må forlengjast vestover med ti alner. Stiftedireksjonen går med på framleggget, og arbeidet skal setjast i verk i 1852. Med det same kjem det fram spørsmål om tårnet, kor det skal stå. Før har det vore bygd nedantil, heilt frå grunnen. Nå har dei funne ut at tårnet kan setjast på taket, utan støtte, — kyrkja er sterkt nok til å bera så pass vekt.

Kyrkja er framleis trong

Eit par år seinare får me høyra at kyrkja framleis er for liten. Ungdom som møter til gudsteneste, må stå i midtgangen, og dette tykkjer mange er ei skam. Ein må spørja korleis det kan ha seg at det ennå er så trøngt om rom. Svaret kan berre vera dette at det kom ny

*) A. C. måla kyrkja innvendes året 1829. Martin Dahl måla henne på nytt i 1889.

prest hit i 1845, *Christian Severin Bloch Wille*, ein mann i si beste kraft. I 1852 vart han avløyst av den Særmerkte *Abraham Andreas Bendike*. Han varsla noko nytt, lærepreik i streng tone. Dugande forkynnar må han ha vore, og han vann skapa interesse for rett lære. Folk strøymde til frå Avaldsnes, står det i visitasprotokollen. Til Avaldsnes hørde gardane på austsida av Vedavågen, Sund og Ytreland, og så Eidsbygda. Det fall like lett for folket der å ta i veg til Åkra kyrkje som til Avaldsnes, og mange rekna vel etter kva sundag det var preik i Åkra. Ein skal då ikkje undrast på at kyrkja vart for trong.

Mangt kjem føre på visitasene

Dei hadde mange saker på kvar visitas, mykje dei same opp att, såleis tilstanden kristeleg og moralsk sett i soknene. Men så kjem spørsmålet om kvinner bør ha rett til å vitna eller be i forsamlingane, — dette er skrive i protokollen i 1850, og det har vore framme før. Til vanleg reiste ikkje kvinnene seg opp når dei tok ordet til vitnemål eller bøn, ikkje hjå haugianarane heller. Men det hende at ei kvinne bad høgt der ho sat. Likevel er uttrykket «mindre skriftmessig» brukt om slik tale, «der ogsaa menes at være i aftagende.»

Åkra skal få gudsteneste noko oftare nå, sia Bokn er skilt ut. Tredje kvar sundag er det lova preik i Åkra kyrkje, men av og til må Ferkingstad og få nyta godt av at presten har ei kyrkje mindre.

1860 åra er ei interessant tid på meir enn ein måte. Nå kjem lærebokspørsmål opp. Grøgaardsboka var både vanleg lesebok og lærebok i bibelsoge. Ho var kjær lesing i heim og skule, men etter som tida gjekk, vart ho noko snau, tykte mange, helst lærarar. Og så kom Jensens Lesebok ut, eit verk på heile tre band, interessant og lærerik. Men folk flest var redde den nye boka, og ville ikkje vita av Jensen. Bibelsogene som før var nytta, hadde kjende forfattarar, ei var skriven av professor Hersleb, ei av Jensen. Mange år hadde dei vore nytta jamsides med Grøgaard ... Så er det spørsmål om skulane skal gå over til Vogts bibelsoge, soim nyss er komen på marknaden. Men hadde folk vore redde dei nye lesebøkene, så var otten mange stader like stor



Kveldsmøte i 1960 åra

når det var tale om å ta den nye bibelsoga i bruk. Lærarane fekk påminning om at dei ikkje måtte «vække forargelse.» Og så kom dei ikkje lenger med bokbytet for det fyrste ... Det er vanleg at haugianarane kjem saman til oppbyggelege møte i heimane, kanskje og i skulestovene. Nå er det sagt at Hauges Venner held møte kring i soknene, og at kyrkjesøknaden er særskilt god. Dissentrarar er det så å seia ikkje, berre ein er nemnd, i Skudeneshavn. Kan henda det er den same som me hører om seinare, — han er medlem av ei frikyrkje. Ei alvorleg sak kjem fram på visitasane år etter år, det gjeld brennevin og drikking. Heile anker med brennevin blir kjøpt inn, drikkelaug



Åkra mannskor syng i kyrkja i 1960 åra

er det særleg i julehelga. I bryllaup drikk mange seg fulle og skaper uhygge. Familiefedrar diskuterer vanskane, prest og kyrkjelyd ser usikken, og så skal dei slå seg saman og prøva å hindra den utviklinga som er i gang. Vanskeleg er det å koma uvesenet til livs, og dei synest ingen veg koma, dei som arbeider for edruskap i by og bygd, — avhaldssaka hadde endå ikkje fått vind i segla ... Dei hadde ikkje mange stadene å gå, dei som gjerne ville sjå større samlingar utanom kyrkjetid og gudstenester. Bryllaupsdagar drog då gjerne folk saman. Brudfylgjet var oftast stort og fylte det meste av kyrkjeskipet. På galleriet samla dei seg då, så mange som inn kunne koma. Det vart

prat og uro, så høgtida vart borte for brudfolk og fylgje, og presten visste ikkje å halda ro. På visitasmøtet drøfte dei saka. Klokkar og kyrkjeverje vart pålagde å syta for orden og ro, og vart det ikkje anna råd, så måtte det sytast for å stengja galleriet.

Bispen Jacob von der Lippe hadde visitas i Falnes og på Avaldsnes året 1868, og han la vegen om Åkra og såg på kyrkja og kyrkjegarden. Han seier at kyrkja er i god stand, men peikar på at ho er for liten ved visse høve. Men ein kan hjelpe på dette, meiner bispen. Utgangsdøra framme i kyrkja er ved nordre veggen, og denne døra kan ein flytta og setja henne attom altaret, dette bør det søkjast om. Så får ein lange benker på begge sidene av altarfoten, og dei gir plass til ein liten flokk tilhøyRARAR. Bispen ber om at det må byggjast gelender på trappa til galleriet, og at ein vøler noko på våpenhuset. Kyrkja må og få maling ... Så gjer han merknader til kyrkjegarden, den er for våt, så det må veiter til. Ugras har grodd opp over kyrkjemuren, og slikt må bort, seier bispen. Von der Lippe, som sat på Kristiansand bispestol åra 1841—1874, hadde like sterke interesser for skule og kyrkje, og han var mykje oppteken av fråhaldsrørsbla. Han var med i politikken, og var tingmann fleire gonger, helst før si bispetid. Visitasprotokollane ber vitnemål om ein mann som var vaken for det som rører seg i samtida. Protokollane er nøyne førte. I Skudeneshavn fann han ein mann som var like mykje interessert i skulestallet og konfirmantlesinga som han sjølv, presten Bendike, — desse to har arbeidt godt saman ... Eit par år seinare er kyrkjegarden utvida og den nye teigen inngjerd med steinmur. Kyrkja er og i forsvarleg stand ... I skulen er noko uventa nytt kome til: endå så sterkt uvilje det var mot Vogt bibelsoge og Jensens lesebok for få år sia, så har dei begge glide inn i skulen, smått om senn, og ingen mæler imot.

Nye prestegjeld

Åra kring 1880 og ut etter kjem det sterkt på tale å skipa om prestegjelda på Karmøy. Skudeneshavn kjem inn i samtalane, for presten har tre kyrkjer og tre kyrkjelydar. Dette er meir enn *ein* mann vinn



Zwilgmeyer og frua.

på, og folket får preik berre tredje kvar sundag. Avaldsnespresten har kyrkja på Avaldsnes og den i Kopervik, og så må han gjera det han kan for folket i Føresfjorden, der det ikkje ennå har kome kyrkje. Torvastadkallet var mest det same som nå, Sirafjorden like stri å fara, og det kunne vera stri reis ut over med seglskøyte i stormrider. Det synest klårt at Åkra må skiljast frå Skudeneshavn, men kva skal ein så vidare gjera med denne folkerike sokna? Eit framlegg går ut på at Åkra skal leggjast til Avaldsnes, som då blir hovuesokna og får to annekts, Kopervik og Åkra. Her sør vil ikkje folk høyra gjete slik inndeling, dei viser tanken blankt ifrå seg.

Sytande september 1886 kjem saka opp i møte i Åkra skulehus, der kommunestyret og soknestyret er kalla inn. Møtet viser til samtal med soknestyret i Kopervik ein månad før, då hadde begge styre drøft spørsmålet om prestegard. I mellomtida har Åkra fått lovnad om tre gardsbruk med hus, som kan høva til prestehjem.

Fyrst er nemnd garden Årvoll, som før tolv kyr, to hestar og ti sauher. Avlinga er elles åtti-nitti tunner korn og eit hundre og tjue tunner

Udvalgte
bibelske historier
af
det gamle og nye Testamente
efter
H. B. N. E. T.

Overfattet på Dansk

til

Brug i Skolerne på Landet
af
Peter Prahl,
Kirkepræst i Honder Amt og Sogneprest i Staden Honder



Andet Oplag.

Haderslev, 1814
Trykt og forlagt af Jens Seneberg,
Kongel. privileg. Bogtrykker.

poteter. Garden har dessutan stor utmark. Sjølve huset treng litt ombygging før det er høveleg prestehjem. Prisen er fjorten tusen kroner.

Andre garden hører Jacob Knudsen Åkra til, og kan seljast for åtte tusen kroner. På garden før dei seks-sju kyr, hest og eit sneis sau. Dei avlar førti tunner korn og sytti tunner poteter. Huset treng litt vøling her og.

Tredje garden som Åkra byd fram, går for ti tusen kroner. Eigaren er Peder Sivertsen Åkra. Her før dei åtte kyr, to hestar og ti sau. Dei avlar førti tunner korn og seksti tunner poteter.

Møtet sluttar med desse orda: «Da Akre er et tæt befolkvet Strøg og dertil i Vintertiden besøges af en større Del fremmede Fiskere, ville det være særdeles ønskeligt at Akre Sogn matte blive Hovedsogn i det vordende prestegjeld Akre-Kopervig.»

Prosten hadde tenkt dette spørsmålet gjennom før inndelinga var klar. Han skreiv ei sakleg vurdering dagsett 28. januar 1887.

Til Christiansands Stiftsdirektion.

I det man hoslagt har den ære at oversende den ærede Stiftsdireksjon Erklæringer fra Kopervig og Akre Sognestyrelser med Hensyn til de foreløbige Undersøgelser, som ønskedes anstillede i Anledning af en mulig oprettelse af et prestegjeld Kopervig-Akre, — fremstiller sig straks Spørgsmaalet om hvilket af de to Sogn, der bør være Hovedsogn i det eventuelle nye Præstegjeld. Meningene ere delte, idet en hver af de to Parter anser sig selvskrevne til den principale Stilling i Compagniet. — Spørgsmaalet forekommer mig ikke at være af særlig stor Betydning, men om end Kopervig som Dampskibsstoppested med daglig Postforbindelse og Telegraf heri unægtelig har et Præ, er paa den anden Side Akre Forbindelse med Kopervig saa overmaade let at dette Præ ikke veier saa særlig meget, navnlig naar Akres tætttere Bebyggelse ogsaa lægges i Vægtskaalen. — Men under disse Omstændigheder faar Spørgsmaalet om hvor den hensigtsmæssigste og bedste Præstegaard er at faa, ogsaa Betydning for Spørgsmaalets Besvarelse. Fra Kopervigs Side er til Præstegaard kun foreslaaet et Brug, nemlig M—Dam Baades Gaard lige ved Kopervigs Ladested. Personlig kjender jeg den ikke, men af Folk som er vel kjendt, er det mig sagt at de anførte opgaver over Kreatur-forholde og Avlinger ere be-




Den gamle prestehimen i Kopervik

tingede af betydeligt Tilskudd af Kraftfoder, og at man af Gaardens egen Afkastning ikke skal kunne føde synderlig mer end det Halve Antal Kreaturer af hvad opgivet er. Om Erhvervelse af de løselig berørte endnu mindre Brug bør det ikke blive Tale.»

Så kjem prosten til Åkra: «Fra Akre derimod tilbydes efter henværende Forholde tre gode Brug, og er mig underhaanden meddelt at et fjerde, nemlig Hans Hansens Brug, ogsaa skal være at faa. — Fra denne side har Akre ubetinget Fortrinnet uden at jeg dog kun antydningsvis tør udtale mig om hvilket af de fire Brug i Tilfælde vilde være at foretrakke. — Tre af dem ere beliggende paa Akre Gaard, det fjerde paa Nabogaarden Aarvold. — Om Prisen paa de tilbudte Gaarde, jordveie og Husenes Beskaffenhed etc. har jeg hidtil ikke formaaet at faa dette udrettet. Til nogen Veiledning vedlægges en Opgave fra vor dygtigste Bygmester, T. T. Torsen, over hvad tarvelige, men ordentlige nye Huse til præstefamilien antages at ville koste under henværende Forholde, idet selvfølgelig herfra i hvert enkelt Tilfælde bliver at trække de forhaandenværende Huses Materialværdi om de ikke skulde lade sig benytte i den Stand de forefindes.»



Prost Kielland.



Pastor Tangjerd.

Slik skriv prost Plathe året 1887. Men same året, 28. november, blir det avgjort ved Kgl. Resolusjon at namnet skal vera *Kopervik Prestegjeld*.

Fyrste soknepresten heitte Ludvig Daae Zwilgmeyer, fødd i Trondheim 26. august 1855. Han var såleis berre trettito år gammal då han kom hit frå Hetland, der han hadde vore kapellan.


Andre pinsedagen, 21. mai 1888, heldt Avaldsnes-presten, Chr. Selmer Andersen, avskilspreik i Kopervik, og sundagen etter tok Skudenes-presten, Thomas Henrik Møinichen Ørsted Plahte, farvel med folket i Åkra. Sundagen 3. juni er prost Kiellend i Kopervik og set inn i embetet den nye soknepresten, L. D. Zwilgmeyer.

Soknedelinga varslar noko heilt nytt, — kan henda den unge, energiske presten er årsak til dette. Om arbeidet sitt har han skrive korte, konsise merknader. Han har på lag like mange preiker i kvar kyrkje, og med dette er fyrste delen av sundagen fastlagd. Men han held mange bibellesingar, og før året 1888 er ute, har han hatt på lag seksti. Sjukebesøk går inn i vekeplanen og krev mykje tid: han er innom minst nitti heimar dei sju månadenene som er att av fyrste

arbeidsåret. Sjelesyrgjar-gjerninga ut etter veka er kanskje endå viktigare enn sundagspreikene. Konfirmasjonen la prest og kyrkjelyd stor vekt på. I sommarhalvåret las presten med konfirmantane kvar veke. Samværa vart lange, i regelen eit par klokketimar. Foreldre i alle skulekrinsane venta presten på eksamensdagen. Dette tok lang tid, så mange skulekrinsar som det var i prestegjeldet. Fyrste eksamen kom oftast i juli, så gjekk det slag i slag, og det tok fleire månader før presten hadde kome over alle krinsane: me kjenner til at somme krinsar måtte venta til seinhaustes. Ein eksamensdag starta om morgonen, med overhøyring så langt læraren rakk. Så bar det heim til middags, til einkvan av dei som hadde med skuletilsynet å gjera. Etter ei rimeleg kvild gjekk så alle tilbake til skulen og heldt fram med overhøyringa. Når så alt var over og borna hadde fått lov til å gå heim, hadde presten samtalé med foreldra om skule og oppseding. Folket i grenda gledde seg til desse samværa. Alt gjekk så lunt føre seg at eksamensdagen vart ein høgtidsdag for alle som fekk vera med... Åkra var ikkje endå skilt ut til eigen kommune, og presten møtte derfor i skulestyret både i Avaldsnes og Skudenes. Han var dessutan til stades i forstandarskapsmøte ved skulen i Kopervik.

Kyrkjesokna får vitjing av mange forkynnurar

Året 1888 får Åkra sjå ein av sine eigne stå framme i kordøra og tala. Han heiter Peder Tangjerd og har teke teologisk eksamen ved Hauges Minde og Luther Seminar i Oslo. Han talar i kyrkja fyrste påskedagen og fjerde sundagen etter påske, begge gongene frå kordøra. Same året for han til Amerika, der han vart ordinert og fekk mange rike arbeidsår i prestetenesta og i misjonsadministrasjonen. Her i landet stod striden om rett til å nyutta kyrkjene utanom dei vanlege sundags-gudstenestene. Lekmenn hadde hug å koma til, misjonærar som var heime frå misjonsmarkene, ville gjerne få tala misjonens sak, teologiske kandidatar som ikkje var ordinerte, reiste av og til og tala Guds Ord. Bedehus eller skulehus vart nytta, men det breie lag av folket hadde mest hug til å samlast i kyrkja, som hadde



Berdines Hillesland

så mykje betre rom. Eit halvt år etter at Tangjerd hadde tala i kyrkja, kjem emissær Thormod Rettedal og held møte ein vørkedag. Året etter er misjonær Arne Valen heime frå Madagaskar etter tjue års arbeid der. Han held Misjonsprædiken, står det. Dette var ein sundag, og etter det ein kan sjå, har han halde høgmessepreik. Og så kjem emissær Andreas Thorsen og held oppbyggeleg møte i kyrkja Langfredag og 10. sundag etter tre-eining. Endå eit par gudstenester vart det i kyrkja i tillegg til dei faste som presten heldt, ei ved prost Kieland og ei ved misjonsprest Reinert Aas, vestkystmisjonær på Madagaskar. Både misjonær og emissær var velsedde her i sokna, me les ikkje om at nokon vart stengde ute frå kyrkja. Sundagar når det ikkje er preik, står kyrkja open for truverdige menn med godt vitnemål. Klokkaren i Åkra, Berdines Hillesland, ser det slik at han ikkje vil halda møte i kyrkja ein sundags føremiddag, endå om presten er hindra, og det vert messefall. Ein sundag straks føre jul var presten sjuk og kunne ikkje møta. Hillesland samla folket i skulestova si og heldt oppbyggeleg møte der: Langfredagen 1890 får Karmøy to teologiske kandidatar på vitjing, O. Brattekås og Johannes Brandtzæg.

Kirkesalmebog,

etter offentlig Foranstaltning

Jamlet og ubarbeidet

96

M. P Sandstad.

Giver Herren hans Ravn's Were
tilbeder Herren i helig Prædelse.
Dav. Sal. 29, 2.

Kirkesalmebog. Landstad.

Brattekås heldt preik i Kopervik, Brandtzæg tala i Åkra kyrkje same ettermiddagen.

Me har teke med desse stikkprøvene, som syner at fleire lekmenn tala i kyrkja før dei hadde rett til å nytta prekestolen. Kyrkjeminister Jakob Sverdrup fekk i stand Kongeleg Proposition som gav lekfolk retten å tala frå kordøra, året 1888, og neste gongen han vart statsråd, 1897, kom loven som gav lekfolk rett til å gå på prekestolen. Fullt kyrjeleg demokrati var dermed innført.

Prestebustad i Kopervik

Det var ikkje hus til familien Zwilgmeyer då dei kom hit. Presten fekk kjøpa eit lite hus i Kopervik og vart buande der ei tid. Nett nå stod Visnesverket i si verste nedgangstid, og alt heldt på å gå i stå der. Mange hus vart selde, og ikkje få av dei vart sette opp i Kopervik. Zwilgmeyer hadde sett på huset som direktøren i Visnes budde i, og

han meinte det kunne verta ein høveleg prestehjem. Grunn hadde han sett seg ut på nordsida av sundet, og denne grunnen kjøpte han for eigen rekning, etter samråd med prosten. Og nå hadde det kome ny prost i Karmsund, Jacob Kielland. Han hadde eit heilt anna syn på prestegard og prestehheim enn Plahte. Gard kunne verta til hjelp for ein prest med stor praktisk sans, om han hadde ei dugande kone, skriv prosten. Men ein upraktisk mann med ei veik kone kom til å få så store utlegg på prestegarden at drifta ville gi tap, og dette måtte ein spara prestane for. Han legg seg i selen for at Departementet må godkjenna kjøpet som Zwilgmeyer har gjort. Slik kom prestehimen til å liggja på nordsida av Vågen. Prosten synest plassen er framifrå: god utsyn over fjorden, høveleg langt frå sjølve tette strøket, roleg og vakker plass til prestefolket. I 1930 åra er tonen ein heilt annan: det svarar seg ikkje å byggja om husa, staden er ulagleg og blir seld, utan at det er gjort noko for å sikra seg plass til prestehem.

Presten i arbeid frå 1890 åra

Dei linene for arbeidet som Zwilgmeyer staka ut, vart fylgde av ettermennene Seip og Lea. Og etter som folketalet veks, får presten fleire oppgåver. Skulen hadde kome sterkt inn i arbeidsplanen til presten alt frå fyrste tida me fekk nytt soknekall, p.g.a. *Lov om Folkeskolen 1889*. Det vart skule for folket, som namnet seier, ikkje berre *Almueskole*. Dette førte med seg sterk utvikling, og dei årlege overhøyringane og seinare skriftlege prøver kalla på arbeidskrafta til presten meir enn før. I Lea si prestetid vart det skriftleg eksamen i alle skulane i prestegjeldet. Presten var sjølv med og gav oppgåver i rekning og skriftleg norsk, — attforteljing for det fyrste. Han sat og hørde på den munnlege eksamen, slik som formennene hans i embetet hadde gjort, heilt frå tida før 1800. Men presten rekna seg ikkje ferdig med ungdomen for det om konfirmasjonen var over, nei, han heldt fram med ungdomsarbeid på kristen grunn. Høveleg hus fanst ikkje, dei nyttta skulestover. I Åkra var han fyrst ute, etter som skriftlege kjelder viser. Og ein vakker dag kjem det merknad om at



Sokneprest Seip og frua

han har tala på ungdomsfest i foreningen, som vart skipa i 1889. Dei unge samlast og ville gjerne høyra. Han heldt bibeltimar eller tok allmennmenneskelege emne. Men siktet var alltid det same: *ungdom for Kristus!* Seip tok atti, og han bad inn ungdom til heimen sin i Kopervik, me høyrer såleis at han hadde konfirmantane heime hjå seg. I Lea si prestetid reiste dei ungdomshus på Sevland og kalla det *Ljosheim*. Den kristelege ungdomsforeningen drog til seg ungt folk frå heile sokna, og sokneprest Lea vigsla huset sundag 7. april 1907. Ungdomsforeningen åtte det og heldt samkomene sine der: møte, fester og basarar. Det kristelege samlingsliv i skulekrinsen knytte seg til Ljosheim. Men året 1961 vart ungdomsforeningen lagd ned, og bygda tok over huset. Det er heilt ombygd til moderne samlingshus, og *Ljosheim er namnet*. For prest og kyrkjelyd var likevel sundags förmiddagen den store oppleving. Kyrkja var fullsett, så mange måtte stå mellom benkerekkene. Preikene vart drøfte ut gjennom veka, og folket venta i spenning på neste preikesundagen.

Ungt folk frå Åkra sokn reiser vestover

Livskåra var tunge for dei fleste her på kysten heile 1800 talet. Bønder som åtte garden sin, stod seg så nokolunde bra, når dei fekk litt frå sjøen vinters og sommars tid. Men dei som ikkje hadde meir enn huset dei budde i, ja, skulda pengar på det og, for dei vart slitet for tilværet svært stridt. Kor mykje dei streva, så ville ikkje endane henga saman, det vart bønegang til handelsmannen, og von om å få så pass ver at dei kunne ro ut med humarteinene, eller linene etter torsk, sei og hyse. Det vesle dei fekk opp or sjøen, vart det så lite inntekt av, at berre snaue daglege brødet kunne dei halda til seg og sine. Dagløner var det vanskeleg å få for dei som ikkje kunne eit handverk, t. d. tømring, muring, skolapping o.s.b. Ungdom som hadde hug til sjøen, ville ut, og dei fekk hyre med seglskuter og fôr på langferd. Ikkje så få hadde greie på sjøfartsbyane på Sørlandet, og dei reiste heilt til Arendal og hyrte seg, andre fekk plass på Stavanger-skuter. Affer andre fekk kontakt med slekt eller vene som hadde fare til Amerika, ættlingar av sluppefolket frå 1825, kan henda, og det lyddest slik at det kunne verta ei framtid for arbeidsviljug ungdom der vest, både gutter og jenter. Det var folk på prerien dei mest fekk brevkifte med. Dei budde spreidt, frå Canada til Sørstatane i U.S.A. Mange frå Vest-Karmøy skreiv til vene og bad om pengelân, så dei kunne koma seg vest over til dette nye landet, der dei vona å slå seg betre igjennom. Andre fekk litt hjelp her heime, og skrapa saman så mykje at det lukkast å få billett. Eldre folk, som kom att til gamlelandet først på 1900 talet, kunne fortelja om strie turar i storm og motvind, og om lange reiser. Andre tider for skuta av stad i god vind, og turen kunne vara berre nokre få veker. Men livet om bord var ei hard påkjennung for dei fleste, så lite som dei var vane med lange sjøferder. Det vart sjøsjuke dag etter dag, veke etter veke. Men emigrantane hjelpte kvarandre. Unge gutter, som hadde vore på fiske her heime, men lite og inkje visste om heimestell, dei kunne fortelja om arbeidet dei fekk med sjuke og forkomne medpassasjerar, — og dei aller fleste kom vel fram.

Fra Ådland krins reiste særleg mange over til Vesterheimen. Dei fleste har hatt bra kontakt med slekta her heime. Mange fekk råd til å sjå heim att, og endå dei hadde levd i Amerika nær eit halvt hundre år, så tala dei heimedialekten fullkommen. Dei hadde til og med teke vare på ordelag som me heldt på å gløyma på denne sida av havet . . . Etterslektar har hug til å sjå landet som fedrane fôr ut ifrå, og tredje og fjerde ættleden har vitja grendene våre, ungt folk som ikkje ein gong kjänner målet me talar. Dei må få vita kor bestefedre eller oldefedre budde, stiga inn i tun der fedrar trôdde sine barne-skor.

Mellan dei som reiste ut, har me nemnt Peder Tangjerd. Og me må ta med nokre fleire.

Jakob Mortensen fra Ådland gjekk lærarskulen i Kopervik, fôr til Amerika året 1884. Teologisk utdanning fekk han på Augsburg Seminar. Han hadde prestestilling, var kasserar ved Seminaret i Augsburg, styrte Lamberton Barneheim og Bethesda Homes.

Adolf Odland reiste vest over i 1902. I 1919 vart han prest i Canada. Han var heime i Norge ein tur sommaren 1962. Nett då var Åkra prestelaust, og Odland hadde fleire gudstenester og gravferder. Han døydde i Vancouver 1969. Son hans, Adolph Odland jr., var fleire år misjonær mellom dei innfødde i Alaska, seinare styrar for gamleheim som er driven av *The American Lutheran Church*. Ein yngre son til Odland sen., Marvin, var prest i Canada til han døydde året 1963.

Brorson til Adolph Odland sen. var Ole Olson, fødd i North Dakota og voks opp i Canada. Han fekk prestetutdanning, gjekk inn i kyrkjeleg teneste, men døydde i 1952. Son hans heiter Gordon Olson og vart vigd til prest i 1968. Han er prest i St. Paul, Minn. Han er tredje generasjon utflyttarar frå Åkra sokn.

Dr. teol. Iver Olson, bror til Ole Olson, voks opp i Canada, og vart prestevigd. I 1945 professor i norsk og teologi ved Augsburg Seminar, dei siste fem åra professor i teologi ved *The Association of Free Lutheran Congregations* ved Medicine Lake, Minn. Tok doktorgraden på Hans Nielsen Hauge. Han var heime to gonger etter stor-krigen, og preika då i Åkra.



Adolph Odland



Dr. Iver Olson.

Ole Eriksen Aadland var prest i Brodersamfundet. Han og fekk ein tur heim til Norge, året 1951. Han døydde for fleire år sia. Bror til Ole Ådland heitte Andreas Eriksen Ådland og for til Amerika før hundre årsskiftet. Soneson hans, Marlin Aadland, er prest i Alberta.

Nils Jacobsen Aadland fødd i Granite Falls, utdanning ved Augsburg, misjonær i Honan, Kina.

Lars Jakobsen Odland vandra ut i 1885, vart prestevigd 1904, hadde fleire prestekall, og var ei tid lærar.

Albert Mandius Mannes fylgte foreldra sine vest over då han var fem år gammal. Han vart vigd til prest i 1903, styrte fleire kall, og var formann i Bethesda Homes.

Alfred Sevig, fødd i Amerika av foreldre frå Vedavågen, eksamen og ordinasjon Augsburg 1942, prest i Manitoba, Canada, tre år, i Morris Minnesota, sju år, i Wilmar, Minnesota, fire år, og frå 1966 prest i Brooks, South Dakota. Sevig var ei tid formann i styret for Augsburg Seminar. To gonger har han vore i Norge.



Jakob Mortensen

Jørgen Akre er godt kjend mellom folket i Åkra. Han tenkte seg skulevegen her heime, gjekk Framnes Ungdomsskule og kom inn på Volda lærarskule, der han var i eit år. I Amerika fekk han teologisk utdanning ved St. Olafs College og U.C. Seminari. Han hadde fleire prestekall, og han fekk to turar til Norge, siste gongen året 1949. Begge gongene preika han i Åkra kyrkje. I tjue år var han formann i Stavangerlaget, og gjorde stort arbeid for å halda rogalendingar saman i Vesterheimen. Han døyde i 1951.

Folket vårt som for vest over, tok med seg åndsarven som barndomsmiljø, barneskule og konfirmasjon hadde gitt dei. Stor bokhylle hadde dei ikkje. Dei bøkene dei tok med seg, var Bibelen og salmeboka, og så lærebøkene i kristendomskunnskap. Og i denne vesle bokheimen fann dei den åndelege føda dei trøng. Husandakten var viss post og fyrste posten på dagsprogrammet heimantil, og skikken fylgte dei vest over. Til sine tider fann dei og kveldsstunder til oppbygglege møte i heimane ute på prerien. Men det var langt mellom farmane, og forsamlinga vart ikkje stor. Aller vanskelegast i så måte var det for dei som hadde teke av stad nord over, til Canada, der




Pastor J. Akre.

heimane ofte låg sær langt frå kvarandre. Men Andreas Olsen fortel til *JUL på Karmøy 1957*, at dei heldt oppbyggelege møte i Saskatchewan i 1905. Heimen til Odin Jakobsen vart opna, og pastor *Ingvald Hustvedt* heldt gudsteneste der, — Hustvedt var Haugesunds-mann. Sommaren 1906 vart det reist lauvhytte til møtestad på farmen til Olav Berg. Same sommaren kunne dei lysa til gudsteneste for alle som koma ville, og me finn namn på fyrste medlemene i den nye kyrkjelyden, *Skudenesh Menighed*. Så arbeider dei ut lover for denne fyrste evangelisk-lutherske kyrkja på prerien der nord. Komiteen som fekk dette høgtidelege oppdraget, var O. M. Akre, Mandius Olsen (far til professor Iver Olson) og Jakob Haugen.

Så hadde Åkra sokn fått si fyrste dotterkyrkje på prerien i Saskatchewan.

Dei som vandra ut, gløymde ikkje den gamle kyrkja der dei var døypete og konfirmerte, den var den åndelege heimen deira. Men alt ut på 1800 talet gjekk det ned over med kyrkja. Me har før peika på at ho seig skeiv, og at ho var for liten. Desse tankane arbeidde




Ekteparet Tjøsvold.

mange med, og dei hadde hug til å gjera noko for gamlekyrkja si, eller rettare: dei ville gi pengar til ny.

Ein av dei som gjekk med slike tankar, heitte Nils Olai Nilson og var frå Tjøsvoll. Straks før han dør, set han opp testament, eit langt og interessant dokument. Her tek me med det som har med gåvene til Åkra sokn.

«I Guds navn, Amen: Jeg, Nils O. Nilson av Boono County, Nebraska, overveiende uvissheten av dette liv, og værende en sund åndskraft og hukommelse takket være Gud for samme, gjør, kunngjør og erklærer dette min siste vilje og testament på følgende måde og form: (Alt frå fyrste linene synest det klårt at testamentet er omsett ord for ord, derfor er setningsbygnaden så framandsleg.)

Jeg giver og testamenterer til Akre Kirke, Akrehavn, Karmøen, Norge, Tre Tusinde Fem Hundre Dollars på følgende condisjoner: At Akre Kirkesogn tilveiebringer inden tre år fra dette testaments Approbasjona dato (den 25 de Februar, 1905), sex Tusinde Kroner, alt at blive brukt til Bygning av ny Kirke. Om Akre Kirkesogn feiler tilveiebringelsen av nævnte sum inden tre år fra approbasjonen av





Likvogna fra Amerika.

dette testament, skal denne gave fortabes, og den samme skal blive tillagt og blive en del av det fond nevnt i efterfølgende paragraf og betegnet som *Nils Olai og Gunhild Nilson Tjøsvold Julefond*, til bedste for Akre Kirkesogn, Akrehavn, Karmøen, Norge.»

Seinare i testamentet skriv Nilson meir om det som skal vera gâve til Åkra sokn. Punkt seks lyder:

«Da mit fødested Akrehavn, Karmøen, Kongeriget Norge, hvor fisking og sjøfart er hovedindustriene, og da jeg er vel kjendt med de sosiale og industrielle kondisjoner av de fattige klasser i Norge,



Lea og frua.

går min sympati til de fattige og verdige tjenestepiker, og til enker og farløse barn etter avdøde fiskere og sjømenn. Da jeg ønsker å hjelpe sådanne tjenestepiker, enker og farløse, testamenterer jeg her ved Akre Kirkesogn seks tusinde Dollars til å bli anbragt eller bli innsatt igjen og igjen for bestandig i landeiendom til høiest mulige rente mot første prioritets pant. Hovedsummen skal være urørlig, ukrenkelig, og resten skal forfalle årlig den første desember og utdeles den følgende jul til verdige trengende tjenestepiker, fiskere og sjømannsenker og farløse barn som ikke ligger på den offentlige fattigkasse. Jeg utnevner og indsetter sognepresten, formandskapets ordfører og kommunens kasserer i Akre kirkesogn og deres efterfølgere i bestillingen for bestandig til å udføre bestemmelsene i denne paragraf. Dette legat skal være kjendt som *Nils Olai og Gunhild Nilsons Julefond*.»

Legatet er på *femti eit tusen kroner*. Rentene blir delt ut kvart år i samsvar med testamentet.

Endå eit punkt kjem til:

«Jeg gir og testamenterer to tredjedeler av det overblevne av mit

bo til Akre Kirkesogn til å bli en part av legat nevnt i paragraf seks, og den resterende tredjedel til Bruflads Kirkesogn (I Valdres) til å bli en part av det legat nevnt i paragraf syv i denne min sidste vilje og testament..»

Bruflats sokn, som er nemnt, fekk sin part av eigedomane til Nils Tjøsvold og kona. Testamentet har same greie reglane for det som Bruflat sokna skal ha. Tjøsvold har heller ikkje gløymt slekta si. Sysken her heime og i Amerika, og mange andre, får større summar av buet.

Åkra kommunestyre hadde saka føre, og det vart sett av dei summane som testator krev. Med renter har det vorte mange pengar, kr. 125 825 — eit hundre tjue fem tusen åtte hundre og tjue fem kroner 1. januar 1969. Eit bra fond, og me vonar at mange som lever i dag, får sjå pengane nytta til ny kyrkje i Åkra, til æra for ekteparet som gav, og til velsigning for slekter som kjem.

Større kyrkjegard

Kyrkjeltilsynet i Åkra arbeidde med spørsmålet om utviding av kyrkjegarden og ny kyrkje. Saka var ofte framme, og kommunestyret drøfte både kyrkjegard og kyrkje i møte 9. september 1908. Kyrkjeltilsynet seier ifrå at gravplassen må utvidast, eller ein må grava opp den gamle teigen. Tilsynet meiner at ein må få jord til kyrkjegard på austsida av vegen. Det er kome eit skriv frå eit hundre og femti tre mann i Ådland og Åkra krinsar, det går i same lei som det tilsynet har halde fram.

Kyrkjegarden må utvidast og ny kyrkjegrund setjast av på den nye gravplassen. Kyrkja kjem då til å stå vakkert i terrenget, og kring seg har ho rimeleg med hus. Dei som sender skrivet, nemner og at hamnen har sitt å seia for dei som skal til kyrkje frå nordparten

av sokna. Stimbåt går det fleire gonger i veka. Dei ber om at det ikkje på nokon måte må bli meir enn ein kyrkjegard i Åkra. Denne planen vil samla heile kyrkjelyden, meiner innsendarane. Skrivet er dagsett 2. oktober 1908.

I same møtet legg Johan Hallingstad fram sine tankar om kyrkjegard og kyrkje. Fyrst slår han fast at den flokken frå Ådland høyrer alle til i søre parten av sokna. Dei har ikkje lagt fram synet sitt i samla møte i kyrkja. Hovudtanken med skrivet deira er å finna laggel plass til kyrkjegrund. Han ser det slik at kyrkjegarden må utvidast vest over, så kjem heile gravplassen til å hanga saman, og dette vert billegare løsing. Ein sparar og på inngjerdinga. Dessutan er det ikkje forvarleg å byggja kyrkje på den lause sandgrunnen, seier Hallingstad. Kyrkja som står på slik grunn, er ei lett trekkyrkje, men ho har sige fleire tommar. Det er ikkje likare grunn på austsida av vegen. Jorda der er elles så våtlend at ho lite høver til gravplass. Kyrkja må byggjast lenger nord, på fast grunn. Dermed kjem ho og nærmare sentrum i sokna. Hamnen som er nemnd, har ikkje det minste å seia, mest alt folket reiser til kyrkje landvegs.

Ved avrøystings fekk fyrste framleggget ni royster og det andre seks. Tønnes E. Akre kjem så med framlegg om slik utviding av kyrkjegarden: Ein tek inn nitti meter aust over frå vegen, slik at lina på nordsida går i same lei som gravplassen på vestsida, og sørsida av plassen fylgjer køyrevegen aust over. I dette møtet set kommunestyret ned ei nemnd på tre mann som skal tala med grunneigarane om kjøp og pris. Helserådet må kallast saman og seia si mening om planen. Skulle det vera uråd å koma til rettes med eigarane om pris og areal så får ordføraren pålegg om å syta for at jordstykket blir oreigna. Desse skal føra samtalene med grunneigarane:

Rasmus Tjøsvold, Elias J. Medhaug, Rasmus O. Vea, Munkejord. Mindretallet gjer slik merknad: Ein treng ikkje gjera stor utviding på kyrkjegarden. Den utvidinga som nett er vedteken, bind ikkje kyrkjebygget til nokon viss stad.

Så vart kyrkjegarden utvida aust over, men planane om ny kyrkje vart verande på papiret. Mange kjende dette sårt. Tydeleg kjem det fram i eit dikt som David Davidsen skreiv om tilstanden med kyrkja i Åkra.


Åkra kirke.

Her står jeg forlatt
og vidner så klart hvor usigelig mat
min menigheds kjærlighet blevet nu er
mod forдум da kirken var alle så kjær.
Jeg står her til tegn på kirkelig strid,—
O, sørgelig tid! O sørgelig tid!

Splidagtigheds Ånd
behersker mit Folk med sin lammende Hånd.
I «Tilsyn» og «Styre» Modstandere Står,
som holder mig fast i Forsmædelsens Kår.
Før disse går med på min Nybyggings Krav,
jeg stuper mod Grav.

Jeg holder alt hårdt,
ret snart kan man se mig få døie den Tort:
min Mur og mit Bindingsværk svigtet mig har,
mig Orme har tæret, jeg er ikke rar.
Nei, Tidernes Tand har snart fuldført sit Værk,—
sig så jeg er stærk.

Sommaren 1936 vart atter kyrkjegarden utvida aust over. Den nye parsellen vart vigsla av prost Hougsnæs onsdagen 2. september, same dagen som kyrkjegarden i Vedavågen fekk vigsel.




David Davidsen



Prost Hougsnæs

Berre eit fåtal av gravene fekk støtte eller karm ut etter 1800 talet. Dei fleste låg uflidde og vanstelte frå år til år. Mellom dei låge gravhaugane var det vanskelig å koma til med ljåen, så graset vokс og visna. Ein eller to gonger kvar sommar vart det slege, og den som slo, betalte for graset. I 1950 åra vart gravhaugane jamna, så det vart råd å fara over heile kyrkjegarden med plenklippar. Men før ein jamna, kom mange av dei som hadde lagt einkvan av sine i grav, og reiste støtter eller karmar. Såleis fekk kyrkjegarden på få år heilt ny farge: plengras grodde, og den gamle kyrkjegarden vart fager. Nye reglar for graving og støtter vart utarbeidde av soknerådet året 1957, etter dei retningslinene som Departementet staka ut.

Kring 1880 kjem fyrste malmkarmane på graver i Åkra. Det finst fleire ulike slag. Før denne tid finn me eit par vakre malmplater, den eine med innskrift ... *Peder Olsen Wea, d. den 28. Mai 1866, 67½ aar gammel.*




Bårehuset ved kyrkja, bygd året 1964

Min Sjæl, dø den retfærdiges Død, og mit Endeligt vorde som hans.

Min Jesus, luk mig Himlens Døre op,
nu er Sjælen skillet fra sin Krop.

Med Dommedag ei langt borte bliv,
gjør mig saa ligt dit klare liv.

Dei samanlagde hendene vitnar om tru på evig sameining etter at livet her er slutt. Krossen, kransen, ankeret er symbol på forsoning, siger og evig liv: *ankeret er fest attom forhenget*. Same symbolet finn me på fleire karmar og støtter. Gravstader for heile huslydar har ikkje vore brukta noko større i Åkra, ein finn berre nokre få med gjerde ikring. Men lenge har det vore skikk å ta av grav til ektefellen som levde att når den eine døydde. Stort sett tek folk vel vare på gravene til sine nærmaste, — nå er dei jamt over velstelte. Og etter



Sokneprest Aasen og frua


dei nye reglane for kyrkjegarden har alle rett til å reisa støtter i same høgd, helst utan karm. Fram føre støtta steller dei og plantar, og der som dei reiser bort eit eller fleire år, så syter kyrkjetenaren for at alt ugras vert slege bort. Vil dei så stella grava på nyt, så har dei rett til det. Ein bør derfor ikkje setja karm framfor støttene.

Straks etter siste storkrigen gjekk eit par skuleklassar i gang med treplanting langs nordre gjerdet. Det var skuleklassar som tok til å jamna gamle gravhaugar og, men så sette Åkra kommune i gang og gjorde resten. Plantinga heldt fram. Det vart sett gran kring heile vestre kyrkjegarden, og aust om vegen gror buskfuru og svensk asal. Dei lønnene og almene som står lengst vest og stritar mot vinden, dei veit ingen alderen på.

Folket i Åkra har liten hug til å grava opp att gamle graver og nyta jord til sine, der det før har lege lik. I 1930 åra vart vestre gravplassen påfylt med sandjord, men uviljen var så stor at alt måtte køyrast bort satt. Spørsmålet står såleis uløyst: skal ein framleis spara denne gamle kyrkjegarden og leggja ut jord til kyrkjegard vidare aust over?



Frå austre kyrkjegarden.



Kyrkjeporten.

Atter går det nedover med kyrkja

I 1920 åra vart det ofte klaga på kald kyrkje vinters tid*. Nedste plankane heldt ikkje tett når kulden sette inn. Vindaugo var så gisne at ein kjende draget utantil når det bles aldri så lite. Golvet låg i bylgjer, mest av di underlaget svikta. I si tid var det lagt ned svært solide bord, breie og sterke, og dei var feste til bjelkane med smedarbeidd spiker. Men golvet vart nedslite, spiker og kvist toppa seg både i midtgangen og mellom benkeradene. Ein større reparasjon måtte til. Soknerådet sette 2. april 1932 ned ei nemnd som skulle sjå nøyde over kyrkja og koma med framlegg om det som måtte gjeraast. Desse vart med: Sokneprest Ivar Aasen, malarmeister Karl Hansen, tømmermann og bonde Tomas J. Liknes, snekkermeister Hans J. Rasmussen og byggmeister Helmik Svendsen. Dei meinte at det kom til å gå 2900 kroner til full reparasjon. Åkra kommunestyre sette av 500 kroner, og bad nemnda samla inn resten privat. Så kom ein flokk kvinner saman og skipa *kyrkjeforening*: Dikka Aasen, Margreta Årvoll, Rakel Mannes, Perina Eiken, Ragna Sjøen, Kaia Mosbron, Bine Bore, Marta Heiå, Gitta Nielsen og fleire. Dei gjekk frå hus til hus, og fekk inn 682 kroner. Dei kjøpte teppe til midtgangen og koret. Plysj vart lagd på altarring, knefall og kneleskammel, og på prekestolen. På same tid vart eine omnen riven, ny kjøpt inn, og sett ved lodd-pipa som nett var reist framme i kyrkjeskipet ved nordveggen. I begge sakristi kom det og nye omnar. Lærarane Ve og Vie laga numbertavler. Karl Hansen tok på seg malinga. Han bad handelsmennene om olje og maling, og fekk det som trongst. Arbeidshjelp kom og, nitten mann gjorde kvar sitt dagsverk. Adolf Bjerkreim mala altartavla gratis. Soknerådet sökte Departementet om å få riva rekverket

*) Lov om oppvarming i kyrkjene kom 3. august 1897. Året etter, 18. september, var kyrkjetilsynet i Åkra samla til møte, og bad då kommunestyret syta for at omnar måtte verta sett inn til fyrst-komande vinter. Ein tenkje seg korleis det må ha vore å koma inn i iskald kyrkje kalde vintersdagar!



A. Bjerkreim.



Byggmeister Nilsen.

som skil koret frå kyrkjeskipet, men Departementet ville ikkje gå med på dette. (Biskop Bernt Støylen rådde og sterkt ifrå, siste gongen han heldt visitas i Åkra, 1922: rekkverket måtte bli ståande, sa bispen.) Men Dep. gjekk med på at det vart skore noko av foten til preikestolen, så den kom til å bli femten tommar lågare.

Kyrkjeforeningen kom med tilbod om å leggja inn elektrisk lys, men kommunen måtte sikra straum. Gunvald Tjøsvold monterte det som skulle til, og kyrkja stod ferdig til bruk sundagen 18. september. Ho var pakkfull den dagen. I offer til kyrkja kom det inn 180 kroner, slett ikkje lite i så fattige tider som 1930 åra var. Eit par festar måtte haldast, så rekningane kunne verta betalte. Året 1937 vart grunnmuren tetta, og heradskassen ytte pengar til dette. I 1942 vart det kjøpt rør til elektrisk oppvarming, men ein kunne ikkje skaffa kablar nå, storkrigen hadde alt vart eit par år.


Største reparasjonen i nyare tid

Sist i 1940 åra var det klårt for sokneråd og kyrkjeverje at det måtte gjerast noko med kyrkja, om ein framleis skulle få nytta henne. Ho var mykje skeiv og måtte rettast opp. Inne trøngst mykje nytt: panelkant langs veggene, doble glas, nytt golv, nye benker. Trappene opp til galleriet var farleg smale, det var lite råd å gå dei. Over kvelven burde ein få glasvatt, for skuld varmen. Pannetaket dugde ikkje lenger. Ein måtte først fara grundig over taket, og så leggja heller. Og sakristiet då! Det var bygd i 1898, men så lausleg fest til sjølve kyrkja at regnet rann ned så snart det kom ei bye. Soknerådet fann det rettast å la denne reparasjonen gå over fleire år, så pass utteljingar som det ville føra til.

I 1948 vart alle vindauge skifte ut, så nær som dei i vestfronten. Dei nye var like dei som stod der før, men me fekk inn eit fag på innsida, så det vart doble vindauge i sør og i nord. Inngangsdøra til koret på nordsida vart blinda. Byggmeister Jacob Nilsen gjorde arbeidet. To år seinare fekk kyrkja elektrisk oppvarming. Bendik Sørland monterte røyrene, og Gunvald Tjøsvold la om det elektriske lysanlegget. Kolonnen som var sett inn i 1932, vart stående. Men først vart det lagd nytt golv oppå det gamle, som hadde sige og gjekk i bylgjegang.

Soknerådet hadde gjort vedtak om at kyrkja skulle rettast opp, — ho hadde sige sterkt sørover. Så skulle det setjast opp sterke vinklar av jern, feste til veggjar og bjelkar inne i kyrkja. Men så kom det ein mann frå Oslo og nekta dette: han kravde at berre nokre få og små vinklar skulle opp. Dei gjorde lite gagn, og kyrkja har sige tilbake til sitt gamle lægje. Mykje arbeid fekk ein likevel gjort i 1950 åra: pannene kom bort, sutaket trøng stor vøling før ein la skifer. Takrenner kom på plass. Bordkledningen hadde rotna store stykke og måtte skiftast ut, både på tårnet og på langsiden. Tårnet fekk glugg på sørssida og på nordsida.

Byggmeister Nilsen gjorde trearbeidet og Georg Rossland mura.



Res. kap Gundersen og frua




År 1952 fekk kyrkja nytt orgel, harmonium frå Vestre fæbrikkane. Det hadde 6½ stemme og kom på kr. 5622,00. Sevland songlag skipa til julekonsertar og hjelpte såleis til med finansieringa. Soknerådet rådde og over noko pengar, som gjekk med til orgelet.

I 1953 vart det gamle sakristiet rive og nytt reist. Det nye var ein halv meter lengre og over ein halv meter breiare, og hadde berre ei inngangsdør, mot aust. Jacob Nilsen gjorde arbeidet. Same hausten la ein veg kring kyrkja. Veggene låg heilt ned i marka og hadde såleis rotna i underkanten. Ein stødde opp muren, så trevirket kom eit godt stykke over jorda. Under gravinga kom ein over mykje bein. Mange hovudskallar låg der, så einkvan gongen må desse beina ha vorte samla saman og gravne ned attmed kyrkjeveggen ... Vegen var tre meter brei, grusa og overlagd med singel.

Hovudinngangen fekk ny dør i 1954, og den står i stil med døra i aust. Begge sakristi fekk innlagd vatn. Om sommaren vart kyrkja måla utvendes. Ny kyrkjeport kom same året. Res. kap. Gundersen teikna porten, og Bergfjord arbeidde han. Innkøyringa vart utvida,



Murar Rossland



Snekkermeister Ragnvaldjord

så ein kan koma inn med større bilar . . . Sundagen 15. august vart ny dåpsmugge vigd til bruk. Ho er laga av tinn og kom på 295 kroner. Kyrkjeforeningen gav mugga. I 1955 fekk kyrkja ny gave frå kyrkjeforeningen, to blomstervasar i sylv . . . Året etter vart nytt golvlagd på galleriet. Dei gamle trappene vart tekne bort, og betre trapper lagde i staden. Langs veggene i kyrkja vart det reist panel i høgd med nedkanten av glaskarmane. Denne gongen og var det Nilsen som gjorde trearbeidet . . . Åra 1957—1958 vart restaureringsarbeidet fullført. Då fekk kyrkja nye benker. Arkitekt Mostue, Oslo, gjorde stor teneste då han lånte oss teikningane som Avaldsnes-kyrkja hadde laga benker etter, og me fekk lov til å forandra dei litt. Åkra betalte berre lyskopien. Brørne Ragnvaldjord og Østvold arbeidde benkene og sette dei inn. Murmeister Rossland hadde bygd ny pipe.

Trestøttene under sidegalleriene vart tekne bort og skinnar av jern lagde til stønad. Kvelven under sutaket hadde lenge stått urord og samla mykje støv. Ein prøvde å få han nokolunde rein, la så glasvatt oppå, som kunne halda på varmen. Riksantikvaren var beden om



Olav Bergsfjord.

å koma hit våren 1958. Han såg på fargane saman med Adolf Bjerkreim og Karl Hansen. Hansen hadde teke på seg å måla sjølve kyrkja, Bjerkreim baud seg til å måla altartavlal, døypefont og prekestol gratis.

Kyrkja vart teken i bruk att sundagen 22. juni. Samlingsdagen vart stor høgtidsdag for heile kyrkjelyden.

Den tida kyrkja hadde vore stengd, vart det halde gudstenester i bedehusa.

I 1959 fekk lysekruna elektrisk utstyr. Ole Kristiansen monterte.

Bårevogn til likkistene vart laga i Stavanger i 1961 og koste 750 kroner.

Helge Sævik og Olav Bergfjord gav tre lyskastarar til kyrkja i 1960. Gunvald Tjøsvold monterte dei, og alt var gåve frå dei tre mennene, utan utgift for kyrkja.


I 1969 godkjende Riksantikvaren og Stiftsdireksjonen framlegg til oppretting av kyrkja. Teikningane var utarbeidde av ingeniørfirmaet Grønstad, Haugesund. Arbeidet var kostnadsrekna til vel 104.000 kr. Under leiing av Martin Rasmussen frå teknisk etat kom arbeidet i gang i september 1970. Bordkledninga vart riven på begge sider, og stålkonstruksjonar skruva fast til tømra. Karmøy Stålindustri arbeidde stålbindingane. Johannes J. Tveit og Anders Klæhaug stod føre arbeidet med kyrkja og dei hadde med seg fleire flinke arbeidsfolk. Det synte seg at kyrkja var bygd av særskilt godt tømmer, nedste plankane, svillene, var 18 cm, og dei øvste var 13 cm. tjukke.

Kyrkja vart teken i bruk til julekonserten sundag 13. desember.

Inne i kyrkja

Straks ein kjem inn, legg ein merke til smakfulle fargar. Her har fagfolk vore ute med rettleiingar, handverkarar har gjort arbeidet på beste måten. På kvar side av midtgangen er det nitten benkerader, og kvar benk har plass til seks eller sju vaksne menneske. Galleri og kor har og benker, så det er rom til noko over tre hundre menneske i kyrkja. Til vanlege gudstenester er ho sjeldan full, men ved høgtider og stormøte vert kyrkja mykje for liten. Ei tid var det aller verst på konfirmasjonsdagar. Svært mange måtte då stå ute. Men året 1964 vart konfirmasjonen delt på to sundagar, og dermed var ein over denne vansken. Framleis må born og ungdom sitja på altarfoten julaftan.

Altar og altartavle skriv seg frå nybygginga 1820. Altarfoten har knefall til femten menneske. Sjølve tavla har innskrifta *Det er fullbrakt*, som ho fekk ved reparasjonen 1932. Midt over innskrifta står stort, gulmåla kors, og bakgrunnen er målarstykke av Jerusalem ved solrenning. Øvst på tavla strålar sol, eit vanleg symbol frå mellomalderen, — det minner oss om påskemorgonen. Til venstre for kross og målarstykke les ein romartala 1—10, som peikar på dei ti bodesorda, 2. Mos. 20. Til høgre er skore ut kalk og oblateskje, — her minnest ein nattverden. Alt er vakkert måla og står i stil med inventaret.



Stolar, prekestol, altar og lysekruna.

Prekestol, døypefont og ramma kring altaret hører klassisismen til. Det er stil frå Ludvig 16. si tid, ein stil som var heller gamal i 1820 åra. Empiren hadde gjort sitt inntog, men fedrane våre heldt på den gamle stilen. Tannsnittet på prekestolen og under tempelgavlen er særmerkt klassisk. Det nye som vart teke i bruk ved nybygginga, er stilreint og vakkert. (Tuastad.)

Likevel må det vera klårt at dei gjorde feil då dei flytte den gamle altartavlå frå altaret og ned til nordre veggen.

Lysekruna er eit uvanleg stykke arbeid, og berre få landsens kyrkjer har noko liknande. Ho er både større og vakrare enn lysekruner flest, og hører med til det venaste i svensk krunearbeid på 1800 talet. (Tuastad.)



Res. kap. Østtvit og frua.




Innskrifta lyder: *Denne Lysekrone er skjænked af Tørres Nielsen og Hustru Inger Enersdatter Akrehavn. Gjord i Stockholm af I. Wiseen.*

Kruna kom hit året 1829.

To gonger har kyrkja fått særskilde stolar til brudfolk, fyrst ved reparasjonen i 1830 åra, siste gongen i 1964. Kyrkjeforeningen kosta stolane. Dei som står i kyrkja nå, er laga av kunstnaren Bjotveit i Kinsarvik og hører med til venaste prydnaden som kyrkja eig. Dei kom på kr. 2200,00.

Heilt frå 1930 åra har prestane med fruer stått fremst i kyrkjeforeningen og lagt ned stort arbeid. Kvart år skipar foreningen nå hausstakkefest, då er kyrkja meir enn full. Foreningen har sine møte i prestehheimen, oppbyggelege samvær, der mennene av og til vert bedne inn . . . I mange år har foreningen sendt julegåve til Menighetsfakultetet, — årleg sum 'er komen opp i tusen kroner.



Brudstolane frå 1964.



Organist Jacob Vea



Organist Nils Åarøy

Orgelet

Sist i 1890 åra kom det på tale å skaffa instrument i kyrkja. I Falnes hadde dei hatt orgel på lag nitti år.

Medlemer i det kristelige ungdomslaget grep tanken, og fleire av dei gjekk ikring i bygda og samla inn pengar, og i møteboka til Åkra kyrkjetilsyn står det skrive 11. mars 1900: «Andragende fra Akre Ungdomsforening om Tilladelse til at opstille et Orgel i Akre Kirke. Andragendet oversendes Herredsstyrelsen med Kirketilsynets varmeste Anbefaling.»


Orgelet kom på plass, og i møte 24. mars 1901 heldt tilsynet etter møte og sette lærar Jakob Vea til organist. Løna skulle vera offeret som kom inn på høgtidsdagane, jul, påske og pinse.

Det gamle orgelet hadde så vakker ei innskrift: *Soli Deo Gloria, d.v.s. åleine Gud æra.*

Vea flytte til Falnes i 1902, og 15. mars 1903 vart lærar Nils Årøy sett til organist på same vilkår som Vea.



Organist David Størkersen.



Organist Malena Vea



Organist Helga Lund

Lufta i kyrkja var rå, og orgeltungene hadde lett for å rusta. Orgelet måtte skiftast ut etter reparasjonen kring 1950, og kyrkja fekk nytt orgel. Fullverdig kyrkjeorgel fekk me året 1967. Fagfolk frå fabrikken i Tyskland, der det var laga, kom og monterte det, og det vart vigsla ved gudsteneste 26. februar. Organist Mæland frå Stavanger sat på krakken den dagen, og han viste kva orgelet dugde til... Koralane har fått ny klang, og kyrkjesongen i Åkra må seiast vera mykje god.

Desse har vore organistar vidare: David Størkersen 1914—1919, Malena Vedø 1920—1927, Helga Lund 1928—1945, Marta Ådland 1945—

Fyrste instruksen for belgtrødaren finn me i 1908. Belgtrødaren då heiter Peder O. Akre. I 1922 er Tolles Tønnessen, Åkra, tilsett i stillingen, og i 1931 kjem Joakim Danielsen. Siste mannen som trødde orgelet, var Ole Sjursen, han slutta då me fekk orgel som var drive med elektrisk straum.

Krigsåra 1940–1945

Niande april 1940 varsla inn ei uhyggeleg tid for heile folket vårt. På alle felt fekk me røyna kva okkupasjon var. Kyrkje- og kristenlivet gjekk likevel stort sett sin gang. Det var til og med vekkingar fleire stader i landet. Her i Åkra hadde me ei god tid kristeleg sett. Men om eit par år snørte det seg til i skulen og i kyrkja. Ungdomen skulle lærast opp i heilt nytt livssyn, lærarane fekk melding om at dei var medlemer av Lærarsambandet, — det hørde med til lærargjerninga å ha namnet sitt der. Storparten av lærarstandet protesterte, sa ifrå at dette sambandet hadde dei ingen ting med. Resultatet vart massearrestasjon landet over. Grini og Finnmark fekk storinnrykk av lærarar, som skulle tvingast i kne, eller ta den straffa som ulydige landsmenn burde ha, etter det synet som rådde mellom nazistane. Nazi-styret vann ikkje fram med aksjonen. Dei som vart arresterte, stod fast: dei skulle ikkje ha noko med styret til Quisling-Hitler. Ikkje få lærarar døydde, av tortur eller andre lidingar, som dei ikkje greidde



Govert Grindhaug



Presten Kloster.

å bera. Det var lensmennene som fekk påbod om å arrestera lærarane, men lensmann Vinje i Skudeneshavn sa nei: han nekta blankt å vera med på slik aksjon mot norske skulefolk. Lærarane i hans distrikt venta på innkalling, men den kom ikkje. Derimot hadde einkvan set lensmannen køyra nord over den morgonen då lærarane skulle gripast. Han for til nazipolitiet i Haugesund og sa ifrå at han stod ikkje til teneste i denne saka. Då blir du arrestert sjølv, sa dei på kontoret. — Kofferten ligg pakka i bilen, lydde svaret. Resultatet vart det, at Vinje ingen ting gjorde, og same ettermiddagen kom det melding at arrestasjonen var slutt. Lensmannen vart sia vist bort frå distriktet sitt til krigen var over.

Så kom turen til kyrkja. Prestane kom under same presset som lærarane: dei skulle forkynna i samsvar med det som den nye tida kravde. Statsmakta hadde herredømet over kyrkjelæra og over alt åndsliv i landet. Kyrkjebøna måtte endrast slik at Kongen og hans hus ikkje vart nemnde.

To skriv kom til prestane, bispeskrivet *Kirkens Grunn*, og eit frå han som kalla seg ministerpresident, Vidkun Quisling.

Bispeskrivet slo fast at staten berre har med det verdslege regimentet å gjera. Kyrkje og kristendom hører det åndelege regimentet til, og her har staten ingen rett til å blanda seg inn.

Skrivet frå Quisling var eit kvast å tak på presteskapet, som ikkje ville bøya seg for order frå statsmakta.

Prestane skulle lesa desse skriv opp på preikestolane påskehelga 1942. Dei aller fleste brydde seg ikkje om skrivet frå Quisling, men la det til sides. Bispeskrivet las dei opp, kvar i si kyrkje. I kyrkjene i Kopervik prestegjeld las sokneprest Aasen opp begge skriv.

Bispar og prestar skjøna at det var uråd å halda fram i si gjerning under nazistyret. Dei la ned embeta sine, og ville tena kyrkjelydane som før, utan embetsmenns rett og løn. Soknepresten i Kopervik la ned embetet sitt saman med dei andre prestane i prostiet, men såkte straks etter avskil med pensjon, etter ny lov. Begge soknene var dermed prestelause frå 1. juli. I møte i Åkra sokneråd 10. mai gav han protokollen til nestformannen, Govert Grindhaug. Den 11. juli møtest begge råd i Åkra kyrkje og drøfte situasjonen. Og vedtaket lyder: «I anledning av at sokneprest Aasen er avgått og menigheten er uten prest, enedes man om å kalle en prest til å betjene våre menigheter i likhet med andre prester i Karmsund prosti. Til å ordne med dette, valgtes Johan Stangeland, Kopervik, og Govert Grindhaug.» Underskrive av Govert Grindhaug, Johan Stangeland, Thomas Øygarden, Edv. Svendsen, Thomas A. Eide, Kristen Brekke, John Hop, Olaus Holgersen, Kolbjørn Olsen, Torstein Hauge, Karl Hansen, Alf Hansen, Johannes Liknes, Simon Simonsen.

Biskop Skagestad sende presten Kloster hit, men han fekk kort arbeidstid. Ein sundags føremiddag medan me heldt på og samlast i kyrkja, kom oppmoding frå bispen, at me burde absolutt ikkje halda gudsteneste i kyrkja den dagen, for det var utnemnd naziprest, og det ville vera uklokt å la seg fanga såleis ein kyrkjesundag. Me gjekk då til Åkra bedehus og heldt gudsteneste der. Denne sundagen song me *Velt alle dine veie og all din hjertesorg på Ham som har i eie den hele himlens borg*, alle versa. Det vart ei ugløyande stund.

Nazipresten, Harald Fosse, var ikkje ukjend her. Han hadde vore emissær i Sudanmisjonen og i Vestlandske Indremisjonsforbund og


tala i fleire av bedehusa våre. Sokneråda ville ikkje ha noko med han å gjera, og klokkarane nekta å gjera teneste, — dei møtte aldri opp til gudstenestene, der det aldri var meir enn tre menneske, utanom kyrkjetenar og organist og ny klokkar. (I Kopervik vart ein flokk ordra av politiet til å koma i kyrkja ein sundag.)

Så kom våren 1943, tida for konfirmant-innskriving. I Åkra tala klokkaren med foreldre og kollegar, og han skreiv inn ungdomen til vanleg lesing. Alle møtte, og førebuing til konfirmasjon gjekk etter planen. Me samlast i bedehuset på Ådland og i Vedavågen, og i ungdomshuset Ljosheim på Sevland. På Åkra hadde tyske tropper teke bedehuset, og me måtte finna rom i eit sjøhus og i eit kjellarrom på kaien. Det vart ti-tolv samvær, og førebuinga vart godkjend av biskop Skagestad. Om hausten vart ungdomen konfirmert i Ferkingsstad, på Avaldsnes og i Torvastad. Me gjekk fram på same måten året 1944, og då var faren mindre, av di Fosse hadde kome bort ved ulukke på Bergens-toget, og presten som styresmaktene sende her ut til å ta seg av kyrkjelydane, møtte svært sjeldan. Våren 1945 skreiv og klokkaren inn konfirmantane og las med dei nokre gonger, men då fekk me pastor Natvig til å styra kallet, og han fullførte lesinga og hadde konfirmasjonen.


Så lenge Fosse sat i Kopervik, hadde me ikkje gudstenester i kyrkjene. Men seinare tok me kyrkja i bruk fleire gonger, hadde full gudsteneste der. Dessutan heldt me møte, og alltid var kyrkja full. Mange born vart døypt ved desse samværa. Med dåpen gjekk det elles slik at klokkaren førte liste over alle dei som han eller andre døypte i heimane eller i bedehusa. Etter krigen vart så borna førte inn i kyrkjeboka. Det hende at prestar kom hit på misjonsmøte, og då hadde me både dåp og nattverd. Ludvig Solheim, som sluttar prestegjerninga si i 1931, kom såleis på vitjing og hadde møte i Vedavågen bedehus. Han hadde barnedåp. Og ved eit stort påskemøte i same huset var me vitne til at over tjue born vart borne fram til dåp.

Elles må det nemnast at foreldre reiste både til Ferkingsstad og Avaldsnes med born som skulle til dåp.

Så kom freden, tysdagen åttande mai 1945, ein underleg dag!



Ingolv Ytreland



Bernt Natvig.

Me visste at krigen var fullstendig tapt for Hitler-Tyskland, men gjekk i stor spaning: Korleis skulle dette gå? Kom tysketroppene til å brenna landet her, slik som dei gjorde det i Finnmark? Me slapp fri utan vanskar frå deira side som hadde halde oss under åket i fem år. Ut på dagen skar flagg til topps, slik flagging hadde visst ingen sett før. Ungdom for ikring med plakatar og bad alle samlast til tog om kvelden. Gamle og unge samlast under faner og flagg, og fedrelandssongane, som det var farleg å syngja i krigstida, dei lydde vel sterkare enn ein syttande mai, — ingen hadde gløymt at me var eit folk, og eit folk som elskar fridomen.

Alt hva fedrene har kjempet, mødrrene har grett,
har den Herre stille lempet, så vi vant vår rett ...

Straks etter krigen kom tanken opp, at me burde få hjelpeprest: nå hadde me mannen, pastor Natvig, og det vart avgjort i soknerådmøte, der medlemene frå begge råd var samla, at Åkra sokneråd skulle gå i gang og senda dei søknader som måtte til. Dette tok si tid, og Natvig vart tilsett i sjømannskyrkja i Frankrike før det hadde kome i orden med hjelpepreststillinga.

Prest og prestehjem i Åkra


Fyrste presten som kom til å få heimen sin i Åkra, var Arne Meinich Gundersen. Han vart innsett sundagen 21. desember 1949 av prost Hougnsæs.

Det var uråd å få skikkeleg hus til prestefolket. Dei måtte bu i andre etasjen i lærarheim i Vedavågen, bustaden til styraren i folkeskulen. Men husspørsmålet måtte løysast, og soknerådet gjorde vedtak om å be formannskapet setja av pengar til prestehjem. Formannskapet synte stor godvilje, og tok saka opp i møte 18. mars 1949. Alle skulekrinsane var representerte i den nemnda som skulle førebu planen til prestebustad: Ludvig Mikkelsen frå Ådland, Knut Jakobsen frå Åkra, Simon Simonsen frå Sevland og Ingolv Ytreland frå Vedavågen. Nemnda fekk pålegg om å leggja fram planar, så ville formannskapet atter ta saka opp, på fyrste budsjettmøte.

Nemnda valde Ingolv Ytreland til formann, og såg på fleire stader innan Åkra krins som kunne høva til grunn: stykket mellom David Vea og Johan Torsen syntest vera mest lagleg. Denne staden vart kjøpt, og i heradsstyremøte 6. september fekk nemnda fullmakt til å skaffa teikningar og kostnads-overslag. Hjelpeprest Gundersen vart og vald inn i nemnda. Alt 4. oktober hadde arkitekt Ola Halseide teikningane ferdige. Heradsstyret godkjende dei, og gav nemnda fullmakt til å setja i gang grunnarbeidet. Veret var svært ulagleg den vinteren, og arbeidslaga vart hefte ikkje så lite. Men Ole Eliussen fekk grunnen skoten ut i rimeleg tid, Vilhelm Mannes la vegen, og tok akkord på støypinga.

Mange trong hus det året, og venta på byggeløyve. Vinterkvoten kom oss til hjelp. Simon Simonsen fekk byggja huset, Gunvald Tjøsvold la inn det som trongs til elektrisk lys og varme. Georg Rossland sette opp skorsteinane, Rosberg og Sønner la inn vatn, og blekkslagar Matre sette opp takrenner.

Huset stod ferdig i slutten av november og kosta kr. 85 000,00. Same månaden, onsdagen 29. november 1950, kunne nemnda halda første samkoma i det nye huset, etter at prestefamilien hadde flytt inn. Denne vigselsdagen var desse til stades: soknerådet, kyrkjeverja, or-



Presteheimen i Åkra.

ganist, kyrkjetenar, formannskapet og soknepresten, og familien Gundersen. Fruene var og innbedne.

Formannen i soknerådet bad velkommen, og så gjekk alle kring i huset og såg på roma. Me samlast så i stovene, der me song *I Jesu navn skal all vår gjerning skje*, formannen la Salme 26, 4—8 og heldt andakt.

Etter matkvilda tala sokneprest Rognebakke over Ordet i 1. Kor. 3,9—17. Han siterte det latinske ordtaket *Quod bonum, felix faustumque, sit, Må det verta til hell, lukke og velsigning, vigsla* så huset til prestehjem i Åkra sokn i Jesu Kristi namn.

Byggenemnda leverte huset til Åkra kommune. Ordførar Ringdal takka nemnda for arbeidet, og bar fram ynske om at samarbeidet mellom prest og folket i Åkra alltid måtte verta det beste. Måtte dette huset verta ein god heim for prestane som kjem hit! Han gav huset



Vilhelm A. J. Mannes



Ordførar Ringdal

over til soknerådet. Formannen i soknerådet takka kommunestyret som hadde handla så raskt i denne saka, og ynskte prestefolket velkomne i nytt hus. Hjelpeprest Gundersen takka for huset. Han vona det ikkje ville bli siste gongen han kunne be bygdefolk velkomne hit.

Fleire av dei innbedne hadde ordet og ynskte prestefamilien velkommen inn i nytt hus. Alle ville ynskje det beste for samarbeidet mellom prest og kyrkjelyd.

Hjelpepreststillinga vart gjort om til kallskapellani og seinare til *residerande kapellani*.

Med dette hadde Kopervik prestegjeld to prestar i embete.

Ved presteskiftet i 1962 vart huset pussa opp att innvendes, og kjøken vart noko forandra. På golvet la ein inlaid. I hagen vart det planta sitkagran kring heile gjerdet.

Inventar på kontoret: 1. Safe. 2. Kartotekskap. 3. Skrivebord med stol. 4. Skrivemaskin med bord. 5. Bokhylle med arkivskap under.

Gravplass og kyrkjegrunn i Vedavågen


Den 29. oktober låg det føre søknad i Åkra heradstyre om gravplass i Vedavågen.

Heradstyret svara ja til søknaden, og ein av medlemene, tidlegare ordførar Edvard Svendsen, baud fram eit jordstykke til gravplass. Den 14. desember same året var bygdefolket i Vedavågen samla til møte, der ordførar Lars Munkejord greidde ut om vedtaket i heradstyret og la fram tilbodet frå Svendsen. På dette møtet vart det valt ein frå kvar gard i Vedavågen til nemnd som skulle arbeida vidare med saka: Edvard Svendsen, Lars Munkejord, Sven Svendsen, Anders Davidsen og Tomas K. Vedø. Nemnda var samla til møte 18. januar neste år, og valde Lars Munkejord til formann. Mennene gjekk straks ut på synfaring og såg over dei stykke som det var tale om til gravplass: stykket i utmarka til Edvard Svendsen, 2. Stykke på heimebøen til Ole Tørressen, Munkejord, 3. Stykke hjå Helena Hanssen Munkejord, 4. Stykke som ligg sunnanom Bedehuset Betel på garden til Olena Abrahamsen på Ysthus, 5. Utmarksstykket Rasækrene i Ysthusneset. Seinare kom det endå to teigar på tale, ein hjå Tønnes Munkejord, og ein i utmarka til Vermund R. Munkejord. Siste stykket høyrdie Sakrias Ytreland til, og han baud det for åtte hundre kroner. Men så kjem det endå eit tilbod, frå Tørres Klæhaug. Han hadde skøyte på eit stykke av garden til Hans T. Vea, som nyleg var død.


I bygdemøte røysta 30 for stykket til Tørres Klæhaug, 22 ville ha utmarksteigen i utmarka til Vermund Munkejord.

Kjøpet vart godkjent av helseråd og prost, og ein kunne gå i gang og samla pengane som skulle til. Ved fyrste innsamling kom det inn 2999 kroner.


På krinsmøte 21. november vart det avgjort at komiteen skulle halda fram med arbeidet sitt, og setja i gang med inngjerding og fylling så snart det let seg gjera. Krinsen måtte ta på seg arbeidet gratis. Tørres Klæhaug fekk det som stykket kostar, kr. 3200,00. Helmik Svendsen bygde tårnet, og eit firma i Tønsberg kom med tilbod om klokke. Ho vog eit hundre og fem kilo og kostar kr. 525,00.



Res. kap. Stokkedal og frue



Edvard Svendsen.



Lars Munkejord.

Klokka kom på plass. Kristensen og Sønner arbeidde porten gratis, og skuleklassar planta sitkagran kring gravplassen våren 1937.

Sommaren 1936 var tørr og varm, så det var etter måten lett å grava. Det møtte fram på lag hundre mann dagleg.

Vigselsdagen vart onsdag 2. september 1936. Prost Hougsnæs vigsla plassen, sokneprest Aasen takka prosten og bygdefolket for høgtidsstunda, — det møtte på lag tre hundre menneske.

I 1960 åra kom kyrkjespørsmålet atter opp i Vedavågen, i samband med utviding av kyrkjegarden. Reguleringsjefen hadde teikna av to jordstykke som kunne høva, eitt på Munkejord og eitt på Ysthus, atti kyrkjegarden som har vore nytta frå 1936. Etter gudsteneste i Bedehuset 25. oktober 1964 var det møte med samtale om saka. Ved avrøysting skilde forsamlinga seg, slik at åtti røysta for kyrkjebrygg og ti røysta imot. Kort tid i førevegen, 23. september, hadde Kristen Østhus, som åtte grunnen atti kyrkjegarden, søkt kommunestyret om å få jordstykket sitt gitt fri, eller og måtte kommunen løysa det inn. Formannskapet gjorde vedtak om å senda skrivet til Åkra sokneråd,

der saka var føre 25. november 1964. Vedtaket lyder: «Soknerådet ser det slik at heile området mellom kyrkjegården og vegen som går frå Andreas Krokhauge om Kristen Østhus til kyrkjegardsporten, må løysast inn til utviding av kyrkjegård og til kyrkjetomt.

Soknerådet kan derfor ikkje rá til å frigi den del av eigedomen som Østhus sokjer om.» Samrøystes.

Men så vart heile Karmøy ein kommune frå 1. januar 1965, og i Karmøy formannskap kom saka opp i møte 17. mars. Skrivet frå Åkra sokneråd lyder: «*Utviding av kyrkjegård og kyrkjetomt i Vedavågen.* Åkra sokneråd har teke opp spørsmålet om utviding av kyrkjegården og kyrkjetomt i Vedavågen. På soknemøte i Vea Bedehus 25. oktober 1964 vart det med åtti røyster vedteke å be soknerådet arbeida for å få reist kyrkje i Vedavågen. Åkra sokneråd har tidlegare hatt føre saka om utviding av kyrkjegården på Vea. Ein viser til skriv frå Åkra sokneråd av 25.11.-64 til Åkra formannskap.

På møte i Åkra sokneråd 2.3.-65 vart det halde synfaring for å ta stode til tomt for kyrkja i Vedavågen. Soknerådet var kjent med at



Gravplassen Vedavågen

det på reguleringskartet for Vedavågen var avsett til kyrkjetomt eit området i «Dalen». Soknerådet har ikkje fått høve til å uttala seg om denne staden før. Vi såg på denne staden, og på det kvartalet som ligg nord for nåverande kyrkjegard, saman med bygningssjefen. Soknerådet gjorde fylgjande vedtak: «Åkra sokneråd er ikkje samd i den plassering kyrkja i Vedavågen har fått på reguleringskartet. Den beste løysing av tomt for kyrkja ligg i kvartalet nord for kyrkjegarden på Vea. Åkra sokneråd vil sökja Karmøy formannskap om å få innløyst heile kvartalet nord for kyrkjegarden til grensa med vegen for utviding av kyrkjegard og kyrkjetomt. Reguleringsplanen må endrast i samsvar med dette.»

Ein viser til vedlagte kartskisse og skriv frå bygningssjefen av 13.3.65. Vi ber om at denne saka vert teken opp snarast, og at det må verta nedlagt byggeforbod innanfor dette kvartalet.

Åkra sokneråd, 15.3.65.



*Kristen Davidsen
form. i soknerådet 1962—1965.*



*Bernt Hauge
gravar i Vedavågen.*

I møte 16. august 1965 gjorde formannskapet dette vedtaket: «Saken utsettes. Spørsmålet om kirkegård sees i samband med reguleringsplanen for Veområdet.»

Formannskapet er av den oppfatning at dette området synes å være lite for kirkegård eventuelt også kirke og vil tilrå at området ikke klausulbelegges for offentlige formål.

Formannskapet vil henstille til soknerådet å vurdere saken på ny på denne bakgrunn, eventuelt frigi området på dette grunnlag.

Under henvisning til ovenstående vedtak tør en vennligst anmode om at saken blir behandlet så snart som mulig. Arne Jordbrekk.

Åkra sokneråd hadde møte den 1. september 1965.
Sak 25. *Utviding av kyrkjegarden — Vedavågen.*
Tidlegare sak 16, oversendt frå formannskapet til ny behandling.
Vedtak: På dette tidspunkt og med det saksmateriell som ligg føre, må soknerådet halda fast på vedtaket i sak 16. Men vi meiner saka

bør utgreiaast vidare av fagfolk og så takast opp til ny behandling.
(Under behandling av sak 16 var det forutsetningen at hus og hage til Olena Østhus skulle haldast utanom kyrkjegården.)

Endeleg avgjersle tek formannskapet 5. oktober 1965: «Formannskapet viser til sitt vedtak v 16.8.1965, og anmoder teknisk etat om å ta hensyn til de foreliggende momenter ved den reguleringsmessige behandling av området.»

Saken oversendes til underretning og videre forføining sammen med nødvendige saksdokumenter. Søkerne bes underrettet.

Gjenpart av denne underretning sendes Åkra sokneråd og kirkelige tilsynsråd til orientering.

Karmøy kommune, 13. oktober 1965

Bj. Sørfonden,
kontorsjef.

Klaus Guttormsen.



Jakob Hanssen,
gravar i Vedavågen.

Så kjem siste vedtaket fra Åkra sokneråd i denne saka:
«På møte i Åkra sokneråd 25. januar 1966 vart referert skriv frå Karmøy formannskap av 13.10.1965 vedk. utvidelse av kirkegård på Vea.

Etter den nye situasjon som har kome til etter at det er ført opp eit bustadhus på området slik at det gjer utviding av nåverande kyrkjegard umogeleg, gjorde soknerådet fylgjande vedtak:
«Soknerådet seier seg lei for den vending saka har teke, men kan ikkje lata saka liggja. Ein vil oppmøda formannskapet til å be teknisk etat syta for at det vert avsett høveleg tomt til kyrkje og kyrkjegard på Vea.»

Rådmannen er av den mening at saken ikke kan tas opp til realitetsbehandling nå og viser for øvrig til formannskapets vedtak av 5. oktober 1965 angående denne sak.

På grunnlag herav vil rådmannen tilrå formannskapet å fatte følgende vedtak: «Spørsmålet om tomt til kirke og kirkegård på Vea tas opp til vurdering i forbindelse med reguleringen av Vea-området.»

Karmøy kommune, rådmannen, 1. mars 1966.
Arne Jordbrekk.


Klaus Guttormsen, rådm. sekretær

Spørsmålet om utviding av kyrkjegården og om kyrkjegrunn i Vedavågen synest med dette vera skrinlagt for lange tider.


Åkra Sokneråd



H. R. Ljøen, form. 1922—1933



Ole Medhaug




Kristoffer Hanssen Munkejord



Lars Bottelsen Sevland



Karl Hansen



Stenius Svendsen

Lov om sokneråd kom 3. desember 1920. I kvar sokn skal det vera eit råd på 4—6—8—10 medlemer, etter som menighetsmøte krev det. Valet galdt fyrst tre år. Rådet vel sjølv formann, varaforemann og kasserar. Møtebok vert ført, den er godkjend av prosten . . . Loven skulle gjelda frå 1. januar 1922.

I Åkra heldt dei gudstenesta og menighetsmøte sundagen 22. januar 1921, og vedtok at rådet skulle ha seks medlemer. Sundagen 5. februar vart desse valde, i møte etter gudstenesta: 1. Ole Medhaug, 41 røyster, 2. Kristoffer Hanssen Munkejord, 39 røyster, 3. Karl Hanssen, Åkra, 39 røyster, 4. Lars Bottelsen Sevland, 38 røyster, 5 Stenius Svendsen, Ysthus, 31 røyster, H. R. Ljøen, 28 røyster. Varamenn: Jakob Nilssen Ådland, Knut A. Knutsen, Åkra, Anders Dahl, Vedavågen.

Rådet hadde sitt fyrste møte 25. februar og valde H. R. Ljøen til formann, Ole Medhaug til varafomann og Karl Hansen til kasserar. Kristoffer Hanssen vart vald til å styra lønningsfondet.

Soknerådet står saman med presten og dei andre som er tilsette i kyrkja, og skal gjera sitt beste for kyrkja og for kristeleg liv i sokna.

Soknerådet set opp budsjett og sender framlegg til formannskapet. Det planlegg bispevisitas i samråd med prost og bisp. Det legg fram for menighetsmøte spørsmål om salmebokbyte, om målform i ritualet, og seier si meining når det er tale om å byta lærebøker i kristendomskunnskap i skulen. Rådet tilset klokkar, organist og kyrkjeterar. Ved presteskifte set soknerådet opp liste over dei sokjarane som rådet meiner høver best i embetet. Rådet får tilsendt liste over dei kandidatane som bør koma på tale til øvste tilsynsmannstillinga i vårt bispedøme, og seier si mening. Saman med kyrkjeverja har rådet tilsyn med kyrkja og prestebustaden, og med kyrkjegarden. Ser rådet at nye tiltak bør setjast i verk, så drøfter det saka og gjer vedtak. I møte 18. januar 1950 tok sokneprest Rognebakke opp spørsmålet om kyrkjeblad for Åkra. Saka vart lagd til sides, av di ingen i rådet kunne ta på seg arbeidet med slikt blad.

Desse har vore formenn i Åkra sokneråd:

H. R. Ljøen 1922—1933.

Ivar Aasen 1933—1942.

Govert Grindhaug 1942—1945. (Grindhaug gjorde ikkje teneste i nazitida, ingen av dei andre heller.)

Ingolv Ytreland 1946—1962.

Simon Simonsen 1962, døydd same året.

Kristen Davidsen 1962—1965.

Sigurd Helgeland 1966—

I menighetsmøte etter preika sundagen 21. sept. 1969 vart det gjort vedtak om at talet på medlemer skal vera åtte frå 1. januar 1970. Ein vil sikra seg at alle skulekrinsane skal få representant i rådet.

ÅKRA SOKNERÅD 1970



Sitjande: Inga Sandve, Randi Simonsen, Bina Haga. Ståande: Torfinn Stokkedal, David Didriksen, Sigurd Helgeland, Tønnes Egge, Albert Pedersen, Johannes Heimdal.



Medlemer i kyrkjeforeningen 1970.

Prestar i Åkra sokn

Åkra kyrkje hadde eigen prest i mellomalderen, og i året 1301 er både kyrkje og prest nemnde. Den myndige Stavanger-bispen Arne var på visitas på Avalsnes, der Baard var prest. Åkra-presten heitte *Håkon*, og han måtte syta for at det vart kravt inn, det som prestebordet hadde til gode i sokna hans.

Kven som var prest straks etter reformasjonen, veit me ikkje sikert. Men i 1563 hadde Falnes prest, *Morten* heitte han. Ferkingstad hadde presten *Mats* same året. Denne Mats har truleg gjort teneste i Åkra og.

Frå 1579 hadde *Mats Kristensen* kallet. Han må ha vore prest i alle kyrkjene i prestegjeldet. Det var han som tretta med bonden Mogens Hallesen på Åkra.

Anders Aslaksson er nemnd året 1611. Han styrte kallet fram til 1620 åra. Han vart gift med Karen Faltinsdotter, og kom til å erva jord på Hillesland. Her kom presten i strid med ein av grannane, om skiftesteinlar og kvernevatn, men dei forlikte seg heime på garden.

Presten Anders hadde elles vore borti fleire leie saker, d. d. desse to: Ein gut frå prestegjeldet hadde rømt or militærtenesta, og denne guten hadde presten trulova med ei jente i grannelaget. Guten vart dømd fredlaus.

Ein gong var presten uheldig med eit rettsdokument. Han hadde ikkje rett til å skriva slike brev, berre sorenskrivaren kunne gjera det. Mange år etter at presten var død, skulle dokumentet nyttast i ei rettssak, men vart ikkje godkjent.

Hans Jakobsen Bonde kom til prestegjeldet kring 1630 og vart her i førti åtte år. Han hadde gift seg med enkja etter Anders Aslaksson og kom til å eiga jord i Falnes sokn. Det kunne trengast, for folket var utfattige denne tida og hadde lite og inkje å yta til prest og kyrkje. I 1654 finn me ei sak mellom presten og David Davidsen, som då budde på Stangeland. Det var ikkje greie på skiftet mellom gardane Åkra og Årvoll, men nå kom skiftesteinlar på plass. Sokneprest Bonde kalla

Hans Pedersen Tyrholm til hjelpeprest. Fleire år seinare vart Tyrholm utnemnd til sokneprest i Falnes prestegjeld. Han var og prost i Karmsund ei tid. Han døydde i 1696.

John Lauritzson var Stavanger-mann og vart hjelpeprest hjå Tyrholm 1685. I 1691 fekk han prestekallet. Ei tid måtte han vera både prest og klokkar, av di klokkaren som hadde gjort teneste, fekk meir skatt enn løn. Lauritzson vart gift med enkja etter førre presten, men døydde alt året 1696.

Magister Jørgen Nielsen Prahl var fødd i Trondheim. Han vart sokneprest i 1696 og seinare prost i Karmsund. Dugande bonde var han, og stelte vel med prestegarden. Folket gjorde arbeid på prestegarden, eit dagsarbeid til manns kvart år. På den måten fekk prestehimen det som trøngst til dagleg brød. Men året 1704 kom ikkje boknarane til Falnes på arbeid. Høyet vart utskjemt, og fleire gode menn, såleis gamle klokkaren, vitna på haustringet*, at folket hadde arbeidt på prestegarden under fleire prestar, og at dei hadde forsømt seg dette året. Det vart dom: kvar mann måtte svara ti skilling for di dei ikkje hadde gjort dagsarbeidet sitt. På Karmøy var det og eit par mann som ikkje gjorde pliktene sine... Prahl døydde nokre dagar før jul året 1715.

Greger Meiltz var fødd 1674. Han hadde vore hjelpeprest i Borgund, og ei tid orlogsprest. Både på land og på sjø hadde han ei hard tid. Fattig var han, og lei mykje vondt. Då han kom til Skudeneshavn, året 1717, åtte han ikkje pengar, og han fekk mindre skatt enn nokon annan prest i Rogaland, berre seks skilling. I hans prestetid vart kyrkjene selde.

Meiltz fekk ros for bokføringa si. Året 1725 døydde han. Same året fekk kallet ny prest,

Peder Schröder, fødd i Helsingør året 1700. Faren var prest der. Året etter at Peder Schröder vart utnemnd, kom han hit. Arbeidstida hans vart tretti år, og han var prost i Karmsund ei tid. Han hadde stor interesse for folkelivet i det heile, og skreiv ei utgreiing om liv

*) På Stangeland.

og tilstand på Karmøy. Ein praktisk mann må han ha vore, for han let etter seg ikkje så lite eige. Han hadde kjøpt fire kyrkjer i prostiet: Torvastad-kallet, 2, Avaldsnes og Bokn. Gravplass til seg og kona kjøpte han på Avaldsnes. Ettermannen hans i Falnes, T. C. Krog, kjøpte att Bokn-kyrkja for seksti to riksdalar. Schrøder døydde 16. mars 1757, og kallet vart ei kort tid styrt av ein assessor i skifteretten. Han heitte *Jonas Schanche*.

Men så kom det familienamnet inn som er knytt til Skudenes prestegjeld nær nitti år,

Troels Christian Krog. Han var presteson frå Sunnmøre, fødd 26. juni 1722, og vart utnemnd til sokneprest i Skudenes 10. juni 1757. Han heldt fyrste preika si i Falnes fyrste sundagen i advent, 27. november. Prestekallet gjekk bra opp i inntekter i Krog si tid, kom opp i 423 rd. 4. ort, 5 sk., og han hadde største skatten som fall på prest i Karmsund og Fjordane, heile 33 riksdalar. Men tunge år melde seg att, og prosentskatten gjekk ned til 13 Rd året 1779. Krog sette opp nye hus på prestegarden, dette fekk han gjort for eigen rekning. Han drog på åra og fekk hjelpeprest frå 1777. Likevel vart det vanskeleg for han å halda fram i embetet, så pass veik som han var. Kona hans var sjukleg, og han såg seg nøydd til å søkja avskil. Då hadde han styrt prestekallet frå 1757 til 1802 og var åtti år gammal. Han nemnde ikkje noko om vartpengar, men biskop Hansen meinte han burde få to hundre dalar til året. Krog svara at han kunne greia seg dersom han fekk minst hundre dalar ... Året 1806 døydde han, heime på Falnes ... Det finst eit skriftleg arbeid etter Krog, ei utgreiing om Karmsund prosti. Amtmannen hadde bede han skriva, og bispen sette stor pris på skildringa. Ein av hjelpeprestane til T. C. Krog heitte

Christen Heiberg Kahrs. Han var frå Bergen, og faren vart seinare prost i Sunnhordland. Kahrs var ikkje ordinert då han kom til Skudenes, men biskop Hagerup ordinerte han året etter, 1778. Han vart sia sett til skipsprest på *Den Norske Løve*, og året 1790 sokneprest i Eigersund. Der døydde han i 1802.

Hans Jakob Grøgaard var siste hjelpepresten til Krog. I Skudenes vart han verande åra 1789—1795. Sjå stykket om han seinare i boka.

Fredrik Arentz Krog var prest i Skudenes tida 1802—1845. Sjå stykke om han.

Sonen, *Jørgen Sverdrup Krog*, fødd 1808, var ei tid hjelpeprest hjå faren. Krog hadde ein annan hjelpar og, året 1841,

Helmik Gabrielsen frå Stavanger. Han døydde alt to år etter.

Hans Jensen Blom vart kapellan 1843. Året 1848 vart han utnemnd til sokneprest i Tysvær. Same året kom han på Stortinget, vald frå Stavanger by. Tre år seinare valde fylket han til tingmann. Han var president i Odelstinget, formann i næringskomite nummer 1, og medlem av kommisjonen som skulle granska vårsildfisket.

Christian Severin Bloch Wille var fødd i Våle i Vestfold 1809, son til soknepresten der, Jacob Andreas Wille og k. Margit Peträa Bloch. Det går lite ord om Wille på folkemunn, men truleg er han ein av dei mest opplyste og dugande menn som har sete i sokneprestembetet i Skudenes. Han vart student i 1828 og teologisk kandidat 1832. Til alle eksamanane fekk han Laudabilis, beste karakter. Før han kom hit til Karmøy, hadde han vore kapellan hjå faren, res. kap. i Fredriksstad og lærar ved realskulen der. Han vart utnemnd til sokneprest i Skudenes året 1846. Det var teke det etterhaldet ved utsýsinga av embetet, at Bokn kunne koma til å verta skilt ut frå prestekallet, og det vart gjort frå fyrste januar 1849. Dette gjekk ut over inntektene til presten. Endå meir kjendest det at sildetienden vart teken bort. Inntekta gjekk ned med seks hundre spesidalar, ein stor sum den tida. Wille sokte seg til Nes på Hedmark i 1852, og i 1863 flytte han til Skjeberg, der han sto i embetet til 1885.

Abraham Andreas Bendeke, fødd i 1809, prest i Skudenes åra 1852—1881. Sjå stykket om han.

Thomas Heinrich Møinichen Ørsted Plahte var fødd i Kristiansand 11. mai 1834. Plahte må ha vore sterkt interessert i skulestellet, for han gjekk inn i skulen straks etter at han hadde fått presteksamen.

Hjortens Tørst

Af

Otto Funcke

Hjortens Tørst. Av Funcke

Han arbeidde ved borgarskulen i Kristiansand, ved instituttet for sjøkadettar, og styrte lærarskulen i Vefsn nokre år frå 1865. Han vart sokneprest til Øksnes i 1869, til Tysvær i 1876. Han hadde nokre år vore prost i Karmsund då han vart utnemnd til sokneprest i Skudenes, og her var han til 1889. Mauland fortel at Plathe såg sterke ut, men han var ikkje lite plaga av sjukdom. Verlaget her høvde ikkje for han, og han sökte seg til Holum prestegjeld på Sørlandet. Helsa heldt ikkje der heller, og han gav snart opp prestegjerninga. Han døydde i 1897 ... I hans prestedid her i Åkra vart sokna skild ut ifrå Skudeneshus.

Einar Borchgrevink, fødd 1849, presteson frå Aurland i Sogn og bror til den kjende Madagaskar-misjonæren Christian Døderlein Borchgrevink. Han hadde vore hjelpeprest hjå faren i Nes på Hedmark. Fleire år arbeidde han for Lutherstiftelsen og dreiv heller mykje skriving. Åra 1880—1883 styrte han *Tofte Gave* på Helgøy. Frå 1890 i Skudenes. Han var og prost i Karmsund. I 1905 vart han utnemnd til sokneprest i Borge. Der fekk han avskil med pensjon i 1916.

Om foreningen med Jesu.

373

Nr. 355. Den store hvide Flok vi se, Som tusind Bjerge fuld af Sne, Med Ekov omkring Af Palmesving, For Thronen. Hvo er de? Det er en Helteskare, som Af hin den store Trængsel kom, Og har sig toed i Lammetts Blod, Til Himlens Helligdom. Der holde de nu Kirkegang Med uephörlig Jubelklang, I hoie kor, Hvor Gud han bor, Blandt alle Englers Sang.

2. Her gif de under stor Foragt! Men se dem nu i deres Pragt: For Thronen staar De Slaglefaar I Himlens Præstebdragt. Sandt er det, i samangen Nod Tit Daarestrom paa Kinder flod; Men Gud har dem, Strax de kom hjem, Alvorret paa sit Skjod. Nu holde de og har til bedst Hos ham en evig Lovsals Fest; Og Lammet selv, Ved Livets Elv Er baade Beert og Gjest.

3. Til Lykke, Kjæmpesamling, ja O, tusinbefeld til Lykke da, At du var her Saa tro især, Og slap saa vel herfra! Du har foragtet Verdens Trost, Saa les nu evig vel, og host, Hvad du har saaet Med Suk og Graad, I tusind Englelyst, Ophoi din Rost, slaa Palmetakta, Og sjung af Himmelkraft og Magt: Pris være dig Evindelig Vor Gud og Lammet sagt.



Brorson: Troens Rare Klenodie.

Ludvig Daae Zwilgmeyer, fyrste soknepresten i Kopervik—Åkra. Sjå stykket *Nytt prestegjeld, nye prestar*. Elles går det ord om Zwilgmeyer den tid han var prest her. Stor og sterkt var han, og sytte ikkje med å ta i veg til Åkra kalde og stormande vinterdagar. Han gjekk gjerne til fots og kunne vera reint forfrosen då han kom fram. «Presten må få seg varme vetter,» sa ei kone der vest til han etter slik ein stri tur,» eg skal sanneleg spøta eit par som er både tjukke og varme.» Ver viss på at presten slapp frysa på hendene fleire vintrar! Bestefar til Zwilgmeyer kom frå Hannover i Tyskland. Han hadde vore med i fridomskampen i Amerika, budde ei tid i Kjøbenhavn, og kom så til Christiania. Her vart han språklærar ved Krigsskulen, men slo seg til slutt ned på ein gard i Ås, og dyrka jord sine


siste år. Ein av sønene var P. G. Zwigmeyer, justitiarius i Trondheim, og denne Zwigmeyer var far til vår prest ... Det går ord om talekunsten til presten Zwigmeyer, og biskop Heuch reknar han med til dei aller mest dugande prestane i bispedømet. Han vart utnemnd til sokneprest i Arendal 1897, og døydde i Oslo 1910, — då var han stortingsmann for byen sin, Arendal.

Jens Laurits Arup Seip, fødd 1852, kom hit frå Åseral i 1897. Han var prest i Kopervik—Åkra til 1906. På mange måtar var han ulik föremannen sin, endå dei begge hadde sterkt stilling mellom folket. Seip var den milde presten både privat og i kyrkja. Stor barneven var han, og sette pris på samvær med skuleborn og foreldre ved overhøyringar når skuleåret slutta av. Han fekk oppleva den store vekkinga straks etter hundre års skiftet. Den slo ikkje minst ned i Åkra. Konfirmantane synest ha fått mykje med frå den tida dei gjekk for presten i vekkingsåra, då Thormod Retterdal og Bernt Røisland samla bedehus og kyrkjer fulle. Og det skorta ikkje på tilhøyrarar til gudsstenestene sundags föremiddagen. Dei to fyrste sokneprestane fekk oppleva djupaste vekkingane som har gått over prestegjeldet.

Karl Adolf Martin Lea, fødd i Stavanger 1862, kom til Kopervik frå Hegebostad 1906 og flytte til Tjølling i 1916. Døydde 1931. Lea tok seg mykje av skulestellet og fekk innført eksamen i skriftlege fag frå 1909. Han møtte fram så sant han kunne, gav oppgåver i skriftlege fag, og sette lærar og krinsformann til å sjå etter at alt gjekk rett for seg. Han møtte og på den munnlege eksamen, lydde på samtalane mellom lærar og elev. Han bad til slutt foreldra gjera sitt beste for skulen, og syta for at borna lærte det dei var pålagde. Han var og oppteken av kyrkjespørsmålet i Åkra, og i hans tid var det sterkt på tale å byggja ny kyrkje.

Ludvig Olai Theodor Solheim var fødd på Stord 1860 og døydde i Stavanger 1947. Han hadde siste embetet sitt i Kopervik, åra 1916—1931. Sjå stykket «*Slik vart fiskarsalmen til*».

Dei prestane som seinare har vore i Åkra, høyrer vår eiga tid til, og me tek med berre data, det som med eit høgtidsamt uttrykk heiter *Series Pastorum*:



Rognebakke og frua

Ivar Mandius Aasen, f. i Heskestad 16. desember 1875. Lærareksamen. Eksamens artium. Lærar i folkeskulen i Bodø, Oslo, Stavanger, lærar på Misjonsskulen til Kinaforbundet, Framnes, på Misjonsskulen i Stavanger, styrar på kristeleg ungdomsskule i Sunnfjord, kand. teol. 1927, sokneprest i Tysvær 1927—1931. Sokneprest i Kopervik 1932—1942.

Bernt Tobias Natvig, f. i Haugesund 7. mars 1913, kand. teol. 1938, sekretær i Haugesund K.F.U.M. 1939, kretssekretær i Rogaland krets av Norges Kristelige Ungdomsforbund 1942—1945, Kst. sokneprest i Kopervik 1945—1946, hjelpeprest ved sjømannskyrkja i Rouen 1947—1951, sjømannsprest Le Havre 1951—1958, sokneprest i Vikeidal 1958—1963, sokneprest Rossabø, Haugesund 1963.

Olav Rognebakke, f. i Jølster 16. april 1901, kand. teol. 1927, sokneprest i Åseral 1928—1946, sokneprest i Kopervik 1946—1968, prost i Karmsund frå 1957, døydde i 1968, etter få dagars sjukdom, medan han stod i tenesta.



Monstad og frua

Arne Meinich Gundersen, f. i Haugesund 18. august 1914, kand. teol. 1940, sekretær i Norges Kristelige Ungdomsforbund 1941—1947, hjelpeprest Kopervik 1947—1955, kallskapellan 1955—1957, res. kap. 1957—1962, då han vart utnemnd til sokneprest i Strand, Ryfylke.

Augun Østtvit, f. i Sauherad 22.12.1919, kand. teol 1947, ungdomsprest Lista og Mandals prosti 1948, hjelpeprest på Stord 1950—1962, res. kap. Kopervik 1962, lærar i Ungdomsskulen i Åkra, sokneprest Voss 1967.

Torfinn Stokkedal, f. i Haugesund 7. februar 1927, kand. teol. 1953, sekretær i Haugesund K.F.U.M. 1954, hjelpeprest i Gran 1958—1968, res. kap. Kopervik, 1968.

Ditlef Monstad, f. i Hjelma, Nordhordland, 23. mai 1914, assiste-
rande marinprest i England fleire år, kand. teol. 1946, lærar på
Rauma Kristelege ungdomsskule tre år, sjømannsprest i Amerika 1950
—1962, kallskapellan Flekkefjord 1962—1969, sokneprest Koper-
vik 1969.

Når ein prest får nytt kall, går det gjerne ei tid før neste mann kjem. I ventetida treng kyrkjelydane prest, og desse har gjort teneste: Stiftskapellan N. A. Haus 1897 i presteskiftet Zwigmeyer—Seip, Stiftskapellan J. I. Eggen 1906 i presteskiftet Seip—Lea. Stiftskapel-
lan Kloster kort tid 1942, etter sokneprest Aasen, Arnt Lunde 1962,
mellom Gundersen og Østtvit, norsk-amerikansk prest Adolph Odland
ei tid same året, lektor, ordinert prest Sverre Ognedal, sommaren 1968,
mellom Østtvit og Stokkedal.

Ordførarane i Åkra fra 1945 til 1965.

Henrik Ringdal 22. mai—30. desember 1945 og 1. januar 1948—
30. desember 1951. Einar Andreassen 1. januar 1946 — 30.12.1947
og 1. januar 1952 — 30.12.1955 og 1. januar 1960 — 30.12.1961.

Torgils Grindhaug 1. januar 1956 — 30.12.1957 og 1. januar
1958 — 30.12.1959 og 1. januar 1964 — 30.12.1964.

Søren Vermundsen 1. januar 1962—30.12.1963.



Ordførar Torgils Grindhaug.



Ordførar Einar Andreassen



Ordførar Søren Vermundsen.

Nokre av dei mest særmerkte prestane

Mellom mennene på Eidsvoll 1814 møter me fjorten prestar. Fleire av dei er like gløymde som embetsmenn flest, men minst tre peika seg så pass ut i forsamlinga og kom med så sterke og klare innlegg, at dei for alltid kjem til å få namna sine i norsk historie, ja, til og med i lærebøker for barne- og ungdomsskule. Det er *Hans Jakob Grøgaard*, *Jonas Rein* og *Nicolai Wergeland*. Grøgaard og Wergeland stod kvarandre nærest i livssyn, og like veltalande var dei, alle tre. Rein kom fra Bergen, dei to andre fra Sørlandet. Her skriv me om Grøgaard av di han vår dugande skulemann, og fordi han hadde vore hjelpeprest i Skudeneshå 1889 til 1895.

Læsebog for Børn,

en Forberedelse til Religionsundervisningen, især i Norges Omgangsskoledistrikter,

af

Hans Jacob Grøgaard

Omarbeidet

af

K. Jørgensen,

Han var fødd i Solør, men familien flytte til Bergen, der faren vart klokkar og leksehøyrar på latinskulen. Det var smått stell med økonomien hjå dei fleste desse åra, og ungguten sleit hardt for å koma fram til teologisk eksamen. Men aller beste karakter fekk han, og han syntet det livet igjennom at han åtte skarp intelligens og stor arbeidskraft. Han var sokneprest i Vestre Moland då han vart vald til utsending og for til Eidsvoll i 1814. Han hadde ikkje tenkt seg inn i politikken, men var han først komen der, så la forsamlinga straks merke til den skarpe tunga hans. Ein farleg motstandar var han, og endå så ulik han var Wergeland, så fann dei to kvarandre i Riksforesamlinga. Begge hadde stor uvilje mot Danmark, og Grøgaard hadde ikkje tru på Prinsregenten, Christian Fredrik. Dette la han klårt for dagen. Han var ekte demokrat, og tala mot ordenar av alle slag. I Norge skulle ingen ha utmerkingar som kunne setja dei i

betre lys enn andre ærlege borgarar. Likevel hende det merkelege at han sjølv fekk høg kongeleg orden.

Folkeopplysninga låg han på hjarta, og året 1815 kom ABC-boka hans. Året etter sende han ut lesebok, Grøgaardsboka, som folk sa. Her kom han med forteljingar frå Gamle og Nye Testamentet, litt kyrkjesoge og nokre sider om framande folkeslag. Han har og med ordforklaringar, uttale, og ein god slump spørsmål frå kristendomsfaget. Grøgaard var motstandar av Pontoppidan, av di han fann *Sandhed til Gudfrygtighed* for tung. Boka var for dryg for dei tunglærte og for lite interessant for alle, meinte Grøgaard. Han sette ikkje stor pris på Kingo-salmene heller, Kingo hadde ikkje rette sansen for poesi, tykte han. Folk flest visste lite om synet hjå dei som skreiv salmar og lærebøker: dei song og las, og gledde seg i dei kristelege sanningane, utan å sjå på form og poesi. Og den kampen som Grøgaard føرte for *Evangelisk Christelig Psalmebog*, saman med mange prestar og bispar, den førte ikkje fram. Dei avbleikte salmane, som ikkje nådde inn til kjernen i kristendomen, dei gav for lite for tru og tanke. Og Pontoppidans forklaring heldt seg, og vart førebilete for lærebøker i faget seinare. Grøgaards lesebok heldt seg og. I denne boka fanst det mykje interessant stoff, som heile folket sette pris på, ei tid då dei fleste hadde lite råd til å kjøpa bøker. Lesebokstriden i 1860 åra synte klårt kor sterkt tak Grøgaard hadde på folk i alle aldrar.

I 1822 vart Grøgaard utnemnd til prest i Bergen, og her kom han straks med i arbeidet for betre skule. Endå meir arbeidde han for betre ordning med konfirmasjonen. Det var stridt for prest, konfirmantar og heile kyrkjelyden den sundagen då ungdomen skulle fram og vedkjenna seg si tru. Preik og overhøyring tok si tid, men aller viktigast var den talen som presten heldt til kvar einskild konfirmant. Jamvel den evnerike, skarpe Grøgaard måtte skriva desse talane, og kyrkjhistorikaren Thrap seier at det finst 32 slike talar etter han. Dei måtte vera heilt ulike, og skulle ikkje ha personleg brodd, berre kristelege sanningar fekk konfirmanten med seg frå konfirmasjonsdagen. Dette vart eit slitsamt arbeid for presten, og konfirmasjonsdagen vart folk sitjande i kyrkja minst seks timer, kan henda



Hans Jacob Grøgaard



Fredrik Arentz Krog

endå lenger. Grøgaard, og mange med han, ville gjerne letta børa for prest og konfirmantar. Men skikken heldt seg, somme stader heilt til 1860.

I Bergen hadde Grøgaard si aller beste tid. Han vart midtpunktet der han var til stades, og i selskapslivet var han mykje med. Alle sette pris på talekunsten hans, og humøret kom ofte klårt fram. Endå han høyrd med til opplysningsmennene, dei som hadde så mange rasjonalistar i rekken sine, så vart han aldri full rasjonalist. Kyrkjelydane var særslig glade i han, og han hadde stor tillit. Avskilspreika i Skudeneshavn er både sentral og varm. Han seier at han har det aller beste å seia til folket, Ordet om full syndsforlating for Kristi skuld. Han kjempar i bøn for folket i kyrkjelydane, seier han, nattesvevnen vert ofte kort.

Han var på tale til bisp, ja, i regjeringskrinsar, den einaste av Eidsvolls-prestane som for alvor kom på tale til øvste embetet i kyrkja. Sjølv trådde han ikkje etter bispestolen, og kom der ikkje, han var

for gamal til så stridt kall då, 68 år. Så seint som 21. mars 1836 skreiv han eit friskt brev til biskop Neumann i Bergen, men morgonen etter var han død.

Fredrik Arentz Krog skreiv namnet sitt inn i soga vår, ikkje minst ved det brevet som han forma til Prinsregenten, Christian Fredrik, i 1814. Det hadde kome order gjennom bispen, at soknepresten måtte kalla saman til ekstra bededag, og i Falneskyrkja hadde folket samla seg frå heile prestegjeldet, alle fire soknene, 18. mars. Den fredagen var ekstra bededag, og etter gudstenesta las presten opp eit skriv, eit alvorleg dokument, som kravde at folket skulle våga liv og blod for fedrelandet. Det vart Ja frå heile landet, frå våre kyrkjelydar og. Så skulle det fylgja eit skriv til Prinsen frå alle kyrkjelydane. Mange av desse skriva er veike, som ventande kunne vera. Ikkje ein gong embetsmennene var særleg godt orienterte om den vanskelege stillinga som landet hadde kome opp i etter Kielfreden. Men brevet frå Skudeneshus prestegjeld har både nebb og klør, og det er sjølv sagt presten som har ført det i pennen. Han seier seg takksam for di Prinsen har gjort så mykje for Norge. Men, strekar Krog under, det danske Kongehuset har sagt ifrå seg Norge og gitt det til svenskekongen (Kielfreden), og Prinsen har ingen rett til den norske krona, heller ingen annan dansk prins har minste rett til vårt land. Folket står heilt fritt og vil sjølv velja den Kongen det må ha. Dette er manns ord, og få prestar har gitt så skarp form for det som rørte seg i folkehugen.

Denne presten var ikkje berre flink til å forma skriv, han var like flink til å forsvara landet om det kneip. Det er fortalt at han stod på preikestolen i Åkra ein sundag då det kom bod at engelsmannen var noko nærgåande sør i Skudeneshus ein stad. Presten var ikkje sein om å senda order ut i kyrkja, at folket måtte møta, så mange som kunne, det galdt å halda fienden frå strendene. Det vart stor folkesamling i Skudeneshus, rop og skrål lydde, og den engelske piraten måtte ha seg ut i Nordsjøen att.

Mindre kjært er minnet om Krog og haugianarane. Han forstod ikkje dette folket, og han hadde den vona at Hauge og venene hans ville halda seg borte frå prestegjeldet. Han synest ha vore hard då løyste haugianaren Ole Kjeldsen frå klokkarstillinga, endå han

skriv at denne mannen hadde full kristeleg tillit mellom folket, og at han sjølv, presten, heldt inderleg av han. Høyр attesten han gir Kjeldsen: ... Som sædelig Yngling, udrustet med temmelig god Religionskundskab, rosverdig Lærelyst og gode Naturgaver, blev han efter sit Ønske og Begjæring antaget og ansat som fast Omgangsskoleholder og tillige som midlertidig Kirkesanger ved Falnes Hovedkirke. Med rosverdig Iver, med sjeldan Gavnelyst og rig Velsignelse virkede han i de fire første Ombudsar i dette ham betroede saa vigtige Kald. Og de Unges Kjærlighed, deres Forældres og hans Foresattes udelte Tilfredshed og Yndest blev her hans velfortjente Løn. Men da han i de to sidste aar som Skoleholder altfor beviislig glemte de ham betroede Unge, og Kjøbmandssysler, forenede med indbildt Kald til at antage sig Ældres aandelige Vel, synes at vorde hans Idrætters vigtigste maal, tabtes ogsaa snart igjen hans herlige Løn, og hans Værd som udmaerket Ungdomslærer og Leder gik med den, desværre! altfor snart forloren. — Overbeviist herom har han selv forlangt sin Afsked fra Skoleombudet her, den Man gjerne og uden Savn har meddelt ham. — Inden han bortflyttede herfra til Stavanger, communicerede han sidste Gang i Falnes Menigheds Samfund 10. Mai afvigte aar. — Som en sjeldan haabefuld Yngling besad han tillige mit hele Hjertes Yndest, og de inderligste Ønsker og Forbønner for hans timelige, aandelige og evige Vel skulle stedse følge ham på hans Fremtids Vandring. — Med disse Følelser, med disse Ønsker og Forbønner for hans sande Vel for Tid og Evighed, ledsages ogsaa mit sidste Farvel til ham som avskedtagende Sjælesørger. — O, måtte hans guddommelige Forlösers eviggjældende Formaninger, Math. 5, 8.13.20.22. Math. 6. Cap. 5,6,16,19,20,21, Math. 7. Cap. 1—6,15,16,21 staa hver Dag i hans stadige Minde og med uudslettelig Skrift indskrives i hans Hjærtet!

Falnæs Prestegaard, 24. April 1836. F. A. Krog.

Meddelt uden Betaling.

Tilhøvet mellom sokneprest Krog og Ole Kjeldsen er det vanskeleg å forstå, aller mest vanskeleg når ein hugsar at Kjeldsen vart lærar i Stavanger, kom tilbake til Skudenes og var ein av førarane i kristenflokkene. Han var ordførar åra 1844—1851, varamann til Stortinget, og i 1842 var han med og skipa Det Norske Misjonsselskap.

Sokneprest Krog gjorde ikkje lite for næringslivet i prestegjeldet sitt. Han bad folk dyrka jorda vel, så dei kunne hausta korn både til seg sjølv og ha noko å skifta ut til dei som ikkje åtte gard. Og så var han mykje interessert i fisket, kanskje aller mest frå 1815, då det vart kunngjort at presten i Skudenes skulle ha tiend av fiskeinntektene. Han fylgte nøye med, og av og til mistenkte han fiskarane for at dei stakk til seg sjølv noko av det som fall på presten.

Krog kunne vera raust og gi til nyttige føremål. Han gav såleis tretti dalar til boksamling i Skudenes herad. Han stod seg godt med biskop Sørensen, dei var begge opplysningsmenn og arbeidde for framgang og betre kår for folket. Krog vart riddar av Dannebrog. Ei tid var han ordførar i kommunen. Han fekk heile sitt livs yrke i Skudenes, og etter di han hadde fire kyrkjelydar å tena, vart arbeidsdagen ofte stri. Krog døydde på Falnes året 1845.


Like særmerkt som Krog var *Abraham Andreas Beneke*, som hadde soknekallet frå 1852 til 1881. Han var son til amtmann Beneke på Hedmark. Faren var med og forma Grunnloven på Eidsvoll 1814.

Presten Beneke møtte heilt nytt miljø då han kom til Skudenes. Vestlandet var framandt for han, og det må ha vore vanskeleg for ein embetsmannsson frå ei typisk innlandsbygd der aust å finna seg til rettes her utmed kysten. Nett derfor går det så mange soger om han, dei fleste treng visseleg korrigering.

Beneke var ein dugande mann på meir enn ein måte. Han heldt grundige preiker, strengt lærermessige, og dei kunne vel falla tunge for mange. Han sette store krav til seg sjølv og til kyrkjelyden. Dei laut fylgja godt med om dei skulle få samanhengen i talane hans. Han var ekte lutheranar på prekestolen og ved gravferder, ja, alle stader der han hadde ordet til oppbyggeleg tale. Han kunne vera hard, og han var ein vanskeleg mann for dei som fekk han til motstandar. Men hjartelaget kunne og koma fram, såleis står det fast at han hadde



Sokneprest Beneke.



Lærar Reinertsen.

omsut for kyrkjelydane sine. Når gudstenesta var slutt, gjekk han fram i kordøra og takka for samværet. Og så la han til: «Om Gud vil, så mødes vi igjen til Gudstjeneste ...»

Mest kjend er Beneke for si store skuleinteresse. Han fekk vera med då lærarane på Sør-Karmøy skipa lag. Dei skulle møtast og drøfta skulespørsmål, og det var sjølv sagt at presten måtte vera med, tala og samtala. Då skal Beneke ha sagt: *Denne dagen er en af de lykkeligste i mit Liv ...* Når han møtte konfirmantane, hadde han planen ferdig som både prest og ungdom skulle arbeida etter. Krava var heilt annleis enn det folk før var vane med, og presten kunne få uvilje mot seg. Men han slo ikkje av, aldri hadde han tenkt å gi opp. Han kalla saman lærarane, greidde ut om spørsmål i truslæra, og gav innføring i samtale med born og vaksne. Den strenge evangelisk lutherske lære fylgte han alltid, og lærarane visste kva borna skulle kunna når dei skreiv seg inn for presten. Konfirmasjonsdagen vart då ofte reine kunnskapsprøva, som gav lite for hjartelivet hjå ungdomen. Både unge og gamle kløyvde seg derfor når det galdt presten. Dei evnerike gledde seg til vridne spørsmål, og presten fekk dei svare han ville ha. Born og ungdom med mindre evner til boklege fag, dei

kunne ha skrekk for eksaminasjonen, og det hende ikkje sjeldan at dei ikkje slapp fram. Det hjelpte at presten bad konfirmantane koma til prestegarden og få ekstra overhøyring før dei stod fram konfirmasjonsdagen, men somme fall ut likevel, og måtte gå eit år til. Så var det foreldre som sende borna sine til andre prestar, og det høyrest ikkje ut til at Bendeke hadde noko imot dette. Kva ord det elles går om Bendeke, så står det fast at han var ein ihuga tenar i kallet sitt. Systematikar var han både på preikestolen og under lesinga med konfirmantane. Men ettertida gløymer ofte at noko slikt som psykologi nemnde dei ikkje i hans dagar, — derfor kunne ein dugande og god mann lett verta miskjend.

Då Bendeke tok avskil med Skudenes, reiste han til Hamar og budde der resten av livet. Han hadde sakte alle år lengta til landslaget der aust, utan å klaga på liv og kår på Karmøy. Han døydde 1894.

Lærar Reinertsen, som hadde post i Vedavågen ei tid, og seinare i Skudeneshavn, gir ei frisk skildring av Bendeke i boka si *Utenfor og i Fengslet*. Reinertsen stod Bendeke nær i mange år, og ein må tru at hans skildring er sann. Siste møtet mellom dei to var på Hamar kort tid før Bendeke døydde . . . Jeg må si at han var blitt åndelig liten og fattig. Men så elskverdig! Hvor jeg blev glad i ham! Det var alene nåden i Kristus han hadde å bygge på og håpe på!

Slik vart fiskarsalmen til

Dei song i prestegarden. Det lydde ofte song der i heimen. Det var salmar, songar, åndelege viser, nett som på apostolisk tid. Barnsullar og folkesongar høyrdie og med. Presten sjølv var mykje musikalsk, og elsknen til tone og melodi hadde borna ervd i fullt mål. Dei hadde slik ein framifrå songlærar, fortalte faren. Ho Synnøve, som tente i prestegarden i Naustdal medan borna var små, ho song seint og tidleg. Om kveldane, når dei var samla i det store barneromet og skulle leggja seg, då var ho Synnøve støtt med og fekk dei til sengs. Og då song ho den eine songen etter den andre. Ho kunne slik mengd med tonar, ho Synnøve, og ingen kunne få borna med slik som ho.

Ho hadde aldri gått noko songkurs, men ho høyrdie vel etter det som bygdefolket song i kyrkje, i lyd og lag. Ho lærde salmane, songane, og kan henda aller best *barnsullane*. *Eg sette meg på sullarkrakk, sulla borna mine*, denne og mange, mange andre tona i barneromet om kveldane. Og så bar det til med undertonar, eit heilt barnekor vart det. Denne songgleda, som Synnøve hadde gjort sitt til å elska fram, fylgte heile syskenflokkene opp gjennom dei mogne år, og koret i prestegarden var alltid velsedde gjester på møte, festar og andre samkommer. Dei fylgte far sin, han tala, og dei song, til stor glede for folket i soknene der han var prest. Då han vart utnemnd til sokneprest i Kopervik på Karmøy, var dei fulltalig kor, og mange eldre folk her minnest den vakre songen deira. Dirigentar var fleire av dei, i alle fall tre, og dei styrte ei tid store, blanda kor. Det var først og fremst folketonar dei hadde lagt seg etter, og fleire av dei salmetonane som kom med i den nye koralsboka i 1920 åra, hadde prestekoret sunge inn før, helst til tekster av Blix, såleis *Ein båt i stormen duva*, *Gode Hyrding*, *Konungs Vyrding* og mange andre. Av og til kom framandfolk til gards, som sette pris på songen. Både foreldre og born gledde seg til visitasen sommaren 1922, då dei venta biskop Bernt Støylen. Han var så folkeleg, det visste dei, og så var han så glad i tonar. Han hadde skrive opp barnerim og barnsullar som folk flest hadde gløymt, og gitt dei ut i bokform. Han kunne ei mengd med folketonar som lite eller inkje vart nytta i møte og samlingar lenger. Alle i prestegarden såg med glede fram til dagane som dei skulle få ha i lag med biskop Støylen. Ja, det bar snart til med song då bispen var komen inn i prestehimen. Han song saman med huslyden ved bordet, og presten sjølv let bispen få høyra tonar som han hadde i minnet frå prestetida i Sunnfjord, Bud eller Jelsa. Men ein tone som presten hadde høyrt, og som han *meinte* han *kunne*, hadde dessverre gått i gløyme boka, og alt det han streva for å få tak i tonen att, så stod han like fast. Det var tonen til salmen *Vær trøstig, mit Hjæerte, bedrøv dig ei Meer!* Huslyden gjekk til sengs om kvelden, men presten fekk ikkje fred for tonen som han hadde gløymt. Ut på natta høyrdie han tonen, *frisk og rein*, i ein draum! Han kjende att alt saman frå fyrste stevet til det siste, nett



Biskop Bernt Støylen.

slik hadde han hørt han for mange år sia. Men han kunne ikkje vekkja opp nokon og syngja han midt på natta, — han fekk prøva å halda fast på denne folketonen til det atter vart dag. Så skulle huslyden og bispen få høyrar han likevel. Så snart folket hadde kome seg opp, måtte ei av døtrene fram med notepapir og blyant, denne vene tonen skulle ikkje gløymast endå ein gong. Han song, og dottera skreiv ned, prøvde notane på instrument og song. Nå var både tone og noteverdiar i rett form. Bispen gledde seg visst endå meir enn dei andre, han kunne ikkje verta fri denne merkelege folketonen. Det var som han skulle vera sungen rett ut or folkesjela i desse grendene, *her ute ved havet*.

Sist Støylen var her på visitas i Kopervik prestegjeld, var han og saman med folket i *annekset*, Åkra. Som han stod og såg ut over skjergarden der, minnte det han mykje om kysten på Sunnmøre, heimegrendene. Her på Karmøy braut havet på nett som han kjende det frå barndomen der nord. Nordsjøen laga samanhangande fallgard her som der, og folket budde heilt ned til strend-

ene, nett som på Sunnmøre. Dei sleit seg til si næring i uvær som i godver. Ut måtte dei og ta sitt levebrød til alle årsens tider, og bispen fekk høyrar at folket var vel kjent med ulukker og syrgjebod frå sjøen. Mange som la ut ein godvers morgen, fekk uveret på seg, eller dei tøygde seg for nær fluer og fall — så ein kvelvd båt, og mennene var borte. Alt slikt kjende Støylen så vel til frå skjergarden sin der nord. Men i sorg og i glede finn folket vegen til den låge, kvitmåla kyrkja der borte på Åkraslettene. Der lyder Ordet om sundagane, og inn der går fylgjet når einkvan er lagd i grav. Her lyder siste minneord om dei som har vandra bort.

Nå, andre og siste gongen han er på visitas i Kopervik prestegjeld, står opplevinga så klårt for han frå fyrste møtet med folket her. Og det han såg og høyrde den gongen, får nytt liv gjennom samtalar og tonar i prestehimen i Kopervik. Han må inn på romet sitt om kvelden, og er fylt av trøng til å skriva. Det vert mange vers, seks i alt. Det vart nok smått med svevnen den natta. Om morgonen kjem han inn i daglegsstova som vanleg. Han har eit papir i handa og gir det til presten. *Her er salme til tonen din, Solheim*, seier han. Presten tok imot og tok vel vare på den. *Same dagen*, det var endå ein mandag, skulle det vera visitasgudsteneste i Åkra kyrkje, annekset måtte og få sin dag. Bispen heldt preika, og me som var til stades, me hugsar den varme, sterke utleggingsa av teksten i Johannes-evangeliet, fyrste kapitlet. Temaet hans var Ordet om *Guds Lam* som tek bort verdsens synd. Det vart ei ekte Støylen-preik, borene fram med den varmen som var særmerkt for denne bispen då han stod på si høgd. Likevel hugsar me truleg best det som fylgte *atti* preika. Bispen las ein salme, og han sa ikkje noko om kven som hadde skrive den. Han berre sa fram vers for vers, alle seks. Det var soknepresten, Ludvig Solheim, som seinare fortalte at salmen var ny, og skriven av Støylen sjølv. Han fortalte og om bakgrunnen for salmen. Tonen og teksten fekk Søraas med i eit av notehefta sine, *Religiøse Korsanger*. Salmen står elles i Nynorsk Salmebok og i fleire songbøker. Prestegardskoret øvde salmen inn og såleis vart han kjend her. Dette vart *Fiskarsalmen* her i landet, einaste fullverdigie av dette slaget som *me* eig. Han tolkar livet i skjergarden, og aller best livet



Sokneprest Solheim og frua



Biskop Heuch



Lars Oftedal.

om bord i fiskebåt og fiskeskøyte. Men salmen tolkar noko endå større: han er ei gripande bøn for dei som såleis må ut på *det stormande hav, der mange av våre har funne si grav*, som forfattaren seier. Og salmen sluttar med tanken frå siste boka i Bibelen, at havet gir tilbake dei døde som var i det, og at havet og døden for evig er slutt.

BISKOP HEUCH OG KARMØY

Insula Sanctorum, — det var biskop Heuch som gav Karmøy dette kravstore, latinske namnet. Og han sette det sjølv om til si målform: *De Helliges Ø*. Namnet slo straks ned mellom folket, og det spreiddest landet over. Ein finn det att, snart her, snart der. Det vert ofte nytta den dag i dag, men vonleg minst her på Karmøy.

Johan Christian Heuch var bisp i Christiansand stift frå 1889 til han døyde i 1904. Bispedømet var stort den tid. Det spente over Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. Men bispen greidde

tre visitaser i kvart prestegjeld, jamt over. Dette må ha vore eit svært arbeidspress, og særleg når ein hugsar at Heuch i si bispetid skreiv bøker og mengder med artiklar. Arbeidskrafta hans var reint uvanleg.

Karmøy hadde seks kyrkjer då som nå, og fire prestehemmar. I desse prestehemane vart bispen godt kjend, og i dei fire hovudkyrkjene samlast han med alle kyrkjelydane til visitas. Mest alle eldre folk på desse kantar minnest Heuch, og nokre som stod på kyrkjegolvet for han, lever ennå. Så seit som i 1960 levde det og lærarar som hadde skuleborna sine med på golvet, som dei sa, d.v.s. dei var framme på kyrkjegolvet og las for bispen. Han fekk såleis fyrste hands kjennskap til kristenliv og folkeliv, og så lett som han hadde for å få heile kyrkjelyden i tale, vart han ikkje berre bispen, den myndige og sterke, men kan henda endå meir sjelesyrgjaren, venen som alle ynskte velkommen att.

Men kva opplevde Heuch som gav støyten til det vakre namnet? Han kan ikkje ha slengt ut slik ei nemning på slump, han var for kritisk og for realistisk til det.

Han møtte for det første gamal kristen tradisjon. Olavskyrkja på Avaldsnes, som elles var berre halvvegs restaurert etter forfallet på 1700 talet, stod der og vitna om krafta i kristendomen alt dei første åra Ordet om Kvitekrist vart forknyt i Vest-Noreg. Til kyrkja og til desse grendene knytte det seg sterke minne frå hundreår til hundreår. Dei andre bygdene på øya hadde og fått sine kyrkjer tidleg etter Reformasjonen, eit par *før*, og kunne såleis syna fram vitnemål som syna ein kristendom som hadde djupe røter i folket. Men dette er ikkje noko særmerke for Karmøy. Andre stader i bispedømet fanst det visseleg likså rike tradisjonar knytte til det *reint kyrkjelege* ved kristenlivet. Men eit sterkt *vekkingsliv*, som var knytt til prest så vel som til lekmann, hadde slege inn med menn som Hans Nilsen Hauge, presten Lyder Brun og første Afrika-misjonæren vår, H. C. Knudsen, og kanskje aller sterkest ved presten *Lars Oftedal*.

Hauge var på Karmøy i 1801, og etter tradisjonen heldt han møte, etter som han ferdast sør over øya. Lenge stansa han ikkje, men me kan peika på to stader der han hadde møte. Haugevener fra Stavanger kom mange år seinare til Skudeneshavn og tala Guds ord der. Dei gav seg god tid, og nokre slo seg ned, etter haugiansk skikk. Og då første misjonæren, Knudsen, kom til Skudeneshavn, kring 1840, var heile Skudeneshavn vakt, fortel han, — han trong berre nemna misjonen, så var folk viljuge til å ta fatt. Eit par år etter hadde Karmøy ein heil liten flokk utsendingar då *Det Norske Misjonsselskap* vart skipa i Stavanger.

På Avaldsnes hadde den sterke kristelege personlegdomen Johan Lyder Brun vore til rik velsigning. Folk reiste i milevis for å få høyra han. Til same prestegjeldet var det Lars Oftedal kom i si beste manndoms tid, og det vart stor vekking den korte tida han styrte kallet. Ein prest av heilt annan type må og nemnast, Abraham Bendeke i Skudeneshavn. Han var ikkje vekkingsmann, men kvass læremeister, og sette svære krav til kristeleg kunnskap hjå konfirmantane sine. Solid kunnskapsgrunnlag var særmerkt for ungdomen sør på øya.


Alt dette møtte biskop Heuch. Og den fine menneskekjennaren og evangeliske forkynnaren Heuch, han hadde folket med seg frå første visitasen. Folkeleg var Heuch, endå ein har hørt mest om

aristokraten, den fine overklassemannen. Alt i si prestetid i Oslo hadde han gripe folket med slik makt at den store Uranienborg kyrkje vart for liten, og *prestelæraren* Heuch hadde eit tak på studentane som samtidige teologar ikkje finn sterke nok ord for. Han hadde lagt hovudstaden for sin fot som ingen annan forkynnar. Kan ein så undrast på at *bispen* Heuch tok skjergardsfolket med storm, og at han framleis er bispen som går att i samtalar mellom eldre, ja yngre med, som har interesse for kristendom, kyrkje og skule?

Heuch braut med eldre former for visitas. Han ville leggja visitasane sine slik at dei kunne verta til nytte for alle som hørde kyrkjelyden til. Før hans tid hadde bispane kalla saman til møte i prestegarden. Det var presten og hjelparane hans som bispane ville tala med, og høyra kor det stod til med kristeleg og moralsk liv. Dette høvde ikkje for Heuch. Han ville ha heile kyrkjelyden samla i kyrkja, og vita så mykje som råd var, om forkynning, andakt i heimane, opplæring i skulen, og elles om spørsmål som måtte koma fram under samtalene.

Det var eit drygt og vågeleg opplegg, og mange undrast på om dette kunne gå vel. Kven kunne vita kva folk ville finna på å spørja om ein visitasdag? Og hadde nokon hug til å verta sjeleleg avkledd midt i ei stor forsamling? Men Heuch var slik ein autoritet at samtalane aldri glei ut, det sørde seg å halda alt på rette åndelege høgda der han styrte samværet. Og når alt var sagt frå forsamlinga, alt som kyrkjelyden hadde hug til å få tala med bispen om, då var det bispen si tid til å halda desse viktige og mektige foredrag, som ennå vert nemnde så snart eldre folk kjem inn på visitasane til Heuch. Det høyrest heilt utruleg ut at bispen heldt foredrag på to-tre timer. Men slik var det. Og han heldt folk i ande heile tida. Ingen tykte det var for lenge å lyda på *han*. Og så taleorganet til Heuch! Det lyder med ein munn, at han hadde røysta imot seg, det same som er skrive om han. Men folk gløymde taleorgan og alt slikt, det var innhaldet, og framfor alt åndskrafta, som greip. Ingen norsk biskop har hatt slik makt i orda sine, om me skal tru biografiar og munnleg tradisjon.

Mange lærarar kjende ein aldri så liten kneskjelv når visitasen nærma seg. Dei visste at dei skulle fram på kyrkjegolv med klas-



Lærar Eknes, lærar i
indre krinsen i Vedavågen.

sane sine. Fullpakka kyrkje. Foreldra til borna, prest, prost og bisp, og så alle kollegane med skuleborn! Dessutan så mange som inn kunne koma! Det var sanneleg meir enn nok til å skapa hjartebank hjå skulemeistrane, helst hjå dei yngste i flokken. For etter visitasen skulle dei fyrst få dom av bispen, i sakrestiet, og så hadde kyrkjelyden i lang tid fram over høve til å drøfta opplæring og kunnskap i skulane. Stakkars den skulemeisteren som ikkje då heldt mål! Men denne otten kunne dei visst ha spart seg. Den myndige bispen var ein merkeleg allsidig mann. Han kunne skifta frå djupt alvor til barnsleg, mild spøk. Han kunne vera skarp, og velja ord som svei, men og leggja plaster på sår som verkte. Læraren kunne sjølv velja seg emne til samtaLEN med borna, men bispen hadde og hug til å ha eit ord med i laget. Det er til og med fortalt at han vart særslid om læraren spurde han til råds, endå det då vart svært kort tid til førebuing, — læraren måtte helst vera klar til å ta bispen sitt emne på ståande fot. Så kjem dei fram på kyrkjegolvet då, eldre, røynde lærarar, som er vel inne i den kunsten å katekisera. Dei spør, og

borna gir i regelen greie svar. Det går strålande, nett som læraren har tenkt seg. Heile kyrkjelyden tykkjer dette er gildt, og det lyder seinare lovord om denne læraren og desse borna. Så kjem det ein nybaka seminarist fram med nokre få, det er skulen frå indre krinsen i Vedavågen, då bygda var delt i to krinsar. Læraren har øvd inn ein salme som han har tenkt dei skal syngja saman. Men bispen, den gløgge og snartenke Heuch, ser blidt ned over den vesle flokken og seier: Så synger vi *Hvor salig er den lille flokk!* Og han tek sjølv tonen, — han som slett ingen rein tone har. Kontakten er knytt, all nervositet er borte, bispen og kyrkjelyden lyder lukkelege til endå lukkelegare born og lærar frå fiskarbygda her vest. Det ligg høgtid over samtalane slik ein dag, og det kjem fram mange sider ved dei kristelege sanningane.

Men samværet mellom læraren og bispen i sakristiet eller i prestegarden etterpå? Kva vil bispen seia? Kven får ros? Og kven får smaka riset? Nå var Heuch ein motstandar av alt oppstylda og uekte, om det høydest aldri så vakkert ut. Den skarpe psykologen såg rett gjennom skalet og inn til kjernen, og kunne koma med dei mest uvanta merknadane. Den læraren som hadde lagt breidt opp og dosert, han fekk gjerne heile tankebygnaden sin riven i stykke med ein einaste setning frå bispen, og ungdomen fekk kanskje venlege og gode ord, som vart han til stor hjelp seinare. Ein lærar tala med borna om å vera snill og god, og la dei på hjarta å fara varleg og vera milde i si ferd, utan å streka nok under at når sanninga står på spel, då skal alle kristne visa sant kristeleg *mod*. Bispen minnte læraren om Jesu kvasse refsingstale, og la vekt på at *ingen kunne bruke sterkere ord og slå hårdere til enn min Mester*. Neste mann fekk høyra ein heilt annan tone. Han var ikkje lite original og gjekk gjerne utanom den vanlege vegen. Her spissa bispen øyra. *Deres katekisasjon var som en katekisasjon skal være*, lydde det i sakristiet. Bispen tok sjølv ordet og hadde samtale med skuleborn eller konfirmantar, eller eldre årskull som var tilslagde og møtte fram. Han hadde dei straks med, og slike stunder bar dei i minnet livet ut. ,

Ved middagsbordet i prestegarden kunne det falla kvasse og morsame replikkar. Heuch hadde kjelder å ausa av som aldri vart tome.

Kirkesalmesbog

etter offentlig foranstaltning
samlet og utarbeidet ved

M. B. Landstad

og

Nokre Salmar

ved

Professor dr. E. Blig

samt Tillæg, indeholsende
Tekstafdeling m. v.

Fond av visdom og kunnskap sat han inne med, og denne mannen, som folk har meint var livsfjern, han kjende livet slik at alle tagna så snart dei hadde von om at han ville ta ordet. Han forstod Vestlands-pietismen, ja, betre enn nokon norsk geistleg som ikkje frå ungdomen hadde levd seg inn i denne sterke, åndelege livsstraumen, og han hadde mange av sine beste stunder i lag med lekfolk som stod fremst i vekkingslivet. Han skifte tankar med dei to intelligente førarane Sivert Dyrland og O.C. Hansen, begge frå Skudeneshavn. Bispen tala med desse mennene som dei var likemennene hans. I samtalens om eit viktig kristeleg spørsmål kjem Hansen inn med eit Bibel-Ord som bispen ikkje synest ha lagt nok merke til. Han vart overtydd om at Hansen hadde rett i sitt syn. Ei tid seinare møter bispen ein Skudeneshamnmann i Kristiansand, og spør om han kjenner O.C. Hansen. Ja, han gjer då det. *Den mannen satte mig så fast som ingen annen har gjort i hele mitt presteliv*, seier Heuch. Så open og tvers igjennom ærleg var biskop Heuch. Eller jenta i ein annan prestehjem som vart nokre minuttar for sein med morgonteen. Ho var sakte tidleg nok


opp, men i siste liten merkar ho at fløyten har surna, spring så bort til grannen etter ny fløyte. Bispen vart i ulag og sa ifrå til jenta at ho var nokre minuttar for sein. Stakkars tenestejenta som fekk korreks av sjølve bispen! Men den hjartegode bispen hadde det nok verst sjølv den dagen. Om kvelden er huslyden samla i stova. Bispen går bort til jenta, tek henne i handa og fortel at han har bede Gud om tilgjeving for synda si, og nå ber han henne tilgi. Kan henda biskop Heuch aldri var større enn nett slike stunder.

Gode bispar har Sør-vest-landet hatt så lenge folk kan minnast. Men bispen som ruvar over alle andre, den myndige og skarpe, men samstundes milde og folkelege, mannen med det mektige Kristusvitnemålet og det vide utsynet, det var *Johan Christian Heuch*.



J. C. Petersen,
1924—1940

Foto av bispene



Gabriel Skagestad, 1940—1949



Karl Martinussen, 1949—60.



Fridtjov Birkeli 1960—1968.

Klokkarar i Åkra

I apostelgjerningane kap. 6 les me om diakonane, dei sju mennene som skulle syta for mat til dei fattige, så apostlane kunne halda fram med forkynninga. Diakonstillingen har sia fylgt den kristne kyrkja, og diakonatet har sin rettkomne plass i kyrkjelivet. Hjå oss går stillingen tilbake til katolsk tid, og namnet på gammelnorsk var *klokkari*. Etter Reformasjonen finn me det danske namnet *degn*, som fylgte med til langt ut på 1800 talet, då namnet vart *kirkesanger*. Klokkenaren skulle ringja med klokkene, og seinare måtte han styra songen i kyrkjene, slik som det siste namnet viser. I nyare tid har etter klokarnamnet kome i bruk, og er nytta heile landet over

Frå året 1685 måtte klokkenaren gjera eid til bispen, at han i alle måtar skulle stella seg vel i *embetet*, slik heitte stillingen lenge.

Det kunne ikkje vera stor rettleiinga han fekk gi ungdomen, han som skulle fara ikring i tre eller fire sokner og hjelpa dei til med lesing. Det var klokkenaren si sak å læra folk opp, litegrann i alle fall, så mykje det kunne haldast husandakt i heimane, — det var husfaren som hadde plikt å stå for andakten.

Den 16. februar 1709 skriv biskop Bircherod eit interessant brev til soknepresten i Skudenes, magister Prael, og her les me om klokkenaren: Degnen til Falnæs Præstegield, Jacob Larssen Syre, har tient Kirckerne 54 Aar og er nu saa gammel en Mand af 73 Aar og saa svag og skrøbelig, at hand icke meere kand reyse til Annexkirckerne Aackre og Ferckingstad for at giøre tilbørlig Opvartning.

Ei bra tenestetid! Men så har soknepresten sagt ifrå om ein mann som kan atti med klokkartenesta, Didrik Sivertsen, som haver lært smukt at læse og nogenlunde kand skrifve ock siunge, og tilbyder sig at giøre Tieneste som Substitut (mann i staden for) samme gamle Degen, daa saafremt ingen andre befindes, som det kan antages, consenterer (samtykkjer) jeg indtil videre at jeg næst Guds Bistand, kommer til Eder i Visitas i Aaar, at hand kan give Opvartning for Degnen, saa fremt hand for anden Tieneste som enrulleret kand faa Billighed till. Og saa, Herr Magister, som jeg veed, der som en retsindig Guds Mand, altid vigilerer (er vaken) for Ungdommen i hans

Menighed, self gifver bemeldte Didrik Sivertsen, saa god Attest, kand det med hans Ofverhørelse beroe indtill Viidere, at jeg kommer til Eder.

Sokneprest og bisp tok det alvorleg når ny klokkar skulle kallast, det viser sitatet ovanfor.

Fyrste hundreåra etter Reformasjonen hadde alle fire kyrkjene i prestegjeldet berre ein klokkar. I 1737 skriv sokneprest Schrøder mykje vakkert om klokken sin, Didrik Sivertsen. (I boka om Falnes kyrkje, av Telhaug, heiter han Sigvartsen). Hans Høierværdighed biskopen haver ock self ved sin Visitats approberet hand Adfær i Embedet: thi er hand underdanig og ydmygt begjærende, at hand i hans Alderdom icke maa forskydes, da hands Helbred er daarlig ved Embedets lange ock onde Veye tilsat. Saa ringe ere hands Indkomster at hand ved Eed tilbyder sig at forklare, at hand af rigeste Bønder icke nyder meer end 2 B om Offerdagen, og af de Øvrige, som ofrer 1 B, af Barnedaab, Trolovelser og Ægteskabs Tillysninger haver hand Intet, ingen Klokkerbolig eller Hjælp til Samme af Kongen eller kirckernes Jorder. Summa hands Indkomst af vist og uvist skal ey være meere aarlig end 5 a 6 Rd. i det Høyeste af hver Kierke. Naar jeg Dette efter hands indstændigste Begjæring de Høiædle Herrer ydmygst haver forestillet til barmhjærtig considerasjon (etter tanke), bliver min underdanigste Pligt at henføie mig til det Øvrige som efterstaar om Gaardens Leylighed i det mig allernaadigst anfæroede Skudenæs Præstekald.

Om ein av klokkarane skriv bispen etter visitas: *Dægnen ulastelig og eenfoldig*. Fleire gonger er det gjort merksam på at *Degnen er en leg mann*, ulærd.

Presten meiner at klokken gjer fire manns arbeid. Præstegjeldet burde vore skift i fire skuledistrikt med ein klokkar i kvart distrikt (krins) så stort torer han ikkje stila imot, men han byd fram grunn til klokkarheim på prestegarden i Falnes. Denne presten Schrøder var den fyrste som slo til lyd for verkeleg betring i skulestellet i kallet. Men fattigdom i soknene var den store hindringa, og han nådde ikkje fram med planiane sine. Litt fekk han likevel gjort: det vart to klokkarar i hans tid. *Lars Torgilssen Aarvold* hadde Falnes, Fer-

kingstad og Åkra, *Bertel Duns* fekk Bokn. Me veit heller mykje om Aarvold. Soknepresten gjer framlegg om at han må få 20 dalar året i løn. Klokkaren i Bokn får nøya seg med 8. Men så mykje fekk dei ikkje. I alle fall står det skrive at løna til Aarvold bør vera 16 dalar, men han fekk ikkje dette heller. Me har eit brev frå han til bispen i Kristiansand. Han ber om at son hans, Didrik Larssen, må få klokkarstillingen etter han. Søknaden er dagsett 28. januar 1771, og sokneprest T. C. Krog gir si påteikning: klokkar Aarvold har gjort teneste i tretti år i tungt og vanskeleg kall. Sonen bør få stillingen etter faren *Didrik Larssen*, degn til alle Kirckerne i Skudesnæs Kald, står det om han. Han sit i stillingen til 1812, då han er 67 år gammal. Same året er *Lars Larssen Akre nemnd*, omgaaende Skoleholder i Akre Sogn». Truleg har han teke atti klokkartenesta her. Akre er då 26 år gammal og må ha vore klokkar til *Iver Christian Skjold* kom, året 1840. Skjold vart avløyst av *Johan Størksen Haugland*, som hadde stillingen berre 3—4 år. Han var Storda-bu og hadde eksamen frå Stord Seminarium. Frå Åkra før han til Skudeneshavn, der han fekk lærar- og klokkarpost. I 1862 kom Berdines Hillesland, som fekk si gjerning i skule og kyrkje i Åkra til 1906. Utanom lærar- og klokkararbeidet gjorde Hillesland mange tenester for folket i Åkra sokn. Ei mengd med skøyter er ført i den vakre handskrifta hans. *Hans Rasmus Ljøen* vart tilsett etter Hillesland. Han hadde vore lærar i Sevland krins nokre år, flytte til Utsira i lærar og klokkarpost, og kom hit att for godt i 1906. Han sat i stillingen til 1937, då helsa tvinga han til å gå av. I mange år hadde han då vore styrar på folkeskulen i Åkra krins. *Ingolv Ytreland* hadde klokkarposten frå 1. januar 1938 til han fall for aldersgrensa i 1965. Men han gjorde teneste til og med år 1970.

Fyrste klokkarane me veit noko om, gjekk inn i stillingen i unge år, og vart ståande til dei ikkje vann meir.

Året 1965 tok soknerådet opp spørsmål om kombinert klokkar- og diakonstilling. Det kan bli vanskeleg å løysa dette spørsmålet av di så mange sokner ropar etter diakonar.

Hjelparar i nyare tid

Då folket i Åkra sokn fekk att kyrkja si, heldt dei siste gudstenesta 11. mai 1820. Gudshuset var heilt skamfare av ver og vind, og hadde ikkje vore skikkeleg vølt på mange år.

Folket går straks i gang med nybygg, og fremste mennene i sokna tek seg av arbeidet: handelsmann og gjestgjevar Tørres Nielsen, Lars Didriksen Medhaug, Anders Johannessen og Abraham Tomassen Ysthus. Tørres Nielsen er kasserar..

Alle legg godviljen til, endå det ikkje kjem pengar til nybygget frå mannen som hadde mist egedomsretten til kyrkja og dessutan fått stor muklt.

Ut på hausten står kyrkja ferdig, og 5. november kan dei atter ha gudsteneste, og det i ny kyrkje. Sokneprest F. A. Krog skriv at dei hadde ei sømeleg vigsle på kyrkja den dagen, men ikkje bispevigsel, den kom fyrst 29. juli 1821, ved biskop Sørenssen.

Om kyrkjeverjene høyrd me lite før kyrkja vart sold. Dei hundre åra då ho var på framande hender, fekk dei ikkje gjera noko større, men straks etter kyrkja er bygd opp att, tek dei pliktene sine alvorleg og går inn i stillingen med stor interesse.

Medhjelparstillingen vart til ved kongebod i Kristian 4. si tid, året 1629. Det var i regelen to medhjelparar, oftast fleire. Dei skulle hjelpe prosten, og halda kyrkjeturkt, i saker som ikkje kom inn under domstolane. Dei var sjølvskrivne medlemer av fattigstyret til 1845, og i skulestyret sat dei til 1860. Til visitasane vart dei kalla inn, og var trugne til å møta. Kyrkjeverjene møter og fram.

Fleire av desse tillitsmennene sit i stillingen i mange år, blir valde inn på nytt og på nytt. Truleg har Elias Jakobsen Medhaug rekorden, med nær tretti års teneste som medhjelpar.

Det går ikkje alltid klårt fram av protokollane kva tid medhjelparane og verjene vart valde, — me veit berre at det og det året var dei med og styrte. Her nemner me dei, og gir opp årstal så nøye som det let seg gjera.

1828: Verje Govert Andersen Tjøsvoll. Medhjelparar: Peder Knudsen Mannes og Elias Jakobsen Medhaug.

1833: Verje Anders Davidsen, Åkra. Medhjelparar: Didrik Paulsen, Ysthus, Rasmus Vermundsen Munkejord, og dei som er nemnde i 1828.

1840: Verje Peder Olsen Vea. Medhjelparar: Kristoffer Munkejord og nokre av dei som stod før. To nye titlar kjem til det året. *Tilførordnede* og *Præstegjeldets Formænd*. I 1840 er namnet *kirkesanger* nyttta om klokkaren.

1842: Same verje som før, ny medhjelpar: Tørres Davidsen Vea, året 1843 møter heile formannskapet på visitasmøte. Truleg heldt kyrkjeverja, Peder Olsen Vea, fram to år til.

1845: Verje Andreas Hansen, som og var første ordføraren i Skudeneshavn kommune etter formannskapsloven frå 1837. Medhjelparane står frå før.

1847: Verje Anders Olsen, Åkra. Medhjelparen Elias Medhaug står framleis.

1849: Johannes Larssen, Åkra, har skrive namnet sitt, og det synest klårt at han er verje.

1853: Verje Peder Larssen, Åkra. Medhjelparar: Elias Medhaug og Didrik Paulsen, Ysthus.

1858: Verje Rasmus Rasmussen, Varne, formann: Jakob Eliassen Medhaug. Medhjelparar: Elias Torgilssel, Åkra, Vermund Rasmussen Munkejord.


1859: Same mennene som før.

Frå visitasprotokollen 1860 tek me med ei lita opplysning som ikkje har med verjer og medhjelparar å gjera, men er særmerkt for tida: «Blandt de midlertid ansatte Lærere, i alt 5, erklæredes Johannes Berdines Trulsen Hillesland af Sognepræsten at være prøvet og befunden duelig at være Skolelærer, hvorfor Beskikkelse nu vil blive ham meddelt.» Kyrkjeverje det året: Johannes Larssen Tangjerd. Medhjelparar: Vermund Rasmussen Munkejord og Knut Jakobsen, Åkra.

1861: Same mennene som før.

1862: Verje Anders Olsen. Medhjelparane frå året før.


1863: Mennene held fram.




*Andreas Hanssen
fyrste ordføraren i Skudenes.*



*Cornelius Corneliusen Haringstad
kyrkjeverje 1864—1866.*



Tønnes Egge, kyrkjeverje 1956—



*Johannes Simonsen Tveit,
Sevland. Verje 1888—1909.*



*Carl A. Hansen, Åkra.
Verje 1910—1916.*

- 1864: Verje Cornelius Corneliusen Haringstad.
1866: Verje Kristoffer Larssen, Haringstad. Medhjelparar: Vermund Rasmussen, Munkejord og Knut Jakobsen, Åkra. Same medhjelparane står til 1870. Då møtte ikkje kyrkjeverja på visitasen, av lovlege grunnar.
1879: Verje Anfin Tørressen Mannes. Medhjelparar: Johannes Simonsen Sevland og Vermund Rasmussen Munkejord.
1882: Verje Anfin Tørressen Mannes. Medhjelparar: Svend Davidsen Vea og Johannes Simonsen Sevland.
1885: Verje: Anfin Tørressen Mannes. Medhjelparar: Svend Davidsen Vea og Johannes Simonsen Sevland.
1887: Verje: Ole T. Akre. Medhjelparar: Ikkje nemnde. Verja får tolv kroner i løn det året.
1888: Verje: Johannes Simonsen Sevland. Årleg godtgjersle tolv kroner.
1899: Verje: Johannes Simonsen Sevland.
1907: Verje: Johannes Tveit.



*John T. Hauge.
Verje 1917—1935.*



*Simon Simonsen,
form. i soknerådet 1962*

1909: Verje: Johannes Tveit seier han kan ikkje vera verje lenger, og kyrkjetilsynet vel Carl A. Hansen, Åkra. Står ut 1916.

1917: Kyrkjeverje: John T. Hauge.

1936: Verje: Karl Hansen.

1956: Verje: Tønnes Egge.

Medhjelparane er ikkje nemnde i visitasprotokollane alle åra, så dei kan ein ikkje seia noko sikkert om. Men i møteboka for Åkra kyrkjetilsyn finn ein namna på dei mennene som har vore mest med der, og me nemner: R. Tjøsvold, B. Hillesland, dei var tilsyn saman med sokneprest Seip i hans prestetid. Dei stod saman med sokneprest Lea og i fleire år. I 1908 kjem Johan Hallingstad til, og Tønnes E. Akre.

Av dei som elles var mykje med i kyrkjeleg arbeid, må nemnast Jakob Nilssen Adland, Hans Salvesen, Åkrehamn, Johannes Liknes,

H. K. Johannessen, Sevlandsvik, Laurits Halvorsen, Heiå, Kristian Størkersen, Tomas Mandius Østhush, Rasmus Svendsen Vea.

Medhjelpar-stillinga fekk mindre å seia etter at sokneråda vart lovfeste. Dei siste medhjelparane i Åkra, Kristen Davidsen, Johannes Nielsen og Simon Simonsen, vart innsette ved gudstenesta 6. februar 1955 av prost Rognebakke. Dei fekk utnemningsbrev som lyder:

FRÅ STAVANGER BISPEDØMERÅD

Medhjelpar frå 1. januar 1955.

*I truskap mot Gud og ordninga i kyrkja vår skal han gjera si teneste og stydja presten med råd og hjelp. Han skal leva som det sørmer seg for ein kristen og ein tenar i Guds kyrkjelyd.
Gud gjev frimod og glede i tenesta!*

Karl Marthinussen

Utstyr til kyrkja

Bibelen, utgåva fra 1908.

Altarbok, nynorsk og bokmål, frå 1920 og 1966.

Tekstbok, nynorsk og bokmål.

Graduale, 1925 og 1958.

Salmebøker, 20 frå kyrkjeven, 25 frå kyrkjeforeningen, og mange eldre.

Landstads salmebok med Blix-salmane, to eksemplar. Noter i dei.

Lindemanns Koralbok, to eksemplar, frå 1896 og 1916.

Koralbok for Den Norske Kirke.

To store lysestakar av messing, på altaret.

Sjuarma lysestake av messing, på altaret.


To blomstervasar i sylv.
Blomstervase i krystall.
Altarkalk i sylv, tredelt, frå tre tidbolkar. Vart lånt ut til utstilling i Oslo i 1922.
Disk.
Oblatøskje.
Vinmugge, sylvlaggd tinn.
Femti særkalkar i sylv. Kokeapparat og varmetank.
Dåpsfat i tinn, merkt årstalet 1799.
Dåpsmugge i tinn.
Lysesaks i messing.
To altardukar av lin, med hekla border.
Fleire dukar til dåpen.
To messeskjorter.
To messehaklar.
Antependium.
Ull-løparar i midtgang og kor.

Altartavle, laga i 1660 åra, merkt 1663, av skotten Andrew Smith.
To brudstolar, kunst, laga i Kinsarvik.
To brudstolar med armstød.
To armstolar i eik, til prestesakristiet.
Tjue røyrstolar til barnesakristiet. Bord i røyr til barnesakristiet.
Bord med skuffer og hyller, til prestesakristiet.
Trestolar med firkanta sete, innfelt tau, seksten.
To søyler til blomsterpotter.
Tre offerkorger.
Kiste til offer.
Ti benker til midtgangen.
To sett elektriske julelys.
Elektrisk støvsugar.
To stativ med sjuaarma lysestake, av smijern.
To kyrkjeklokker.

Likbåre frå ekteparet Johnsen i Amerika. Til bruk inne i kyrkja.
Likbåre som fører kistene frå kyrkja til grava.

Senkeapparat.
Gravprotokollar.
To plenklipparar.
To brannslokkingssapparat.
To firkanta bøsser til pengeinnsamling, stod i si tid ved døra.
Åtte hagebenker.
To lyskastarar, gavé 1960, frå Helge Sævik, Olav Bergfjord og Gunnvald Tjøsvold.
Femtiåtte konfirmantkappar med stativ.
I prestesakristiet fotografi av sokneprestar og res.kap. frå 1758 til 1970.





Jesper Brochmand. Huspostil

Det indre livet

Det indre livet i kyrkja er hovudsaka. Det knyter seg til bøn, salmesong, skriftlesing, utlegging av Ordet, dåp og nattverd. Alt dette hører med, og di rikare denne åndelege sida er i kyrkjelivet, di sterke står kyrkja i folket. Vår Evangelisk Lutherske kyrkje har alltid hatt Ordet på førsteplassen. Det har vore og er forkynt, ikkje berre i sjølv preika, men og i bøn, salmesong og sakrament.

I tida etter Reformasjonen var presten ikkje berre hovudpersonen, han var så å seia alt i gudstenesta. Hadde han evne til å forkynna med styrke og varme, så fall ikkje preikene for lange, endå dei kunne vara i timevis. Presten var einaste forkynnaren, hans tale var lov for tilhøyrarane. Lange preiker heldt seg fleire hundre år i den Evangelisk Lutherske kyrkje, og kyrkjesundagen lærte folk det dei trond høyra til rett og sann kristentru og til sômeleg liv i kvardagen. Orthodoksi kallar me gjerne 1600 talet. Denne tida gav rik bokhaust. Den eine teologen steig fram etter den andre. Lærde verk skreiv dei, men mange av bøkene vart folkelesnad. Og så kom salmediktning til. Mykje av dei aller rikaste salmane er skrivne på 1600 talet.

Luthers skrifter må nemnast først. Han var reformator, han tolka Bibelen, den som han sjølv hadde ført over til tysk folkemål. Huspostilen hans vart snart omskriven til dansk, katekisma like eins. Fleire av bøkene hans finst her i våre kyrkjesokner den dag i dag. Og salmen *Vår Gud, Han er så fast en borg* kjenner alle som har gått gjennom barneskulen.

Men etter Luther kom lærefedrane, som me gjerne kallar dei, i Orthodoksi. *Henrich Müller* gav ut fleire bøker, kan henda *Evangeliiske Hierte-Speyl* er best kjent. Boka er på 1212 tette sider og har preiker til alle sundagstekstene. *Johan Gerhards* huspostil finn ein kanskje like ofte i heimane, og *Johan Arndt* var den mest populære i Åkra sokn og dei fleste stadene. Bøkene hans om *Den Sande Kristendom*, seks i talet, gir innføring i kristeleg tru og lære, og den store huspostilen hans fanst i endå fleire heimar, — denne siste var preik, sundags ettermiddag, i alle fall dei helgedagane det ikkje var preik. *Chr. Schrivers Sjeleskat*, to store band på til saman halv tredje tusen

Kraft- og saftfulde Kjerner
af
de Evangeliske Sandheder,
udtagen
af Dr. Martin Luthers
Kirke- og Husus-Postiller,
inneholdende
en fuldkommen Forklaring
over
alle Søn- og Fest-Dages Evangelier.

Oversat efter Benjamin Lindners Lydste. Udgave.

Til Kjeres Opbyggelse paany oplagt.

Christiansand, 1834.
Trykt hos D. P. Moe, og paa hans Forlag, af S. A. Steen.

Kirke og Huspostiller

tettskrivne sider var det fleire eksemplar av på våre kantar. *Jesper Brochmand* hører og ortodoksen til. Han var dansk, så den store huspostillen hans trøng ikke omskriving. Boka fekk inngang i heile Norge.

Til ortodoksiens hører fleire store salmediktatar. Den fremste i Skandinavia er *Thomas Kingo*, dansk biskop. Salmeboka hans vart godkjend i 1699 og slo gjennom både i Danmark og Norge. I våre sokner var ho i bruk til ho vart avløyst av Landstad i 1870 åra.

Dorthea Elgenbrektsdotter skreiv fleire samlingar med salmar og songar, t.d. *Sjælens Sangoffer* og *Taareoffer*.

Ei bok som vart kjær, heitte *En Christens Tankerøile*, men me veit ikkje forfattaren, endå jubelsalmen *Opp Søteste Sang* er teken or denne boka.

Ein Norsk prest, Mardus E. Volquartz, skreiv diktsamlinga *Sjælens Luth*, og frå tysk sette han om *Jesus, du min Glæde*.

Diktaren framom alle her i landet i ortodoksiens var presten i Alstadhaug, *Petter Dass*. Bøkene hans vart folkelesnad, helst *Nordlands Trompet*, *Bibelsk Visebog* og *Katekismussange*. Langt inn i vårt hundreår møtte ein eldre folk som kunne store stykke av desse bøkene utanåt.

Aller djupaste sanningane som salmar tolkar, finn me hjå *Paul Gerhardt*, tysk prest. Tyskarane reknar han for største salmeskalden dei har fostra. Me treng berre nemna *Er Gud for mig, så træde mig hvad der vil imod* og *Velt alle dine veie*.

Før me slepper ortodoksiens, må me nemna katekismene. Det kom fleire utgåver av dei på dansk til oss på 1600 talet. Bispane i Stavanger og Bergen gav ut kvar si katekisme, og prestar fylgte etter. Fleirtalet av presteskapet ville gjerne læra opp ungdomen i kristeleg kunnskap. Det kom til og med framlegg om klokkareksamnen. Klokkenaren skulle驱iva med opplæring, og prestane ha overhøyring tre gonger til året. På denne måten lærte ungdomen katekisma før dei fyrste gongen kom til nattverden.

Det kunnskapsgrunnlaget som ortodoksiens gav, braut ut i underleg kristenliv næste hundreåret. Utan ortodoksiens hadde me ingen pietistisk vekking fått. Konfirmasjonen 1736 var ei frukt av det som orto-

Johannes Goßner's Skatkiste,

inneholdende

bibelske Betragtninger paa hver Dag i Året,

Iedsgade af opbyggelige Salmer, til Fremme
af Husandagt og Gudsfrøgt.

Fra Tysk

ved

Oversætteren af „Scribers Sjæleksat“

Femte Udgave,
gjennemseet og bearbeidet
af
Hans Woll,
Rødefet.
Andet Stereotypoplag.



Kristiania.
J. W. Cappelens Forlag.
1897.

Goszners Skatkiste

doksen hadde lagt ned i folkesjela. Så kom den boka som forma norsk kristensyn meir enn noko anna bok i over hundreår, *Sandhed til Gudfrygtighed* av Erich Pontoppidan, dansk prest, som seinare vart bisp i Bjørgvin bispedøme. Den danske salmediktaren biskop Hans Adolph Brorson gav oss julesalmane, dei beste som er skrivne til julehelga. Ingen har sunge slik om julegleda som han. Den samlinga med sal-

mar som han gav ut under tittelen *Troens rare Klenodie og Svanesang* vart truleg aller kjæraste salmeboka, endå ho ikkje vart kyrkjesalmebok.

Tida kring 1800, opplysningsstida, gav ikkje mykje verkeleg kristteg litteratur i prosa eller poesi. Likevel vart ei av dei mest lesne andaktsbøkene skrivne nett då, av den tyske presten Johannes Goszner, som levde på same tid som vår eigen Hans Nielsen Hauge. Andaktsboka til Goszner heiter *Johannes Goszners Skatkiste* og kom i mange opplag. Ho er kjær lesnad i mange heimar i vår tid. Hjå oss hadde me Bjørgvinbispen Johan Nordahl Brun, som gav oss salmen *Jesus lever, graven brast og Jesus som iblant oss står*. Desse to salmane er nok til å sikra han eit av dei store namn i norsk kyrkjesoge. Presten Wilhelm Andreas Wexels, som var noko yngre, skreiv mange salmar, m.a. Å, tenk når engang samles skal, og *Så vide om land som sol mon gå*, dessutan *Andagtsbog for Menigmand*, og teologiske skrifter. Wexels hadde teke imot sterke impulsar frå *Grundtvig*, største salmediktaren i samtidta, kan henda den største som har levd i Skandinavia. Mange av salmane hans er like levande i dag som dei var for hundre år sia, t.d. *Kirken den er et gammelt Hus, Påskemorgen slukker sorgen* og mange fleire.

Den som sette størst merke etter seg i norsk kristenliv kring år 1800, var likevel lekmannen Hans Nielsen Hauge. Han vart ingen gammal mann, f. 1771, d. 1824, og mange av leveåra sine sat han i fengsel og fekk ikkje skriva stort då. Han vart folkevekkjaren. Botspreikene hans var noko heilt nytt, og dei slo ned alle stader der han kom. Mange stader vekte han sterkt uvilje og måtte lida forfylging, andre stader tok folk vel imot han, bøygde seg for bodskapen hans og vende om frå sitt verdslege liv. Hauge var ein ekte samfunnshyggjar, sette i gang sagbruk og møller, gav folk rettleiing i jordbruk og dyrestell m.m. Alt dette greidde han på reisene sine, då han før ikring og forkynnte Guds Ord. Hauge såg tidleg at det skrivne ordet hadde stor verknad på folket, og han gav seg til å skriva, endå han lite visste korleis han skulle stava dei enklaste ord. Men han arbeidde seg fram, og kom over vanskane. Straks etter den store opplevinga attom plogen ute på åkeren, tok han på med arbeidet *Betraktning over Verdens*

Six Bøger
om
den sande Christendom,
handlende om
sande Christnes salige Omvendelse, hjertelige Anger og
Ruelse over Synden, sande Tro og hellige Lebnet og
Omgjøngelse.

Af

Johan Arndt,
fordum Generalsuperintendent over Fyrstendømmet Lüneburg.

Hvortil er føjet
syv af den salige Mands Sendebreve

samt

hans Betenkning over den saakaldte tydiske Theologi, hans
Levnetsløb og tvende Testamenter

tilligemed hans

Paradiis-Urtegaard.

Efter den første danske Udgave (1743) til Tryffen befordret af
N. Ulness.

Daarlighed, som kom ut i 1796. Same året gav han seg i kast med *Christelige Lære, forklaret over Epistlerne og Evangelierne*. Dette er preiker til tekstene gjennom heile kyrkjeartet. Mange fleire bøker skreiv han, og endå styremaktene ei tid la ned forbod mot å prenta det som kom frå hans penn, hadde Hauge manuskript ferdige så snart forbodet vart avlyst. *Samling af religiøse Breve samt Hans Testament til sine Venner* bør nemnast, og så endeleg salmeboka hans. Hauge var ei av dei rikaste åndene i si samtid og fekk mykje å seia for folket på mange måtar, som me alt har sett. Skriftene hans vart spreidde landet rundt, og siste utgåvene er lesne den dag i dag.

Det er skrive mange bøker om Hauge. To teologar og ein jurist har teke doktorgraden på denne merkelege norske botspreikaren. Litt yngre enn Hauge var forstandaren for Brødresosieteten i Oslo, *Nils Johannes Holm*, dansk av fødsel. Samfunnet hans, dei Herrnhuttiske Brør, gjorde seg ikkje mykje gjeldande på våre kantar, men salmen til Holm, *Hvor salig er den lille flokk*, er ein av dei kjæraste i norsk salmeskatt. I 1827 gjekk Holm i gang med *Norsk Misjonsblad*, fyrste sjølvstendige kristelege bladet i landet. Det vart seinare til *Misjonsblad for Israel*. Brødrene var sentrale i si forkynning, evangeliet på Langfredagen var berande emne i tale og song. Songboka til *Berthe Canutta Årflot*, bondekone frå Sunnmøre, er sterkt farga av herrnhuttane, sml. songen *Akk, Lammets blod, det dyrebare blod*. To tyske prestar frå same tidsromet skreiv bøker som vart sette om til dansk og mykje spreidde i Norge. På våre kantar finn me boka om profeten Elias av *Krummacker*, ei av dei store bøkene. *Otto Funcke* vart endå meir lesen. Hans bøker er mykje enklare og mindre, så folk hadde råd til å kjøpa dei. I bokhyllene finn ein ofte mange bøker av Funcke.

Me har teke med nokre av dei viktigaste oppbyggelege bøker som vart lesne i Skudenes prestegjeld etter Reformasjonen. I mange heimar ligg det bokskattar som slekta i dag slett ikkje kjenner til, og mange har bøker som me ikkje har fått med. Men bokhylla var kjelda til kristeleg oppbygging i hundrevis av år då det berre var råd å få høyra Ordet forkynt i kyrkja ein gong om månaden eller så.


Bibelen, som fyrst året 1550 kom på dansk, var ei stor og dyr bok, og me veit ikkje om nokon på våre kantar hadde denne fyrste danske

utgåva. Eldste biblane er borte for lenge sia, men utgåver frå kring 1600 finst, om ikkje fullstendige, så finst dei likevel. Dei som hadde bibel og var flinke til å lesa, samla gjerne grannar og las til dei. Fart i arbeidet med å spreia Bibelen vart det ikkje før me fekk Det Norske Bibelselskapet året 1816. Fyrste utgåva av Nytestamentet sende Bibelselskapet ut året 1810. Frå den tida vart i alle fall Nytestamentet å finna i mange heimar, og med åra vart det alle manns eige. Det vart lesebok i skulen, jamsides med Grøgaards-boka, og folk lærte meir og meir å kjenna innhaldet. Frå vårt eige bibelselskap fekk me fullstendig utgåve av Bibelen året 1854, og den bibelutgåva har folk teke vare på, eit av dei aller gildaste arvestykke frå fedrane.

Og med dette er me komne til endes på denne utgreiinga om Åkra kyrkje, gudshuset som har kalla ættene til samling om verdiar som rekk ut over tida, om Ordet som aldri kan døy.

Klokkeklangen ber bod om gudsteneste kvar sundag og helgedag:

Land! Land! Land! Høyr Herrens Ord!



Nyklokka



Kjeldeskrifter

I. Leksika

1. Aschehougs Konversasjonsleksikon.
2. Kirkeleksikon for Norden.
3. Norsk Allkunnebok.
4. Norsk Personalleksikon.
5. Norsk Salmeleksikon.
6. Salomonsens Konversasjonsleksikon.

II. Historiske verk og skrifter.

1. Aschehoug: Det Norske Folks Historie.
2. Bakkevig: Kirkesalg i Karmsund og Sunnh.land. Hgsd. Dagblad
3. Bolling: Kyrkjeliv i Agder.
4. Eidhammer: Vats kyrje.
5. Fett: Norges Kirker i Middelalderen.
6. Mauland: Jelsa-prestane o.m.
7. Skadberg: Olavskyrja på Avaldsnes.
8. Svendsen: Kopervik som strandsted og ladested.
9. Telhaug: Falnes Kirke.
10. Thrap: Bidrag til Den Norske Kirkes Historie.
11. Welle: Kirkehistorie.
12. Wisloff: Den Norske Kirkes Historie I.
13. Aaflot: Den Norske Kirkes Historie II.
14. Rosseland: Olavskyrja på Avaldsnes.

III. Riksarkivet, Oslo. Statsarkivet Stavanger, Bergen, Kristiansand. Visitasprotokollane, Åkra, Kopervik, Karmsund. Protokollar frå kyrkjetilsyn og sokneråd i Åkra.

IV. Årsskriftene til Fedrane Kyrkje i Rogaland og Ætt og Heim.